



NYE VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Fellesnemnd for nye Volda kommune
Møtestad: Lidatun, Lid grendahus
Dato: 07.03.2019
Tid: 15:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til dei respektive servicekontora i Hornindal og Volda.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.



NYE VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 13/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 14/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 15/19	Ny skulekrins i Volda kommune
PS 16/19	Kommunedelplan for idrett og friluftsliv - høyring av forslag til planprogram og varsel om oppstart av planarbeid
PS 17/19	Organisering av lærlingordninga i Volda kommune - Handsaming i Fellesnemnda
PS 18/19	Revidering av forskrift om renovasjon og slam
PS 19/19	Orienteringssaker
OS 10/19	Utviding av kyrkjekontoret i Volda ved kommunesamanslåing
OS 11/19	Melding om politisk vedtak - Økonomistyring 2019
OS 12/19	Melding om politisk vedtak - Vidare prosess med kino og kulturhus i Volda sentrum
OS 13/19	Melding om politisk vedtak - Volda Campus Arena - kommunal deltaking i prosjekt
OS 14/19	Årsmøteprotokoll frå 20.02.19 - Volda Næringsforum
OS 15/19	Endringer i lokal struktur for Møre og Romsdal politidistrikt

PS 13/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 14/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Ivar Kongsvik	Arkivsak nr.:	2018/2054
		Arkivkode:	A20

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
15/19	Fellesnemnd for nye Volda kommune	07.03.2019

NY SKULEKRINS I VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Fellesnemnda for Volda kommune går inn for at det i samband med samanslåing av Volda og Hornindal kommunar vert opprette ny skulekrins som omfattar gamle Austefjord skulekrins, Bjørke, Viddal og Hornindal. Framtidige elevar frå Bueide får Hornindal skule som sin nærskule.*

Krinsen får namnet Austefjord/Bjørke/Hornindal skulekrins.

- 2. Elevar som har teke til ved Volda ungdomsskule får gå ferdig grunnskulen der viss dei ynskjer det. Volda kommune tek ansvar for kostnadene til skuleskyss for desse elevane.*

Vedleggsliste:

1. Austefjord grendalag -høyringsuttale
2. Utdanningsforbundet Volda - høyringsuttale
3. Utdanningsforbundet Hornindal - høyringsuttale
4. Annelin Wangen og Andreas Mork - høyringsuttale
5. Innbyggjarar på Kalvatn - høyringsuttale
6. Kalvatn grendalag - høyringsuttale
7. FAU Hornindal skule - høyringsuttale
8. SU Hornindal skule - høyringsuttale
9. Hornindal kommunestyre - høyringsuttale
10. Volda kommunestyre - vedtak, ber om utsett høyringsfrist
11. Elevrådet ved Austefjord skule - høyringsuttale
12. Høydal grendalag - høyringsuttale
13. FAU Austefjord skule - høyringsuttale
14. SU Austefjord skule - høyringsuttale
15. Kommunestyret i Volda - høyringsuttale
16. Tenesteutval for oppvekst og kultur - høyringsuttale

Uprenta saksvedlegg:

1. Opplæringslova
2. Udir-2-2012

Samandrag av saka:

Det er vedteke grensejustering som inneber at grunnkrinsane Bjørke og Viddal i Ørsta kommune skal høyre til nye Volda kommune. Det inneber at det må takast stilling til kva skulekrins Bjørke og Viddal skal høyre til i den nye kommunen.

Skulekrinsar er eigd og vert forvalta av kommunen. Når kommunar slår seg saman, må skulekrinsane få nye namn viss det er naudsynt. Grunnkrinsar bør ligge til grunn, men det er ikkje eit krav. Det er vanleg at fleire grunnkrinsar utgjer ein skulekrins.

Ved kommunesamanslåing vil den største kommunen behalde sine grunnkrinsnummer –og namn. Den mindre kommunen vert tildelt delområdenummer som fyl etter numra i den største kommunen.

Saksopplysningar/fakta:

I opplæringslova § 8-1 første ledd og andre punktum heiter det:

Grunnskuleelevar har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.

Skulekrinsgrenser gir oversikt over kva for område i kommunen som soknar til kva for skular. Lova gir kommunen rett til å velje om den vil nytte seg lovheimelen til å utarbeide forskrifter om skulekrinsgrenser. Denne lovheimelen er gitt for å kunne gjere det føreseieleg for innbyggjarane i kommunen, og er særleg viktig for foreldre og elevar. Vidare styrer det den kommunale sakshandsaminga ved tildeling av skuleplass og den sikrar likehandsaming.

Forskrift om skulekrinsgrenser skal vere ein funksjon av korleis nærskuleprinsippet skal ivaretakast for den enkelte elev i kommunen. Det ligg ikkje innanfor det kommunale handlingsromet eller sjølvstyre å fastsetje forskrifter i strid med nærskuleprinsippet.

Forskrifter om skulekrinsgrenser er likevel ikkje til hinder for at det kan søkast om å gå på annan skule enn nærskulen. Så lenge dei føresette tek hand om evt skyss, og det ikkje påfører kommunen ekstra kostnader på andre måtar, har slike søknader til vanleg vorte imøtekomne i Volda kommune.

Nokre kommunar har valt ikkje å gje forskrifter om skulekrinsgrenser i det heile.

Fellesnemnda skal samordne og ta seg av førebuinga med samanslåinga for nye Volda kommune. Utover dei lovbestemte oppgåvene for fellesnemnda (fastsett i inndelingslova § 26), kan kommunestyra fastsetje andre arbeidsoppgåver og fullmakter for fellesnemnda i reglement/vedtekter/forskrifter. Fastsetjing/ending av skulekrinsgrenser i ny kommune er ei av mange naudsynte førebuingar for ny kommune, og kan slik sett naturleg høyre til under dei oppgåvene som fellesnemnda skal løyse.


Reglement/vedtekt for fellesnemnda til nye Volda kommune seier ikkje spesifikt om fastsetjing av nye skulekrinsgrenser. Spørsmålet blir då kor vide fullmakter kommunestyra har meint å gje fellesnemnda.

Fellesnemnda har fått fullmakt til å «Gjere vedtak om andre spørsmål som er knytt til samanslåingsprosessen og tilhøve som gjeld ny kommune». Vedtak om skulekrinsgrenser må kunne seiast å vere ei sak knytt til samanslåingsprosessen, og at fellesnemnda med det har fullmakt til å ta avgjerd.

Administrasjonen har i høyringsnotatet fremja fire ulike alternativ:


Alternativ 1

Det vert oppretta ein ny skulekrins som inkluderer tidlegare Austefjord skulekrins, Hornindal, Bjørke og Viddal.




Alternativ 2

Bjørke og Viddal vert teke inn i Stor-Øyra krins. Hornindal vil då vere eigen skulekrins. For høvesvis barneskule og ungdomsskuleelevane vert Austefjord og Volda ungdomsskule nærskulen for elevane.




Alternativ 3

Kalvatn grunnkrins, Bjørke, Viddal og Hornindal som ein skulekrins. Hornindal skule vert då nærskulen for elevane.



Alternativ 4

Hornindal, Bjørke og Viddal som ein skulekrins. Hornindal skule vert nærskulen for elevane i krinsen.



Saka har vore til høyring, og uttalane som er komne ligg ved saka. Ei kort oppsummering av dei innkomne innspela er lista opp under:

Hornindal kommune

Kommunestyra i Hornindal og Volda er høyringspartar i saka. Hornindal kommunestyre har fatta følgjande vedtak som uttale i saka:

Hornindal kommune tilrår at det vert oppretta ny skulekrins som inkluderar tidlegare Austefjord skulekrins, Hornindal, Bjørke og Viddal (alternativ 1)

Samarbeidsutvalet ved Hornindal skule

Samarbeidsutvalet peikar på at alternativ 1 er i tråd med intensjonsavtalen mellom Volda og Hornindal kommunar, og har gjort vedtak om å tilrå at det vert oppretta ein ny skulekrins som inkluderer tidlegare Austefjord skulekrins, Hornindal, Bjørke og Viddal (alternativ 1).

FAU ved Hornindal skule

FAU vurderer det som mest formålstenleg og framtidsretta å gå for alternativ 1, der Hornindal, Bjørke, Viddal og tidlegare Austefjord skulekrins vert slått saman, og ein har to skular i same krins.

Austefjord grendalag

Foreldra i Austefjorden ynskjer ikkje at Austefjorden skal gå inn i opptaksområdet til Hornindal skule. Dei vil oppleve det som tungvint å ha borna på Hornindal skule, og det vil bli utfordrande i kvardagen.

Elevrådet ved Austefjord skule

Elevrådet ynskjer at Bjørke og Viddal skal bli ein del av Stor-Øyra skulekrins, og dei ynskjer elevane frå Bjørke og Viddal attende til Austefjord skule.

FAU Austefjord skule

FAU er samrøystes i si tilråding om å gå for alternativ 4. Det vil seie at Hornindal, Bjørke og Viddal vert ein skulekrins og at Austefjorden framleis høyrer til Stor-Øyra skulekrins.

Samarbeidsutvalet ved Austefjord skule

Samarbeidsutvalet ved Austefjord skule går inn for alternativ 4 som tyder at Bjørke, Viddal og Hornindal vert ein skulekrins. Austefjord vil då framleis vere ein del at Stor-Øyra skulekrins.

Høydal grendalag

Høydal grendalag går inn for alternativ 2 som inneber at Bjørke og Viddal vert teke opp i Stor-Øyra skulekrins. Grendalaget ser det som svært viktig å halde oppe grunnlaget for å behalde barnehage og skule i Austefjorden.

Kalvatn grendalag

Kalvatn grendalag stiller seg bak FAU ved Austefjord skule, som tyder at ein går inn for alternativ 4 der Hornindal, Bjørke og Viddal vert ein skulekrins og Austefjorden høyrer til Stor-Øyra skulekrins. Grendalaget meiner samstundes at foreldre må kunne velje den skulen dei meiner er best for sitt barn utan at eit spesifikt krinsval vil gje skysskostnad eller at ein fell ut av den skyssordninga som er gjeldande.

Administrasjonen sin kommentar:

Opplæringslova opnar for å søke om å gå på annan skule enn nærskulen. I praksis tyder dette at ein kan søke om å gå på skule i ein annan skulekrins. Volda kommune har hatt ein liberal praksis i handsaminga av slike søknader så lenge eit skulebyte ikkje påfører kommunen ekstra kostnader. Ein må då vere budd på å organisere og dekke kostnadene med skyss til og frå skulen.

Innbyggjarar på Kalvatn

Tre familiar på Kalvatn har sendt inn ein uttale i saka. Dei ynskjer at borna skal gå på skule i Hornindal, og legg vekt på at skulen der har ein fin storleik med omsyn til elevtal, og dei får gå på same skulen heile grunnskuleløpet. I så måte tenker dei på stabilitet og omsynet til barnet sitt beste.

Familiane ynskjer at Kalvatn grunnkrins skal vere i skulekrins saman med Viddal, Bjørke og Hornindal.

Utdanningsforbundet i Volda kommune

Utdanningsforbundet viser til lokallaget i Austefjorden som ser alternativ 4 som det mest aktuelle alternativet. Det tyder Hornindal, Bjørke og Viddal som ein skulekrins.

Andre lokallag i Utdanningsforbundet er opne for alternativ 1 som tyder ein ny skulekrins som inkluderer Austefjord, Hornindal, Bjørke og Viddal.

Fagforbundet i Volda stiller seg bak høyringssvaret til Utdanningsforbundet.

Utdanningsforbundet i Hornindal kommune

Utdanningsforbundet i Hornindal kommune støttar alternativ 1 i administrasjonen sitt framlegg. Det tyder ein ny skulekrins som inkluderer tidlegare Austefjord skulekrins, Hornindal, Bjørke og Viddal.

Annelin Wangen og Andreas Mork

Wangen og Mork bur i Skjåstaddalen, og meiner Bjørke og Viddal bør høyre til Austefjorden. Det vert argumentert med at det er lang tradisjon for at elevar frå Bjørke går på skule i Austefjorden, og det vert ei økonomisk belastning for folk i arbeid om ein må køyre om Hornindal for å levere/hente kvar dag.

Administrasjonen sin kommentar:

Viss elevar frå Bjørke og Viddal skal gå på skule i Austefjorden, vil det i praksis tyde at det geografiske området må bli ein del av Stor-Øyra skulekrins. Ungdomsskuleelevane vil då få Volda ungdomsskule som sin nærskule, og det er vanskeleg å sjå at det vil vere ein funksjon av nærskuleprinsippet så lenge det er vesentleg kortare avstand frå Bjørke og Viddal til ungdomsskulen i Hornindal. Når det gjeld køyring av skuleborn er det slik at alle elevar frå Bjørke og Viddal vil ha rett til fri skuleskyss. Denne retten gjeld ikkje til og frå skulefritidsordning.

Skuleskyss

Elevar i 1. klasse med meir enn 2 km til skulen og elevar i 2.-10. klasse med meir enn 4 km til skulen har rett til skuleskyss. Denne retten er heimla i opplæringslova § 7-1, og ansvaret for skuleskyssen er heimla i § 13-4.

§ 7-1. Skyss og innlosjering i grunnskolen

Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

§ 13-4. Ansvaret for skoleskyss m.m.

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for grunnskoleelevar og vaksne. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i kapittel 7. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen skal organisere skoleskyssen i samråd med kommunen. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skoleskyssen skal organiserast og finansierast, kan departementet gi pålegg.

Møre og Romsdal fylkeskommune si samferdsleavdelinga har vore høyringsinstans i saka, men har ikkje kome med ei fråsegn. I telefonsamtale med skyssansvarleg i fylkeskommunen har sakshandsamar fått opplyst at ein ikkje ser vanskar med å organisere ein forsvarleg og formålstensleg skyss for ungdomsskuleelevar frå Austefjorden til Hornindal skule.

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen har teke utgangspunkt i intensjonsavtalen mellom Volda og Hornindal kommunar i si tilråding. I intensjonsavtalen som er vedteke av kommunestyra i Volda og Hornindal kommunar heiter det under punkt 3 Betre tenester:

Austefjord skal inngå i opptaksområdet til Hornindal skule.

Denne saka eit viktig strategisk val for den nye kommunen i høve til skuletilbodet i den indre delen av kommunen. Intensjonsavtalen var også det framforhandla grunnlaget som kommunestyra i Hornindal og Volda bygde på for å ta stilling til om dei to kommunane skulle slå seg saman. Alternativ 1 vil samle eit større geografisk område til ein skulekrins, og i eit framtidsperspektiv best sikre elevgrunnlag for grunnskuletilbod i denne delen av kommunen.

Så lenge det er drift i begge skulebygningane vil det ikkje få innverknad på kva skule barneskuleelevane får tildelt skuleplass. Einaste unntaket er evt elevar frå Bueide, som får definert Hornindal skule som sin nærskule. Dette unntaket er for å sikre elevar samanhengande skuleskyss. Det er pr i dag ikkje elevar busette på Bueide, og rektor ved Austefjord skule kjenner ikkje til at det vil kome elevar derifrå i nær framtid.

Alternativ 1 får størst konsekvensar for ungdomsskuleelevar i Austefjorden. Dei vil få Hornindal skule som sin nærskule, og ikkje Volda ungdomsskule som i dag.

Viss framtida skulle vise at det ikkje er grunnlag for drift ved Austefjord skule, vil også barneskuleelevane få Hornindal skule som sin nærskule

Alternativ 2 der Bjørke og Viddal går inn i Stor-Øyra krins finn administrasjonen å vere strid med opplæringslova sidan ei forskrift om skulekrinsgrenser skal vere ein funksjon av nærskuleprinsippet. Dette alternativet vil definere Volda ungdomsskule som nærskule for ungdomsskuleelevane frå Bjørke og Viddal, og sidan dei då vil få lengre skuleveg til Volda ungdomsskule enn dei vil få til Hornindal skule, kan det ikkje seiast å vere i tråd med føringane i lova.

Alternativ 3, der Kalvatn grunnkrins, Bjørke, Viddal og Hornindal vert ein skulekrins, er det alternativet som ligg nærast intensjonsavtalen. Det tyder at elevar frå Kalvatn, Osdalen og Bueide får Hornindal skule som sin nærskule. Dette alternativet utvidar opptaksområdet til Hornindal skule, og kan slik styrke elevgrunnlaget i framtida.

Dette alternativet vil kunne få konsekvensar for Austefjord skule ved at elevtalet kan verte svært lågt, og slik truge grunnlaget for drift der.

Frå grendalaget og innbyggjarar i Kalvatn grunnkrins har det kome uttalar som talar både for og mot dette alternativet.

Alternativ 4 speglar praksis slik den er i dag. Elevane frå Bjørke og Viddal går på barne- og ungdomsskule i Hornindal, medan elevane i gamle Austefjord skulekrins går på barneskule i Austefjorden og ungdomsskule i Volda.

Gjennom intensjonsavtalen vurderer administrasjonen at Hornindal og Volda kommunar som skuleeigarar har gitt tydeleg signal om at alternativ 1 i høyringsdokumentet skal vere det framtidige opptaksområdet til Hornindal skule.

Administrasjonen har ikkje funne tungtvegande moment som talar mot ein skulekrins som inkluderer tidlegare Austefjord skulekrins, Bjørke, Viddal og Hornindal, og finn såleis ikkje å kunne tilrå noko anna enn det dei to kommunestyra har inngått intensjonsavtale om.

Administrasjonen sitt framlegg til namn på den nye skulekrinsen er *Austefjord/Bjørke/Hornindal skulekrins*.

Administrasjonen rår frå å vurdere alternativ 2, sidan dette alternativet ikkje gir ungdomsskuleelevar frå Bjørke og Viddal høve til å gå på den næraste skulen.

Administrasjonen vil etter kommunesamanslåinga førebu ei orienterende sak for kommunestyret i nye Volda kommune som samanfattar tidlegare vedtak om forskrifter om skulekrinsgrenser i eitt dokument.

Barnets beste

Jfr Barnekonvensjonen artikkel 3, skal barnet sitt beste vere eit grunnleggande omsyn i saker som vedkjem barn.

Når vi vurderer barnets beste, gjeld dette både individuelt for det eine barnet, men og for barna i kommunen samla sett. Barneombodet formulerer det slik:

Når voksne skal bestemme noe som har med deg som barn å gjøre, så skal de tenke på hva som er best for deg. Dette gjelder også når voksne bestemmer noe som gjelder alle barn i Norge, eller en gruppe barn, f.eks i kommunen du bor i.

Noen ganger kan voksne bestemme noe annet enn det som er best for barn, men da skal de ha veldig gode grunner for det.

Administrasjonen si tilråding vil ikkje føre til endringar for barneskuleelevane ved Austefjord og Hornindal skular. Så lenge det er to barneskular i krinsen, er det nærskuleprinsippet som avgjer kva skule det enkelte barn skal gå på.

Ungdomsskuleelevane i gamle Austefjord skulekrins vil få ny nærskule med administrasjonen si tilråding. I nokre av høyringsuttalane vert det påpeika at mange barn, unge og vaksne i Austefjorden har fritidsaktivitetar i Volda og har oppretta gode relasjonar der. Grendautvalet i Austefjorden påpeikar at det er oppretta gode skyssordningar i retning Volda samt at foreldre som arbeider i Volda/Ørsta vil oppleve det som tungvint å ha elevane på Hornindal skule. Her har det også vorte peika på tannhelsetenesta og ulempene ved å få elevane til denne. Til orientering er det i desse dagar dialog med Fylkeskommunen om ein klinikk lokalisert til Hornindal. Det er pr i dag ikkje avklara om dette kan bli ein realitet.

Desse omsyna skal vegast mot skuleeigar sine vurderingar kring formålstenlege skulekrinsgrenser i framtida. Tilrådinga vil kunne styrke elevgrunnlaget ved Hornindal skule, og bidra til eit godt fagleg og sosialt tilbod for alle elevane i krinsen. Så lenge strukturen er som i dag, vil det ikkje ha innverknad for barneskuleelevane. Ungdomsskuleelevane vil få sitt tilbod i gode fysiske omgjevnader i Hornindal, og for skuleeigar vil det kunne vere tungtvegande å sikre eit best mogleg elevgrunnlag for ungdomssteget ved Hornindal skule i framtida.

Opplæringslova opnar for å kunne søke om å gå på annan skule enn nærskulen, og praksis har vore at slike søknader er imøtekomne viss det ikkje påfører kommunen ekstra kostnader.

I sum er det administrasjonen si vurdering at omsynet til barnet beste er vurdert, og ein finn ikkje at tilrådinga går på tvers av det som er til det beste for både enkeltelevar og for elevane i kommunen samla sett.

Økonomiske konsekvensar:

I tilrådinga til vedtak ligg det at ungdomsskuleelevar som har byrja på Volda ungdomsskule får avslutte grunnskulen der viss dei ynskjer det. Sidan dette ikkje lenger er nærskulen til elevane, må Volda kommune vere budd på ein meirkostnad i samband med skuleskyssen. Volda kommune gjorde i samband med flyttinga av ungdomssteget i Austefjorden vedtak om å forbetre skuleskyssen for desse elevane, og betalar i dag om lag kr 200 000,- pr år ekstra for denne skyssen. Denne meirkostnaden må kommunen vere budd på medan elevar som har byrja på Volda ungdomsskule avsluttar grunnskulen der.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjurgard
prosjektleiar

Per Ivar Kongsvik
kommunalsjef oppvekst

Utskrift av endeleg vedtak:

Volda kommune
Hornindal kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune - samferdsleavdelinga

Høyringsuttaling skulekrinsar i Nye Volda kommune

Jmf runskriv Udir2-12, vil Austefjord Grendalag komme med følgjande uttale i saka, som omhandler kva for kringsgrenser som skal gjelde for Austefjord skule.

Austefjord Grendautval sender inn høyringsuttaling på vegne av innbyggjarane frå Nes- Fyrde - Håvika- Ullaland.

Austefjord skulekrins høyrer til per i dag under Stor -Øyra skulekrins dette vart vedtatt 30.01.2014. I følgje intensjonsavtalen mellom Hornindal kommune og Volda kommune står det at Austefjord skal inngå i opptaksområdet til Hornindal skule.

På folkemøte 6.desember 2018 kommer det tydelig frem at foreldra i Austefjord ikkje ønskjer å gå inn i opptaksområdet til Hornindal skule. Argumenta til foreldra er at:

- Foreldra arbeidar i Volda/Ørsta området og opplever det då som tungvindt å ha barna på Hornindal skule. Dei har ikkje noko imot Hornindal, men den praktiske kvardagen gjer det utforandrande å ha barna i Hornindal skule.
- Nokon av borna går på aktiviteter ute i Volda/Ørsta per i dag og ønsker å forsette med dette. Det har blitt opprettet gode relasjonar gjennom aktiviteter.
- Spesialisthelsetenesten som nyttast av barn og ungdom er i Volda.
- Det er allereie opprettet gode skuleskyss ordningar mot Austefjord skule og vidare til Volda sentrum.
- Ungdomselever starta frå 2018 ved Øyra ungdomskule, og ynskjer å forsette sin skulegang der.

Foreldra har eit sterkt ønske om å verte høyrte i denne saken. Ordfører i Hornindal var veldig klar på folkemøte 6.desember 2018 at intensjonsavtale er vanskelig å gå tilbake på. Han gjentok gang på gang at intensjonsavtalen kunne ein ikkje berre kaste over ripa. I og med intensjonsavtalen vart skrevet utan at foreldra vart spurt ber vi at foreldra vert høyrde nå.

Mvh
Austefjord Grendalag
v/Lise Charlotte Ekros

Fra: Utdanningsforbundet Volda[post@Volda.utdanningsforbundet.no]
Sendt: 07.01.2019 10:17:09
Til: Postmottak Volda
Kopi: Oddbjørg Yksnøy Rangseter
Tittel: Saksnr 2018/2054. Utdanningsforbundet Volda sitt høyringsvar.

Høyring skulekrinsar i nye Volda kommune
Saksnr 2018/2054. Utdanningsforbundet Volda sitt høyringsvar:

UTTALE OM SKULEKRINSAR I NYE VOLDA KOMMUNE

Klubben ved Austefjord skule er dei som kjenner best til utfordringsbiletet og deira sitt syn på saka vil vere viktig å ta med seg før ein konkluderer. Klubben ved Austefjord skule ser på alternativ 4 som det mest aktuelle alternativet.

Alternativ 4: Hornindal, Bjørke og Viddal som ein skulekrins, med Hornindal skule som nærskule for elevane i krinsen, er det mest naturlege valet.

Austefjord skule høyrer no til Stor-Øyra krins, og samarbeider tett med skulane i sentrum. Dei har òg sendt frå seg elevar til ungdomsskulen i Volda, og har inntrykk av at dei vil halde fram med det. Fritidsaktivitetane til elevane er i Volda (eller Austefjorden), og foreldra køyrer stort sett til Volda/Ørsta for å arbeide.

Andre klubbar som har uttala seg i Stor-Øyra krins er opne for alternativ 1: Ein ny skulekrins som inkluderer Austefjord, Hornindal, Bjørke og Viddal, men under førutsetnad at ungdomsskulelevane frå Austefjord kan velje kva ungdomsskule ein vil gå på (Hornindal eller VUS).

Vi håper at politikarane gjer eit vedtak som er til det beste for dei fleste i det lange løp.

Fagforbundet Volda stiller seg bak høyringsvaret til Utdanningsforbundet Volda.

Sirikit Vågen
Lokallagsleiar/HTV UDF Volda

Oddbjørg Yksnøy Rangseter
HTV Fagforbundet Volda

Beste helsing
Sirikit Vågen
HTV og lokallagsleiar Utdanningsforbundet Volda
900 56688

- Tenk på miljøet før du skriver ut denne e-posten. Denne e-post er kun beregnet for den person/de personer den er rettet til. E-posten kan inneholde fortrolig informasjon. I tilfelle feiloverføring/feilsending skal e-posten slettes. Det gjøres oppmerksom på at enhver form for bruk av opplysningene mottatt ved feiloverføring/feilsending ikke er tillatt. Ved feiloverføring/feilsending vennligst kontakt avsender eller post@utdanningsforbundet.no, eller ring 24 14 20 00.

Fra: Utdanningsforbundet Hornindal[post@Hornindal.utdanningsforbundet.no]

Sendt: 07.01.2019 09:10:00

Til: Postmottak Volda

Tittel: Skulekrinsar i Nye Volda

Uttale skulekrinsar Nye Volda.

Utdanningsforbundet Hornindal støttar alternativ 1 i administrasjonen sitt framlegg.

Det vert oppretta ein ny skulekrins som inkluderer tidlegare Austefjord, Hornindal, Bjørke og Viddal skulekrinsar.

Utdanningsforbundet Hornindal

Idar Holen

Lokallagsleiar

Utdanningsforbundet Hornindal

- Tenk på miljøet før du skriver ut denne e-posten. Denne e-post er kun beregnet for den person/de personer den er rettet til. E-posten kan inneholde fortrolig informasjon. I tilfelle feiloverføring/feilsending skal e-posten slettes. Det gjøres oppmerksom på at enhver form for bruk av opplysningene mottatt ved feiloverføring/feilsending ikke er tillatt. Ved feiloverføring/feilsending vennligst kontakt avsender eller post@utdanningsforbundet.no, eller ring 24 14 20 00.

Fra: Annelin Wangen[annelin.wangen@gmail.com] Sendt: 06.01.2019 22:24:31 Til: Postmottak Volda Tittel: Saksnr 2018/2054

Hei.

Her kjem nokre innspel til høyringsuttale ang. skulekrins.

1. Naturleg val vil vere Austefjord fordi å skulle levere i barnehage og skule/sfo vil verte tungvindt og ikkje mogleg for dei som arbeider 100% i Ørsta/Volda. Ein av dei føresette må då arbeide redusert for å kunne hente/levere. Dette er ikkje haldbart når ein har investert pengar i bolig og div for å satse på å bu på bygda.
2. Ein bør skape eit sterkt samhald mellom bygdene i utkantane. Då er det naturleg at Honndalen er ein skulekrins, medan Bjørke/Viddal/Kalvatn bør høyre til Austefjord. Ein har og ein lang tradisjon for at Bjørke høyrer til Austefjord krins.
3. Om ein skal snakke om skulenedlegging så vert ikkje elevgrunnlaget betre av å ta elevane ut der i frå. Dette gjeld for så vidt barnehage og.
4. Logistikken for å ha elevane i Honndalen vil ikkje skape vekst på bygdene. Dette fordi ingen vil satse på å bygge og bu når ein må arbeide redusert for å få hente/bringe. Dette er heller ikkje samfunnet lagt opp til i dag då kommunane legg vekt på heilskapskultur og vil ikkje at folk skal gå i reduserte stillingar. Kommunene vil ha folk i 100% arbeid. Det er heller ikkje etter intensjonsavtalane med å få levande bygder, når det ikkje er økonomisk mogleg for folk å etablere seg der når ein må arbeide redusert.
5. Om ein må køyre om Honndalen å levere barn går det vekk ganske mykje tid i køyring. Dette går ut over kvalitetstid med barna. Ein får mindre tid saman med barna, dette er ikkje bra i ein elles ganske stressande kvardag.

Det er ikkje slik at ein er i mot Honndalen eller skulen/barnehage/folket der, men det vert ei økonomisk belastning for folk i arbeid om ein må køyre om Honndalen å levere/hente kvar dag. Det vert ein ganske lang omveg for folk som arbeider i Ørsta/Volda.

--

Mvh

Andreas Mork

Annelin Wangen

Høyringsvar skulekrinsar i Nye Volda kommune Saksnr 2018/2054

I 2012 opna kvivsvegen som gjorde at kommunikasjonstilhøva endra seg radikalt, og vi fekk ein heilt ny bu og arbeidsmarknad her i området. Hornindal skule har ein fin storleik med omsyn til talet på elevar pr klasstrinn, og i tillegg kan dei gå alle trinna 1.-10. på den same skulen og det er veldig bra. Det kan vere dramatisk å bli riven opp frå det kjende miljøet på ein liten skule, og bli sendt på ein stor ungdomskule der ein kanskje kjenner veldig få personar frå før. Dette skjer evt når dei er 12-13 år gamle, som er ein ganske sårbar alder. Stabilitet er viktig, og vi tenkjer på barnets beste når vi veljer skule. Eit moment til er at når borna her startar på ungdomskulen får dei den kortaste reisevegen til Hornindal skule.

Vi er familiar som soknar til Kalvatn grunnkrins som vil/kan kome til å ha born i skulealder der i nær framtid. Vi ynskjer alternativ 3, at Kalvatn grunnkrins skal vere i skulekrins saman med Viddal, Bjørke og Hornindal. Det er viktig for oss å få på plass dette, slik at vi er sikra skuleskysstoring til Hornindal skule. Vi ynskjer også å gi vår støtte til ein desentralisert skulestruktur i framtida, ved å styrke Hornindal skule. Vi minner også om intensjonsavtalen mellom Volda og Hornindal, der det står at Austefjord skal inngå i oppdaksområdet til Hornindal skule. Kommunene bør ikkje slåast saman utan at dette punktet i det minste blir delvis oppfylt. Dette kan t.d. gjerast ved at Kalvatn blir tilhøyrande Hornindal skulekrins.

Under ser de støtta vi har for dette alternativet.

Familie:
Joakim Kalvatn
Marthe Kalvatn
Familie:
Sivert Kalvatn
Britt Elin Frøysa
Familie:
Sofie J Avert
Ester Kalvatn

Høyringsuttale frå Kalvatn grendalag vedrørande skulekrinsar i nye Volda Kommune.

Kalvatn grend har per i dag 11 born i alderen 0-16 år fordelt på 6 familiar. Dei to eldste går på vidaregåande i Ørsta og ungdomsskule i Volda. Fire av borna går på skule i Austefjord og eit born går i Austefjord barnehage. Tre av borna går i barnehage i Hornindal. Eit born er under barnehagealder.

Dei som vel å bruke barnehage i Hornindal gjer dette fordi det passar best for deira familiesituasjon med tanke på arbeid i den retninga eller at barnet allereie har starta i barnehagen der før dei flytta hit.

Det er delte meiningar i grenda for kva skulekrins ein bør tilhøyre.

Kalvatn grendalag stiller seg bak uttalen til FAU ved Austefjord skule.

Vi meiner likevell at foreldre må kunne velje den skulen dei meiner er best for sitt born uten at eit spesifikt krinsvalg vil gi skysskostnad eller at ein fell ut av den skyssordninga som i dag er gjeldande.

Dersom Bjørke og Viddal skal fortsette å gå på skule i Hornindal, bør det ikkje vere noko problem at dei frå Kalvatn som evt. ynskjer skule i Hornindal kan nytte skuleskyssen som allereie går frå Bjørke til Hornindal.

Med venleg helsing

Kalvatn grendalag

Fra: Anita Brenna Muldsvor
Sendt: torsdag 22. november 2018 13:03
Til: Ann Kristin Langeland
Emne: Skulekrinsar i Volda 2020

Hei!

Vi har hatt møte i FAU, der ein av sakene var høring av skulekrinsar i nye Volda kommune frå 2020. Tilbakemeldinga frå FAU på dette er at vi vurderar det som mest hensiktsmessig og framtidsretta å gå for alternativ 1, der Hornindal, Bjørke, Viddal og tidlegare Austefjord skulekrins vert slått saman, og at ein beheld to skular i same krinsen.

Med helsing
Anita Brenna Muldsvor
-leiar FAU-



Hornindal kommune

Oppvekst- og kultur

Volda kommune Skuler Sfo og Barnehager
Stormyra 2
6100 VOLDA
Per Ivar Kongsvik

Vår ref:
18/548-6/ FE-033

Dykkar ref.

Dato:
18.12.2018

Skulekrinsar i Volda – høyringsuttale, ref saksnr 2018/2054.

Bakgrunn for saka:

Samarbeidsutvalet ved Hornindal skule er inviterte til å gje høyringsuttale i sak om Skulekrinsar i Nye Volda kommune. Høyringsfristen er sett til 07.01.2019.

Saksopplysningar

Det er vedteke grensejustering som inneber at grunnkrinsane Bjørke og Viddal i Ørsta kommune skal høyre til nye Volda kommune. Det betyr at det må takast stilling til kva skulekrins Bjørke og Viddal skal høyre til.

Forskrift om skulekrinsgrenser skal vere ein funksjon av korleis nærskuleprinsippet skal ivaretakast for den enkelte elev i kommunen.

I intensjonsavtalen mellom Hornindal og Volda kommunar heiter det mellom anna:

Austefjord skal inngå i opptaksområdet til Hornindal skule.

Drøfting

Det er lagt fram fire alternative forslag til skulekrinsgrenser:

1. Det vert oppretta ein ny skulekrins som inkluderer tidlegare Austefjord skulekrins, Hornindal, Bjørke og Viddal.
2. Bjørke og Viddal vert teke inn i Stor-Øyra krins. Hornindal vil då vere eigen skulekrins. For høvesvis barneskule og ungdomsskuleelevane frå Bjørke og Viddal vert Austefjord skule og Volda ungdomsskule nærskulen for elevane.
3. Kalvatn grunnkrins, Bjørke, Viddal og Hornindal som ein skulekrins. Hornindal skule vert då nærskulen for elevane.
4. Hornindal, Bjørke og Viddal som ein skulekrins. Hornindal skule vert nærskulen for elevane i krinsen.

SU har gått gjennom dei 4 alternativa.

Alternativ 1 er det forslaget som er i tråd med intensjonsavtalen mellom kommunane.

Ein ville då ha ein skulekrins med to skular: Austefjord skule og Hornindal skule.

For barneskuleelevane vil det være nærskuleprinsippet som avgjer kva for ein skule dei har rett til å gå på, medan ungdomsskuleelevane i krinsen vil ha Hornindal skule som sin nærskule. Ungdomsstegget ved Austefjord skule er nedlagt, og elevane går no på Volda

Adresse
Postboks 24, 6761 Hornindal

Telefon
57 87 98 00

Org.nr
835 095 762

E-post
post@hornindal.kommune.no

Internett
www.hornindal.kommune.no

ungdomsskule.

Foreldra på Bjørke og Viddal har tidlegare teke det standpunktet at dei ynskjer Hornindal skule som nærskule. Etter ynskje frå foreldra i Bjørke-området er det inngått avtale med Hornindal kommune om grunnskuleopplæring for elevane. Ørsta kommune la vekt på at foreldra ynskjer eit heilskapleg løp frå barnehage og ut grunnskulen på lik linje med born frå Hornindal krins.

Samrøystes vedtak:

Samarbeidsutvalet ved Hornindal skule tilrår at det vert oppretta ein ny skulekrins som inkluderar tidlegare Austefjord skulekrins, Hornindal, Bjørke og Viddal (alternativ 1).

Gro Mikalsen Hundeide
- referent -

Helsing

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur



Hornindal kommune

Rådmann

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Vår ref:
18/650-5/ TI-&13 AKLA

Dykkar ref.

Dato:
27.12.2018

Skulekrinsar i Volda - høyringsuttale Saksnr 2018/2054

Kommunestyret har fatta følgjande vedtak i møte den 12.12.2018, sak 058/18:

Samrøystes vedtak:

Hornindal kommune tilrår at det vert oppretta ein ny skulekrins som inkluderar tidlegare Austefjord skulekrins, Hornindal, Bjørke og Viddal (alternativ 1).

Helsing

Ann Kristin Langeland
Rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakarar:

Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Volda kommune Skuler Sfo og Barnehager	Stormyra 2	6100	VOLDA

Adresse
Postboks 24, 6761 Hornindal

Telefon
57 87 98 00

Org. nr
835 095 762

E-post
post@hornindal.kommune.no

Internett
www.hornindal.kommune.no



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Sektor for opplæring og oppvekst
Tenesteval for oppvekst og kultur

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/2054	17555/2018	A20	SVK/ SONHAV	17.12.2018

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - SKULEKRINSAR I NYE VOLDA
KOMMUNE - HØYRING**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 13.12.2018, hadde føre ovannemnde som sak PS 146/18, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1 Kommunestyret utset saka og ber om utvida høringsfrist*
- 2 Tenesteval for oppvekst og kultur vert bede om å innstille på krinsinndeling til kommunestyret i første møte i 2019.*

Sakutgreiinga med følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Per Ivar Kongsvik Oppvekstsjef

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Sonja Håvik	Arkivsak nr.:	2018/2054
		Arkivkode:	A20

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
42/18	Tenesteutval for oppvekst og kultur	21.11.2018
146/18	Kommunestyret	13.12.2018

SKULEKRINSAR I NYE VOLDA KOMMUNE - HØYRING

Handsaming:

Erlend Krumsvik, Krf, kom med slikt framlegg:

1. Lid/Mork
2. Stor-Øyra
3. Folkestad
4. Dalsfjord/Ulvestad
5. Austefjord/Bjørke og Viddal/Hornindal

Gunnar Strøm kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Røysting utsetting (27 røysteføre):

Utsettingsframlegget fekk 9 røyster og fall, 18 røysta mot.

Det var 1 time pause.

Hild Våge fekk permisjon kl. 15.00. Idar Flo fekk permisjon kl. 16.00.

Rebecca Riise Bjerknes kom med slikt framlegg:

Kommunestyret ønskjer ikkje å kome med høyrings svar i saka vedrørande skulekrinsar, utan høyrings svar frå dei berørte partane, som bør vege tungt i saka.

Arild Iversen, Krf, kom med slikt framlegg:

- 1 Kommunestyret utset saka og ber om utvida høringsfrist
- 2 Tenesteutval for oppvekst og kultur vert bede om å innstille på krinsinndeling til kommunestyret i første møte i 2019

Røysting (25 røysteføre):

Utsettingsframlegget vart vedteke med 23 røyster, 2 røysta mot.

Vedtak i kommunestyret - 29.11.2018:

1 Kommunestyret utset saka og ber om utvida høringsfrist

2 Tenesteutval for oppvekst og kultur vert bede om å innstille på krinsinndeling til kommunestyret i første møte i 2019.

Handsaming:

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Forslag frå TOK om å utsette saka.

Røysting: (7 røysteføre)

Samrøystes vedteke å utsette saka.

Samrøystes tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 21.11.2018 til kommunestyret

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedleggsliste:

Skulekrinsar i Volda kommune – høyring.

Høyringsnotat.

Samandrag av saka:

Det vert vist til vedlegga: Skulekrinsar i Volda kommune – høyring og høyringsnotat. Kommunestyret vert bedne om å kome med høyringsfråsegn i saka.

Rune Sjurgard

Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Oppvekstsjefen

UTTALE FRÅ ELEVRÅDET VED AUSTEFJORD SKULE OM SKULEKRINSAR I NYE VOLDA KOMMUNE

Elevrådet ved Austefjord skule meiner at **alternativ 2. Bjørke og Viddal i Stor-Øyra krins**, er det beste alternativet. Vi synest dette alternativet er best fordi vi ønskjer at dei elevane frå Bjørke og Viddal som gjekk på Austefjord skule før, skal kome tilbake.

Elevrådet ved Austefjord skule

Fra: Rune Koppernes[runekopp@hotmail.com]

Sendt: 29.11.2018 22:27:08

Til: Postmottak Volda

Tittel: Saksnr 2018/2054

Skulekrinsar i nye Volda Kommune.

Viser til utsendt høyringsnotat.

Vi har hatt styremøte i Høydal velferdslag/grendalag der saka om nye skulekrinsar vart tatt opp. Høydal Grendalag går inn for alternativ 2 som inneber at Bjørke og Viddal vert teke inn i Stor-Øyra krins.

Begrunnelsen for dette valget er at vi ser på det som svært viktig å halde oppe grunnlaget for å behalde skule og barnehage i Austefjord for framtida.

Høydal Grendalag 29.11.18

Rune Koppernes

Fra: Kjell Rune Førde[forde83@hotmail.com]

Sendt: 21.11.2018 19:09:16

Til: Postmottak Volda

Tittel: SAK 2018/2054 Høyringsuttale ang. forslag om skulekrinsgrenser - FAU Austefjord skule

FAU ved Austefjord skule er mellom dei høyringsinstansane som er beden om å uttale seg ang forslag om skulekrinsgrenser;

Jfr. rundskriv Udir-2-12, vil FAU ved Austefjord skule kome med følgande utale i saka, som omhandlar kva krinsgrenser som skal gjelde for Austefjord skule.

Vi i FAU ved Austefjord skule, er samrøystes i avgjersla om å gå for **alternativ 4**.

Dette vil seie at Hornindal, Bjørke og Viddal vert ein skulekrins, Hornindal vert då deira nærskule. Dermed vil Austefjord skule då framleis tilhøyre stor-Øyra skulekrins som før.

Vi begrunnar avgjersla med følgande grunnar;

- Dei fleste som bur i området som soknar og er nærast til Austefjord skule, har arbeidsplassar i Volda.
- Alle spesialisthelsetenester som nyttast av barn og ungdom er i Volda sentrum.
- Det er allreie oppretta gode skuleskyss ordningar mot Austefjord skule og vidare til Volda sentrum.
- Ungdomsskuleelevar starta frå 2018 ved Øyra ungdomsskule, og ynskjer å fortsette sin skulegang der.
- Mange barn, ungdom og vaksne i Austefjord området har mange fritidsaktivitetar i Volda, og har oppretta gode relasjonar der.

Med venleg helsing

FAU ved Austefjord skule,
15.11.18, Austefjorden



VOLDA KOMMUNE
Austefjord skule

Austefjord 15.11.18

Høyringsuttale om skulekrinsar i nye Volda kommune frå Samarbeidsutvalet ved Austefjord skule.

Saksnr. 2018/2054

SU ved Austefjord skule handsama høyringa om skulekrinsar i nye Volda kommune i møte 15.11.18.

SU støttar alternativ 4 i høyringsuttalen, at Hornindal, Bjørke og Viddal vert ein skulekrins. Hornindal skule vert då nærskulen for elevane i denne krinsen.

Foreldra på Bjørke og Viddal vil då kunne velje eit heilskapleg løp frå barnehage til grunnskule for borna sine.

Austefjord skule vil då framleis vere ein del av Stor-Øyra krins. Det er naturleg at når elevane herifrå har begynt å gå på Volda Ungdomsskule, at dei held fram med det. Elevane frå bygda deltek også på aktivitetar i Volda.

Foreldra har innretta kvardagen sin med omsyn til at elevane i krinsen går på Austefjord skule. Endringar av dette kan skape ulemper for dei.

Ref.
Ove Tennfjord



NOTAT

Interne mottakarar:
Opplæring og oppvekst Per Ivar Kongsvik

Sak: Skulekrinsar i nye Volda kommune

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/2054	2587/2019	A20	SVK/SUNUTN	18.02.2019

UTTALE FRÅ KOMMUNESTYRET 14.02.19 TIL FELLESNEMNDA I NYE VOLDA - SKULEKRINSAR I NYE VOLDA KOMMUNE

Kommunestyret 14.02.2019 hadde «SKULEKRINSAR I NYE VOLDA KOMMUNE» som Politisk sak 3/19 og gjorde slikt vedtak:

Kommunestyret i Volda går inn for at det i samband med samanslåing av Volda og Hornindal kommunar vert krinsinndeling slik at elevar frå Austeffjord inkludert Kalvatn skal høyre til Stor-Øyra krins. Elevar frå Bjørke, Viddal og Hornindal skal høyre til Hornindal skulekrins.

Med helsing

Sunniva Utnes
Konsulent



NOTAT

Fellesnemnda nye Volda

Interne mottakarar:

Opplæring og oppvekst Per Ivar Kongsvik

Sak: Skulekrinsar i nye Volda kommune

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/2054	1986/2019	A20	SVK/BENTKRO	06.02.2019

UTTALE FRÅ TENESTEUTVAL FOR OPPVEKST OG KULTUR SITT MØTE 30.01.19 TIL FELLESNEMNDA I NYE VOLDA

PS 3/19 Skulekrinsar i nye Volda kommune

Tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 30.01.2019 til Fellesnemnda
Tenesteutval for oppvekst og kultur innstiller til alternativ 4 til fellesnemnda.
Hornindal, Bjørke og Viddal som ein skulekrins. Hornindal skule vert nærskulen for elevane i
krinsen.

Handsaming:

Per Ivar Kongsvik, kommunalsjef i nye Volda orienterte om skulekrinsar i nye Volda kommune. Der er lagt fram fire alternativ.

Medlemene i Tenesteutval for oppvekst og kultur landa på alternativ 1 og 4.

Røysting (seks røysteføre):

Ved røysting vart det stemt over alternativ 1 og 2.

Alternativ 1 fekk 2 (to) røyster

Alternativ 4 fekk 4 (fire) røyster. (R. Bjerknes, H. Høksvik, I. Remøy og E.Halkjelsvik)

Administrasjonen har i høyringsnotatet fremja fire ulike alternativ.

Tenesteutval for oppvekst og kultur innstiller til alternativ 4 til fellesnemnda.

Hornindal, Bjørke og Viddal som ein skulekrins. Hornindal skule vert nærskulen for elevane i kringen.

Med helsing

Bente Kristin Krøvel

Møtesekretær/konsulent



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Berit Sandvik Skeide	Arkivsak nr.:	2018/1255
		Arkivkode:	144

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
16/19	Fellesnemnd for nye Volda kommune	07.03.2019

KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FRILUFTSLIV - HØYRING AV FORSLAG TIL PLANPROGRAM OG VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID

Administrasjonen si tilråding:

Forslag til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13.

Vedlegg, prenta:

Forslag til planprogram for kommunedelplan for idrett og friluftsliv for nye Volda kommune 2020-2024.

Bakgrunn:

Fellesnemnda for nye Volda vedtok i møte 7.2.2019 å starte arbeidet med kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for 2020-2024, jf. plan- og bygningslova § 11-1. Fellesnemnda ba om at det vert utarbeidd framlegg til planprogram som skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn.

Saksopplysningar:

Alle anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som det vert søkt om spelemidlar til, **må** vere innarbeidd i ein kommunal plan. Det er ingen formelle krav til utforming av planen, men prosessen og planen skal følgje plan- og bygningslova sine bestemmelsar.

Hornindal kommune har kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for perioden 2015-2018. Planen vart godkjent i 2015. Handlingsprogrammet har vorte rullert årleg. Hornindal har godkjent handlingsplan for ordinære anlegg, nærmiljøanlegg og friluftstiltak for 2019.

Volda kommune har kommunedelplan for fagområdet, som gjeld for perioden 2014-2018. Handlingsprogrammet har blitt rullert årleg. Handlingsprogrammet for 2019 vart godkjent i forvaltningsutvalet 15.1.2019.

For alle kommuneplanar skal det utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet, jf. § 4-1 i plan- og bygningslova. Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, alternativ og behov for utgreiingar. Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn samstundes med varsel om oppstart av planarbeid.

Vurdering:

Det er utarbeidd forslag til planprogram som skal leggjast ut på høyring i samband med varsel om oppstart av planarbeid.

Planprogrammet informerer innleiingsvis om kommunedelplan, planprogram og formål med planarbeidet. I kapittel 2 går ein gjennom nasjonale, regionale og kommunale føringar som ligg til grunn for planarbeidet. Kapittel 3 omhandlar organisering, medverknad og framdriftsplan. Siste kapittel skisserer planarbeidet sitt fokus. Sjå vedlegg.

Medverknad frå lag, foreiningar og ulike organisasjonar er viktig for å sikre ein god plan. Kommunen har særskilt ansvar for å sikre medverknad frå grupper som har trong for særskilt tilrettelegging for å delta, herunder barn og unge.

Det er lagt opp til ein stram tidsplan. Som det går fram under saksfakta, har begge kommunane godkjent plan med handlingsprogram som gjeld til og med 2019. For at ein skal kome i posisjon i høve til spelemidlar i neste runde, må det liggje føre godkjent plan med handlingsprogram for nye Volda i løpet av 2019.

Konklusjon:

Forslag til planprogram for kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet vert lagt ut på høyring. Samstundes varslar ein oppstart av planarbeid for kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2020-2024 for nye Volda kommune.

Utskrift av endeleg vedtak:

Volda kommune (sektor for utvikling, teknisk sektor, sektor for oppvekst og opplæring)
Hornindal kommune
Ørsta kommune (til orientering for bygdelaga på Bjørke og Viddal)

Klageinstans:

Vedtaket kan ikkje påklagast.



Høringsutkast

PLANPROGRAM

KOMMUNEDELPLAN FOR
IDRETT OG FYSISK AKTIVITET



INNHALD

1	INNLEIING	s. 2
1.1	Kva er ein kommunedelplan?	s. 3
1.2	Planprogram	
1.3	Formål med planarbeidet	
2	RAMMER OG FØRINGAR	s. 4
2.1	Nasjonale føringar	
2.2	Regionale føringar	s. 5
2.3	Kommunale føringar	s. 6
3	MEDVERKNAD OG FRAMDRIFT	s. 12
3.1	Organisering	
3.2	Medverknad	
3.3	Framdriftsplan	
4	FOKUS	s. 13

Foto framside: Folkestad, Berit Sandvik Skeide
Foto bakside: Grøthornet, Krøvelseidet, Berit Sandvik Skeide



Rotsethornet. Foto: Berit Sandvik Skeide.

1 INNLEIING

1.1 Kva er ein kommunedelplan?

Om kommuneplan i plan- og bygningslova, § 11-1:
"Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder. "

1.2 Planprogram

For alle kommuneplanar skal det utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet, sjå figur 1.

Om planprogram i plan- og bygningslova, § 4-1:
«Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varslingsplanoppstart.»

Planprogrammet si hovudoppgåve er å tydeleggjere kva som skal handsamast i kommuneplanen, å avklare kva tema kommuneplanen skal konsentrere seg om og å synleggjere kva kunnskap som er naudsynt for avgjerd om plan. Det er viktig å legge til rette for ein open medverknadsprosess, og sikre god forankring av planen slik at den kan bli eit styrande politisk dokument.

Forslag til planprogram skal sendast på høring og leggest ut til offentlig ettersyn. Planprogrammet skal fastsettast av kommunestyret.

1.3 Nye Volda

1.1.2020 vert kommunane Hornindal og Volda slegne saman til ei kommune.


Fellesnemnda for nye Volda vedtok i møte 7. februar oppstart av arbeid med kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for 2020-2024 for den nye kommunen.

1.4 Formål med planarbeidet

Mål med arbeidet er å utarbeide kommunedelplan (KDP) for idrett og fysisk aktivitet for nye Volda kommune. Planen skal handsamast etter reglane i plan- og bygningslova.

Planen skal forankrast i kommunane. I tillegg vil føringar frå ulike departement og fylkeskommune bli vektlagt.

Planen skal gi grunnlag for å søkje om spelemidlar til idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og anlegg til friluftsføremål.



Figur 1: Kommuneplanprosessen.

2 RAMMER OG FØRINGAR

Jamfør plan- og bygningslova § 1.1 skal planlegging bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver. Dette kapittelet inneheld nokre av dei viktigaste føringane for planarbeidet.

2.1 Nasjonale føringar

Mål og rammer for den nasjonale politikken blir formidla gjennom stortingsmeldingar, rikspolitiske retningslinjer, rundskriv, bestemmelsar for tilskotsordningar m.m.

Nasjonale føringar:

- St.meld.nr. 39 (2006-2007). Frivillighet for alle (Frivillighetsmeldinga)
- St.meld.nr. 16 (2010-2011). Nasjonal helse- og omsorgsplan
- St.meld.nr. 26 (2011-2012). Den norske idrettsmodellen (Idrettsmeldinga)
- St.meld.nr. 19 (2014-2015). Folkehelsemeldingen – mestring og muligheter
- St.meld.nr. 18 (2015-2016). Natur som kilde til helse og livskvalitet (Friluftsmeldinga)
- Fritidserklæringa
- FN sin barnekonvensjon
- #Ungdomshelse
- Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2018 (V-0732 B)
- Veileder. Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet (V-0798 B)

Staten har følgjande verkemiddel for å stimulere til utvikling av idrett og fysisk aktivitet, herunder friluftsliv:

- Spelemidlar
- Midlar til friluftsliv
- Miljøtiltak i landbruket
- Statleg sikring av friluftsområder



Figur 2: Framsida til St.melding nr. 18 (2015-2016) - Friluftsmeldinga.



Figur 3: Framsida til Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2018.

2.2 Regionale føringar

Møre og Romsdal fylkeskommune har fleire regionale planar som legg føringar for arbeidet.

Regional planstrategi 2016-2020

I planen vert det gjort greie for kva som er Møre og Romsdal sine viktigaste utfordringar og moglegheiter i åra framover. Planstrategien tek utgangspunkt i målsetjingar om gode inkluderande lokalsamfunn og byar, breitt kultur- og fritidstilbod, kompetanse, konkurransekraft og nyskaping, gode samferdsleløysingar, gode oppvekst- og levekår og miljømessig berekraft.

I strategien er det prioritert kva som er viktige område for regional samhandling og planlegging i perioden.

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020

Fylkesplanen er ein overordna plan for samfunnsutvikling i fylket. Planen skal gi fylkeskommunen, kommunale og regionale styresmakter, næringsliv, institusjonar og organisasjonar i fylket eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag. Planen skal også medverke til godt samarbeid og samhandling i fylket

Fylkeskommunen har gjennom fylkesplanen ansvar for å gi strategisk retning til samfunnsutviklinga i fylket, mobilisere og støtte dei regionale aktørane i kommunar, regional stat, næringsliv, organisasjonar, FoU-miljø, kulturliv og lokalsamfunn, og samordne verkemiddel og innsats.

Fylkesplanen har tre overordna prioriteringar, tre innsatsområde og tre gjennomgåande perspektiv.

Dei overordna prioriteringane er område der fylkeskommunen saman med kommunane og andre regionale aktørar er utfordra til å ta grep for å gjere fylket meir attraktivt å bu i, drive næring og besøke. Dei gjennomgåande perspektiva er viktige samfunnsomsyn som fylkeskommunen og kommunane skal vurdere i alle planar og tiltak.



Figur 4: Regional planstrategi for Møre og Romsdal 2016-2020



Figur 5: Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020 sine prioriteringar.

2.3 Kommunale føringar

Hornindal kommune

Kommuneplan for Hornindal 2004 - 2015

Kommuneplanen vart godkjent i Hornindal kommunestyre 25.3. 2004.

Planen er delt inn i tre delar:

1. Analyse og utfordring
2. Mål og strategidel
3. Arealdel og teksthefte

Visjon:




Hornindal kommune skal utvikle seg til å bli eit knutepunkt mellom regionar.

Hornindal skal vere ei attraktiv bukommune som legg vekt på og vidareutviklar "det gode liv" i bygda.

For å nå visjonen er det utvikla ein del mål og strategiar. Strategiane er vegval for nå visjonen.

- Det god liv i Hornindal
- Utviklinga i Kjøs
- Turisme og hyttebygging
- Ei framtidsretta landbruksnæring
- Kommunikasjon som nøkkel til utvikling
- Hornindal eit knutepunkt mellom regionar
- Skal vere eit uttrykk for heilskapen ved den kommunale aktiviteten i kommunen.
- Tek for seg heile utviklinga av samfunnet, ikkje berre den kommunale forvaltninga
- Skal leggjast til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen.

Desse strategiane vart lagt til grunn ved utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel.



Figur 6, 7 og 8: Kommuneplan for Hornindal kommune 2004-2015

Tematisk kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015-2018

Kommunedelplanen vart vedteken i kommunestyret i 12.6.2014.

Planen har fem vedlegg:

- Handlingsplan – ordinære anlegg 2015-2018
- Handlingsplan – nærmiljøanlegg 2015-2018
- Handlingsplan – friluftstiltak 2015-2018
- Liste – uprioriterte anlegg
- Anleggsregister – Hornindal kommune


Handlingsprogrammet har vorte rullert årleg.

Planen har følgjande overordna mål:

Sitat:

«Kommunen skal arbeide for å leggje tilhøva til rette for at alle kan få høve til å drive organisert eller uorganisert leik, idrett og friluftsliv etter ynske, behov og evner i rimeleg nærleik av der dei bur».

Det er elles lista opp ei rekkje mål for idrettsarbeidet, fysisk aktivitet/friluftsliv, og utbygging og tilrettelegging av anlegg og område.



Figur 9: Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2016-2019, Hornindal kommune,

Volda kommune

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for Volda kommune sine planar. Volda er ein aktiv kommune i folkehelsearbeid. Målrretta folkehelsearbeid gjennom mange år har truleg samanheng med at Volda gjer det godt på fleire folkehelsebarometer. Volda kommune skal ha eit "frisk-fokus" og meistringsperspektiv i alt vi gjer.

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2016-2028

Samfunnsdelen av kommuneplanen vart vedteken av kommunestyret 26.5.2016.

Planen gir føringar og prioriteringar for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel og for handlingsprogram/økonomiplan. Planen inneheld mål og strategiar innanfor åtte fokusområde; attraktivitet, busetting, Volda i regionen, Volda sentrum, Folkehelse, klima og miljø, tenester og samfunnstryggleik.

Under er opplista nokre av målsetjingane i samfunnsdelen som har tilknytning til kommunedelplan for idrett og friluftsliv.

Attraktivitet	<ul style="list-style-type: none">• Alle skal ha tilgang til natur og friluftsliv i kvardagen.• Alle skal ha muligheit til å delta i eitt breitt, variert og aktivt kultur- og idrettsliv.• Vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda.
Busetting	<ul style="list-style-type: none">• Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attraktive bumiljø.
Volda i regionen	<ul style="list-style-type: none">• Styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftsområde.
Volda sentrum	<ul style="list-style-type: none">• Volda skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for auka handel og aktivitet.• Fleire skal bu og opphalde seg i Volda sentrum.

Figur 10: Tema og mål frå Volda kommune sin samfunnsdel.

Folkehelse	<ul style="list-style-type: none">• Barn og unge i Volda skal ha eit oppvekstmiljø som motverkar psykiske vanskar og andre livsstilsjukdommar.• Volda skal ha eit inkluderande samfunn og motverke sosiale forskjellar.• Innbyggjarane sin helse skal vere betre enn landssnittet på folkehelsebarometeret.• Kommunen som organisasjon skal vere eit førebilete i folkehelsearbeidet.
Klima og miljø	<ul style="list-style-type: none">• Utslepp frå transportsektoren skal reduserast og fleire skal reise med miljøvenleg transport.• Volda kommune skal arbeide for ei berekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald.

Figur 11: Forts. tema og mål i frå kommunenplanen sin samfunnsdel.

Det vil bli utarbeidd ny samfunnsdel i samband med samanslåing av kommunane.

Kommuneplanen sin arealdel

Volda kommune held på med rullering av kommuneplanen sin arealdel. Planprogrammet for arealdelen vart fastsett av Volda kommunestyre 15.12.2016.

Arealdelen skal følgje opp målsettingane og strategiane frå samfunnsdelen. Følgjande hovudtema har fokus i arbeidet med arealdelen:

- Sentrumsutvikling og senterstruktur
- Busetting
- Offentlege og allmenne formål
- Fritidsbusetnad, setrar og naust
- Landbruk og næringsliv
- Transport og kommunikasjon
- Grøntstruktur, friluftsliv og kultur

Med utgangspunkt i målsettingane i Samfunnsdelen er det utforma rettleiande arealstrategiar for kvart hovudtema. Dei langsiktige strategiane handlar om kva vi skal gjere/prioritere for å nå målsettingane.

Arealstrategiane fastlegg prinsippa for kommunen si arealforvaltning (kva vi vil prioritere, for å oppnå måla i Samfunnsdelen), og vil vere førande for handsaming av innspel og utlegging av nye areal til utbyggingsføre mål.

Under dei ulike hovudtemaene er det utforma arealstrategiar. Til høgre er opplista strategiar som er relevante for denne planen.

Kommunal planstrategi 2016-2020

Planstrategien er ein oversikt over kommunen sine planar og styringsdokument, med ei vurdering og prioritering av kva planarbeid ein skal bruke ressursar på i løpet av fireårs-perioden.

Det vil bli utarbeidd planstrategi for den nye kommunen i 2020.

Tema	Strategi
Sentrumsutvikling og senterstruktur	<ul style="list-style-type: none">• Volda sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelsen og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grønne lungar og sikre eit ope sentrum mot fjorden.
Busetting	<ul style="list-style-type: none">• Nye bustadfelt skal lokalisrast i tilknytning til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange.
Fritidsbusetnad, setrar og naust	<ul style="list-style-type: none">• Lokalisering av naust og fritidsbustader skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser, natur- og friluftslivsområde.
Transport og kommunikasjon	<ul style="list-style-type: none">• Utvikle eit funksjonelt trafikalt køyremønster med veg, gate og parkeringsstruktur som gjer det lett å orientere seg, er trygt for alle, og inviterer til å gå og sykle i/til sentrumskjernen.• Sikre gode trafikale forhold i bustadområda og vektlegge gang- og sykkelveggar som sikrar trygg ferdsel for barn og unge.
Grøntstruktur, friluftsliv og kultur	<ul style="list-style-type: none">• Sikre og utvikle viktige natur- og friluftsområde og legge til rette for tilgang til områda.• Sikre og vidareutvikle grønstruktur i Volda sentrum med fokus på Utviklingsplanen og strategien "frå fjord til fjell".

Figur 12: Tema og strategiar frå planprogrammet til kommuneplanen sin arealdel.

Kartlegging og verdsettning av friluftsområde i Volda

Volda kommune har med støtte frå Miljødirektoratet og Møre og Romsdal fylkeskommune gjennomført ei kartlegging av friluftsområda i kommunen. Det er registrert område som i dag vert nytta i samband med ulike friluftaktivitetar som turgåing, bading, skigåing, lek, fiske, båt/kajakk, sykling, naturoppleving m.m.

Kartlegginga og verdsettninga vil vere eit viktig grunnlagsdokument i arbeidet med å:

- Sikre friluftsområde i høve til dagens behov og for framtida
- Ivareta og utvikle god tilgang på friluftsområde
- Ivareta og utvikle god tilrettelegging for friluftsliv
- Skape forutsigbar arealplanlegging

Den vil også vere eit godt grunnlag i samband med søknad om spelemidlar og sikringsmidlar.

Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2014-2018

Kommunedelplanen vart vedteken i kommunestyret 27.2.2014.

Planen har to vedlegg:

- Handlingsprogram 2014-2018
- Retningslinjer for merking og skilting i natur og friluftsområde i Volda kommune

Handlingsprogrammet har vore gjenstand for årleg rullering. Planen har følgjande hovudmål:

Sitat:

«Ei god folkehelse gjennom auka fysisk aktivitet, trivsel og livskvalitet:

Volda kommune skal, gjennom ei medviten tilrettelegging for idrett, friluftsliv og nærmiljøtiltak, medverke til auka fysisk aktivitet og gjennom dette også auke trivselen og livskvaliteten for alle aldersgrupper i alle delar av kommunen.

Særlege omsyn:

Det er kommunen sitt ansvar å sikre areal til slike føremål. Det bør i planperioden i tillegg til tilrettelegging for dei ordinære idrettsanlegga, leggast særleg vekt på utvikling av nærmiljøtiltak i / ved bustadområda, utvikling av barnehage,- og skuleområda som gode aktivitetsareal som kan stimulere til auka fysisk aktivitet både i barnehagen og skulen sin regi og i fritida.

Utvikling av tur- og badeområde som grunnlag for fremjing av friluftsliv og mosjonsidrett. Det helsefremjande aspektet ved tilrettelegging av tiltak og utvikling av anlegg skal vektleggast.»

I tillegg er det lista opp 11 delmål (handlingsmål i planen).



Figur 13: Framsida på rapport for Kartlegging og verdsettning av friluftslivsområde i Volda kommune.



Figur 14: Framsida på gjeldande kommunedelplan

Rettleiar for leike- og aktivitetsområde (2018)

Volda kommune har utarbeidd rettleiar for lokalisering og utforming av leike- og aktivitetsområde.

I rettleiaren er det mellom anna foreslått at maksimal avstand frå bustad til kvartalsleikeplass skal vere 300 meter.

Dokumentet skal leggjast til grunn for kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar. Rettleiaren skal også gje føringar ved handsaming av enkeltsaker.

Kartlegging av Kvartalsleikeplassar (2018)

Leike- og aktivitetsområda i kommunen vart registrert og kartfesta i 2015/2018. Det er mellom anna utarbeidd kart som viser status for kvartalsleikeplassane i sentrum.

Barnetrakk (2017/2018)

Volda kommune har gjennomført barnetrakkregistreringar i tilknytning til m.a. Bratteberg skule, Vikebygda skule, Volda ungdomsskule og Øyra skule.

Registreringane inneheld informasjon om dagens bruk av ulike aktivitetsområde, og kan m.a. nyttast i samband med prioritering av tiltak.

Melding frå dei unge (2015)

I samband med rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel i 2015, gjennomførte kommunen eit medverknadsprosjekt, der Ungdomsrådet og representantar frå ungdomsskulane i Volda, Volda vidaregåande skule og frivillige lag og organisasjonar deltok.


Det vart utarbeidd eit eige hefte, som innspel til politikarane frå barn og unge i Volda.

Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Volda (2014)

Rapporten har informasjon om helsetilstanden og påverknadsfaktorar for befolkninga i Volda. Dokumentet dannar grunnlag for kommunen sitt arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel, økonomiplan og sektorane sitt ansvar for folkehelse.



Figur 15: Framsida på rettleiar for leike- og aktivitetsområde.




Figur 16: Framsida på rapport for barnetrakk.

3 MEDVERKNAD OG FRAMDRIFT

3.1 Organisering

Fellesnemnda har det overordna ansvaret for planarbeidet. Det administrative ansvaret ligg hos prosjektleiar for nye Volda ved sektor for utvikling.

Planleggar ved Sektor for utvikling skal ha rolla som prosjektleiar. Det vil bli sett ned ei tverrfagleg prosjektgruppe med personar frå plan, kultur, oppvekst, helse, teknisk og folkehelsekoordinator. I tillegg vil talspersonar frå ulike ressursgrupper bli involvert i prosessen (Idrettsråd, Barnerepresentant, Ungdomsråd, Eldreråd og kommunalt råd for funksjonshemma). Fellesnemnda er politisk styringsgruppe.



Figur 17: Organisering av planarbeidet

3.2 Medverknad

I samband med høyring av planprogrammet vil det bli lagt til rette for at lag og foreningar, enkeltpersonar og andre interessegrupper kan kome med innspel. Det vil bli lagt ut informasjon på kommunen si heimeside, lag og organisasjonar vil få skriftleg invitasjon til å delta, og det vil bli arrangert ope møte.

I forbindelse med utarbeiding av planforslag, vil det bli arrangert arbeidsmøte med prosjektgruppa. I arbeidsmøta vil ein invitere ressurspersonar frå ulike grupper. I perioden med høyring, vil det bli halde møte med ulike lag, organisasjonar og råd. Heimesida vil også bli nytta i samband med høyring

3.3 Framdriftsplan

Tidspunkt	Aktivitet
Februar 2019	Sak i Fellesnemnda. Oppstart av planarbeid
Febr. - mars 2019	Utarbeiding av forslag til planprogram
Mars 2019	Sak i Fellesnemnda. Vedtak om offentlig ettersyn og høyring av planprogram
April - mai 2019	Offentleg ettersyn og høyring av planprogram. Informasjonsmøte
Mai 2019	Fastsetjing av planprogram
Juni - sept.	Utarbeiding av planforslag
Sept. - okt.	Handsaming av forslag og utlegging til offentlig ettersyn
Okt. - nov.	Gjennomgang og vurdering av merknader
Desember 2019	Godkjenning av plan og handlingsprogram

4 FOKUS

Undersøkingar blant ungdom har vist at dei mest brukte anlegga for aldersgruppa er skianlegg, idrettshallar, gang- og sykkelveggar, turløyper, fotballanlegg, symjehallar og symjebasseng.

Dei same undersøkingane viser til at ungdom saknar anlegg som legg til rette for uorganisert og eigenorganisert aktivitet eller kor det er låg terskel for deltaking og stort sosialt fokus.

I planarbeidet vil ein ha fokus på følgjande:

- Gjennomgang av gjeldande plan (hovudmål og delmål). Har kommunen ei klar målsetjing for satsing på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv ?
- Gjennomgang av status for eksisterande anlegg i samarbeid med anleggseigar. Behov for rehabilitering?
- Vurdering av kortsiktige og langsiktige behov for anlegg og aktivitet. Har kommunen ei målsetjing for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv ?
- Oversikt over forventa kostnader knytt til drift og vedlikehald av planlagde anlegg.
- Handlingsprogram.
- Kart som viser lokalisering av eksisterande og planlagde anlegg, område for friluftsliv mm.

Kommunen vil særskilt ha fokus på mangfald, friluftsliv og anlegg som skaper sosiale møteplassar for inkludering og integrering.



Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: +47 70 05 87 00





SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Nina Kvalen	Arkivsak nr.:	2019/500
		Arkivkode:	A56

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
17/19	Fellesnemnd for nye Volda kommune	07.03.2019

ORGANISERING AV LÆRLINGORDNINGA I VOLDA KOMMUNE - HANDSAMING I FELLESNEMNDA

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda for nye Volda kommune sluttar seg til administrasjonens tilråding om at Volda kommune melder seg inn i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre gjeldande frå 01.07.19.

Denne avtalen vert å vidareføre i ny kommune frå 01.01.20.

Vedleggsliste:

Organisering av lærlingordninga i Volda kommune: Saksutgreiing med vedlegg for handsaming i Volda formannskap og kommunestyre i mars 2019.

Uprenta saksvedlegg:

Hornindal: K-sak 044/14 i møte 12.06.14: Opptak av TAF-lærling.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka er at stillinga som lærlingkoordinator i Volda kommune blir ledig frå august 2019, grunna overgang til pensjon. Volda kommune må ha på plass ei ny løysing, og

administrasjonen har vurdert ulike alternativ for framtidig organisering av lærlingordninga i Volda kommune.

Sentralt i vurderingane er å sikre tilstrekkeleg fagkompetanse, kvalitet og kontinuitet i arbeidet, og rigge ei berekraftig teneste for å møte behov og krav som tvinger seg fram.

Som følge av at Hornindal og Volda vert ei kommune frå 01.01.20, må ein også ta stilling til korleis organisere lærlingordninga i nye Volda kommune. Saka vert difor først lagt fram for fellesnemnda, før handsaming i formannskapet og kommunestyret i Volda i mars 2019.

Hornindal kommune er i dag medlem av Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane (OKOS). Av vedlagde utgreiing kjem det fram korleis lærlingordninga er organisert i begge kommunane.

Vurdering og konklusjon:

Fellesnemnda har tidlegare gjort prinsippvedtak om at retningsvalet for interkommunalt samarbeid om tenesteproduksjon skal vere søre Sunnmøre eller Sunnmøre. Retningsvalet vil såleis gi naturlege føringar om å innleie eit samarbeid om lærlingordninga med Opplæringskontoret for søre Sunnmøre.

Rådmannen rår til at Fellesnemna for nye Volda kommune sluttar seg til administrasjonens tilråding om at Volda kommune søker medlemsskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre frå 01.07.19, ettersom dette vil binde den nye kommunen frå 01.01.20.

Hornindal kommune kan ev også slutte seg til Opplæringskontoret for søre Sunnmøre i løpet av 2019.

Økonomiske konsekvensar:

Kjem fram av vedlagde saksutgreiing.

Utskrift av endeleg vedtak:

Politisk sekretær i Volda kommune

Personalavdelinga i Volda kommune

Rådmannen i Hornindal kommune

Personalavdelinga i Hornindal kommune



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Nina Kvalen

Arkivsak nr.: 2019/253

Arkivkode: A56

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	19.03.2019
	Kommunestyret	28.03.2019

ORGANISERING AV LÆRLINGORDNINGA I VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret i Volda ber administrasjonen søke medlemskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre frå 01.07.2019.*
- 2. Rådmannen vert beden om å utpeike representant med vara til styret for opplæringskontoret, og representantar til årsmøte.*

Vedleggsliste:

1. Informasjon om lærlingordninga i Volda kommune 2018
2. Presentasjon om lærlingordninga i Volda kommune, 17.12.18
3. Vedtekter for Opplæringskontoret for søre Sunnmøre
4. Årsmelding 2017 for Opplæringskontoret for søre Sunnmøre
5. Medlemskapsavtale mellom bedrift og Opplæringskontoret for søre Sunnmøre
6. Roller og ansvar mellom bedrift og Opplæringskontoret for søre Sunnmøre
7. Presentasjon av Opplæringskontoret for søre Sunnmøre, 17.12.18
8. Vedtekter og medlemsavtale mellom Hornindal kommune og Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS)

Uprenta saksvedlegg:

- K-sak 83/16 i møte 16.06.16: Oppretting av fleire lærlingstillingar
- K-sak 48/16 i møte 21.04.16: Oppretting av lærlingplassar for flyktningar
- K-sak 119/10 i møte 11.11.10: Administrativt ansvar for lærlingar i kommunale fag
- K-sak 40/08 i møte 27.03.08: Oppretting av lærlingplassar i helsearbeidarfaget
- K-sak 74/07 i møte 26.07.07: Lærlingplassar i helsearbeidarfaget

Samandrag av saka:

Bakgrunnen for saka er at stillinga som lærlingkoordinator i Volda kommune blir ledig frå august 2019, grunna overgang til pensjon. I k-sak 119/10 i møte 11.11.10 oppretta kommunestyret eit opplæringskontor med 30 pst. stilling som lærlingkoordinator frå 01.01.11. Ein tilsett i personalavdelinga har hatt funksjonen som lærlingkoordinator, som del av si stilling. Volda har i dag 20 læreplassar, medan talet i 2010 var 11. Dvs. at tal læreplassar er nær dubla sidan koordinatorstillinga vart oppretta, utan at den administrative og faglege ressursen til lærlingarbeidet har auka tilsvarande. Grunna kombinasjon mellom fleire stillingar har koordinatoren truleg nytta meir tid enn 30 pst. til oppgåvene med lærlingordninga. I dag er 16 av 20 læreplassar i bruk.

Som følgje av at Hornindal og Volda vert ei kommune frå 01.01.20, må ein også ta stilling til korleis organisere lærlingordninga i nye Volda kommune. Hornindal kommune er i dag medlem av Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane (OKOS). Hornindal har ikkje oppretta faste læreplassar eller ressursar til forvaltning av lærlingarbeidet. Om kommunen får søknad om læreplass, vert det vurdert om ein har kapasitet og ressursar for læreplass vert tildelt. I dag har Hornindal kommune 1 lærling.

I administrativt leiarmøte i Volda kommune 23.10.18 vart det vedteke å utgreie sak om organisering av lærlingordninga, og leggje fram sak til politisk handsaming før påske 2019.

Administrasjonen har på bakgrunn av dette vurdert ulike alternativ for korleis organisere lærlingordninga i nye Volda kommune. Sentralt i vurderingane er å sikre tilstrekkeleg fagkompetanse, kvalitet og kontinuitet i arbeidet. Saka vert først lagt fram for fellesnemnda, før handsaming i formannskapet og kommunestyret i Volda.

Saksopplysningar/fakta:

Både Hornindal og Volda kommune har meir enn 20 års erfaring med å ta i mot lærlingar i ulike kommunale fag. Kommunane har hatt lærlingar i helsefag, kokkefag, barne- og ungdomsfag (BUA), kontorlag og IKT-fag. Hornindal har også erfaring med lærling i TAF helse (teknisk allmenne fag). I dag har Volda 16 lærlingar og Hornindal har 1 lærling.

Lærlingordninga i Volda kommune

Før 2011 hadde Volda kommune 10 pst. stilling til arbeidet med lærlingar i helsefag. I realiteten vart det brukt meir tid, og i k-sak 119/10 i møte 11.11.10 oppretta kommunestyret eit opplæringskontor og utvida ressursen til 30 pst. lærlingkoordinator:

1. *Volda kommune opprettar opplæringskontor med 30% stilling som lærlingkoordinator frå 1.januar 2011.*
2. *Volda kommune skal arbeide for felles opplæringskontor med Ørsta kommune frå 1.januar 2012.*

I saksutgreiinga står det:

Mange kommunar har oppretta kommunale eller interkommunale opplæringskontor som administrerer lærlingordninga. Volda har ikkje slikt kontor, heller ikkje Ørsta. Dei 5 kommunane på ytre søre har felles kontor på Hareid. Dei har invitert Volda og Ørsta til å melde seg inn i deira kontor. Volda og Ørsta har hatt samtalar om felles kontor. Begge kommunar arbeider vidare med ei slik løysing. Til eit felles opplæringskontor er på plass, bør Volda opprette eige kontor med 30% stilling.

Dersom kommunen vel å ha opplæringskontor bør anna rekrutteringsarbeid leggjast til stillinga, t.d. skulebesøk til ungdomsskular og vidaregåande skular og arbeid med utdanningsmesse og karrieredagar. Det er vanskeleg å vite kor stor ressurs som bør settast av til arbeidet, men 30% stilling vil truleg vere høveleg med det tal lærlingar ein har no.

Administrativt ansvar for lærlingordninga bør ligge sentralt i kommunen, gjerne i eit opplæringskontor lagt til personalavdelinga. Kontoret kan vere for Volda kommune eller i samarbeid med Ørsta. Alternativt kan Volda melde seg inn i opplæringskontor på Hareid som er interkommunalt og arbeider inn mot Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven kommunar.

Utdanningsavdelinga i fylket tilrår kommunane å ha egne eller felles opplæringskontor for å sikre at arbeid med lærlingane blir profesjonelt. Opplæringskontora får fast oppfølging frå utdanningsavdelinga på fylket og tilgang til elektroniske søkjarlister på læreplass i alle kommunale fag lenge før papirlister blir sendt ut til alle kommunar. Det vil seie at dei får informasjon om kven som har søkte læreplass i fylket og informasjon om karakterar. Opplæringskontora har også eit fagnettverk dei kan støtte seg på og samarbeide med. Alle kommunar får lærlingtilskot frå fylket. I kommunar med opplæringskontor blir tilskotet overført dit.

Administrativt ansvar for lærlingordninga med 30 pst. koordinator ligg i personalavdelinga i Volda kommune. Det har ikkje formelt blitt oppretta eit opplæringskontor i kommunen, men Volda har forvalta lærlingordninga og arbeidd etter same prinsipp, ansvar og oppgåver som ligg i eit opplæringskontor. Koordinatorstillinga er finansiert av lærlingtilskotet frå fylkeskommunen. Arbeidet for lærlingkoordinatoren inneber m.a.:

- Rekruttering, delta på yrkesmesser, annonsering
- Delta i intervju og tilsetjing, skrive lærekontrakt
- Samtalar med lærlingane, potensielle lærlingar og andre som ønskjer rettleiing
- Lage plan for rullering mellom læreplassar
- Lage læreperm/arbeidsbok for læretida
- Etablere gode opplærings- og evalueringsrutinar
- Fagdagar for lærlingane, ofte i samarbeid med Ørsta kommune
- Deltaking på evalueringsmøter og andre møter vedkommande lærlingane
- Informasjon/opplæring av instruktørar, i samarbeid med Ørsta og Opplæringskontoret for søre Sunnmøre
- Rapportere til fylkeskommunen, melde opp til fagprøve, vere bindeledd mellom fylkeskommunen og arbeidsplassane
- Informasjon og oppfølging av arbeidsplassane (dagleg opplæringsansvar ligg til arbeidsplassen)

Ressursen til lærlingkoordinator på 30 pst. var berekna til oppfølging av 11 lærlingar i 2010, men grunna mangel på rekruttering var berre 5 læreplassar i bruk ved inngangen til 2011. Resultat av rekrutteringsarbeid er at tal lærlingar har auka til det doble. Læreplassar i Volda er oppretta både under handsaming av budsjett- og økonomiplan, og i kommunestyresaker om å auke tal læreplassar. I k-sak 83/16 i møte 16.06.16 kjem det fram at Volda per 01.01.16 har oppretta 18 læreplassar. I k-sak 48/16 vart det oppretta ytterlegare 3 plassar for vaksne flyktningar, dvs. at kommunen totalt har 21 læreplassar. Tal læreplassar er nær dubla frå 2010 til 2016, frå 11 til 21, utan at ressursen til å administrere lærlingordninga har auka.

Dei 21 læreplassane fordeler seg slik: 8 i helsefag, 8 i BUA-fag, 1 i kokkefag, 1 i IKT-fag, og 3 læreplassar til vaksne flyktningar i ulike kommunale fag. I BUA- og helsefag tek ein inn 4 lærlingar kvart år. Læretida i helsefag er delt mellom 5-6 avdelingar i helse og omsorg. BUA-læretida er delt mellom 1 år i barnehage/1 år i skule/SFO. IKT-arbeidet er no i regi av SSIKT (Søre Sunnmøre IKT-samarbeid), og kommunen har ikkje lenger IKT-læreplass. Trekk ein frå denne har Volda i dag 20 læreplassar. Tal lærlingar varierer frå år til år. Kommunen har også lagt til rette for at tilsette i kommunale tenester har fått høve til å oppnå fagbrev.

Instruktør er ein tilsett med fagkompetanse på arbeidsplassen som har ansvar for dagleg rettleiing og støtte til lærlingen, og gi varierte arbeidsoppgåver. Instruktøren skal sørge for at opplæringa er i samsvar med opplæringsbok og læreplan, ha samtale, gjennomføre minifagprøve og vurderingar kvart halvår. Instruktøren melder avvik til fagleg leiar eller lærlingkoordinator. Volda kommune gir instruktørane eit funksjonstillegg på kr 1 000 per månad for meir ansvar. Einingsleiar/styvar/rektor er fagleg leiar med personalansvar både for lærlingen og instruktøren, og skal følgje opp både i høve verdiskaping og læringsmiljø.

Det er forventat at lærlingen skal verdiskape om lag halve læretida, og lærlingen får løn for verdiskapingsdelen. Lærlingane i Volda får 50 pst. fagarbeidarløn i heile læreperioden. Verdiskapinga skjer ved at lærlingane går inn som vikar eller blir sett opp på sjølvstendige vakter. Slik reduserer eininga vikarkostnader. Ansvar for budsjett, løn og lærlingtilskot er lagt til personalavdelinga. Dette gir meir effektiv forvaltning enn då oppgåva låg i kvar einskild sektor/eining. Sektorane har ansvar for å budsjettere med instruktørtillegg og variable tillegg til lærlingane.

Som følge av at lærlingkoordinatoren går av med pensjon, har administrasjonen i Volda hatt sonderingar om interkommunalt samarbeid med Ørsta kommune og Opplæringskontoret for søre Sunnmøre. Administrasjonen tok kontakt med Ørsta i mai 2017 og oktober 2018. Tilbakemeldinga er at Ørsta er nøgde med den ordninga dei har i dag, og ønskjer å halde fram denne. I november 2018 vart Opplæringskontoret for søre Sunnmøre invitert til å delta med informasjon til personalavdelinga, einingsleiarar og instruktørar på Volda rådhus 17.12.18. Personalsjefen i Ulstein kommune vart også invitert, for å dele erfaringar kommunen har frå samarbeidet, og som tidlegare styreleiar i Opplæringskontoret. Erfaringane Ulstein har etter 20 års medlemskap er gode frå begge perspektiv, og kjem fram i avsnittet under om Opplæringskontoret for søre Sunnmøre.

11 tilsette frå Volda kommune deltok på møtet, for informasjon og dialog om framtidig organisering av lærlingordninga i Volda. Det var god dialog og engasjement, og konklusjon om at Volda står ved eit vegskilje i det framtidige lærlingarbeidet. Både i småfaga som t.d. kokkefaget og dei store kommunale yrkesfaga som helse og omsorg og BUA, er det viktig å ha lærlingar for rekruttering av framtidig arbeidskraftsbehov. For småfaga må vi i framtida sleppe å sy saman eigne opplegg for å sikre eit fagleg godt opplæringstilbod, slik m.a. kjøkkensjefen ved sentralkjøkkenet som fagleg leiar har vore ansvarleg for. Vi må bygge felles system med andre. Vi klarer ikkje å følgje med i utviklinga utan å samarbeide med andre. Når Ørsta kommune ikkje er eit alternativ for interkommunalt samarbeid, er det konsensus i gruppa om at den rette vegen å gå er å samarbeide med Opplæringskontoret for søre Sunnmøre.

Lærlingordninga i Hornindal kommune

Hornindal kommune har i meir enn 20 år vore medlem av Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane (OKOS). Dei har 30 medlemsbedrifter og om lag 100 lærlingar. I følge administrasjonen betalar Hornindal kommune kr 10 000 i medlemskontingent per år. I tillegg går 30 pst. av lærlingstilskotet frå fylkeskommunen til OKOS. Hornindal får refundert 70 pst. av tilskotet. I vedtektene kjem det fram at oppseiing av medlemskapen er 3 månader. Gjeldande lærekontraktar skal ved opphøyr av avtale overførast til kommunen. Det er skriftleg medlemsavtale mellom OKOS og Hornindal kommune (vedlegg 8).

OKOS teiknar lærekontrakt med lærlingen, og kommunen har ansvar for å gi lærlingen oppgåver som sikrar opplæring i samsvar med læreplanen i aktuelle fag. Lærlingar vert tilsett i kommunen, som har arbeidsgjevaransvar for lærlingane som for andre tilsette, så lenge lærlingen er under kontrakt.

Oppgåvene til OKOS er å vere eit serviceorgan for medlemsbedriftene, m.a.:

- Opprette lærekontrakt/opplæringskontrakt med lærlingane/lærekandidatane
- Sørgje for at lærlingane får opplæring i samsvar med aktuell læreplan i bedrifta
- Sørgje for at lærlingen framstiller seg til fagprøve
- Sørgje for at det er faglege leiarar innan alle dei faga opplæringskontoret er godkjent i
- Ha kontakt med ansvarleg leiar, fagleg leiar, tilsynsrepresentant og lærling i medlemsbedriftene
- Gje råd og bidra til å løyse konflikhtar som måtte oppstå under læreforholdet
- Arbeide for å auke rekrutteringa av lærlingar i medlemsbedriftene i samsvar med overordna mål i den enkelte bedrift
- Halde medlemsbedriftene informert om nye lærefag
- Samarbeide med lærebedrifter og andre om gjennomføring av læreforhold

Hornindal kommune har erfaring med å ta i mot lærlingar i helsefag, kokkefag, BUA, kontorlag og IKT-fag, og har i dag 1 lærling i TAF helse. Kommunen har ikkje oppretta eller budsjettert med faste læreplassar. Ved søknad om lære plass vert kapasitet vurdert. Sist vurdering kjem fram av k-sak 044/14 i møte 12.06.14. Søknad om lære plass kom frå ein vidaregåande skule om lærling i TAF helse, med behov for eit 4-årig finansieringsløp. Lærlingen avsluttar våren 2019. TAF kombinerer praktisk og teoretisk opplæring alle fire åra i opplæringsløpet. Etter fire år oppnår kandidaten dobbel kvalifikasjon; både fagbrev og studiekompetanse med fordjuping i realfaga matematikk, fysikk og kjemi. Kandidaten oppnår såleis fagkrava for inntak til høgare utdanning etter fullført løp. TAF helse dekkjer t.d. fagkrava til å kome inn på medisinstudiet. Det er ikkje avklart om Hornindal skal ha lærling frå hausten 2019. Fagansvaret og den daglege oppfølginga av lærlingar i Hornindal ligg til einingsleiarar, som også er kontaktperson til OKOS. Kommunen har også lagt til rette for at 13 tilsette i helse og omsorg har fått høve til å oppnå fagbrev.

Som nemnd er det forventa at lærlingen skal verdiskape om lag halve læretida, og lærlingen får løn for verdiskapingsdelen. Lærlingane i Hornindal får differensiert prosentvis sats for verdiskapingsdelen på 30/40/50/80 pst. fagarbeidarløn, avhengig av kvar dei er i løpet. TAF-kandidaten har verdiskaping alle 4 åra. Dei 2 første åra som elev med 30 pst. fagarbeidarløn i 40 pst. stilling. Dei 2 siste åra som lærling i 100 pst. stilling er fordelinga som nemnd over. Verdiskapinga skjer ved at lærlingane går inn som vikar eller blir sett opp på sjølvstendige vakter. Slik reduserer eininga vikarkostnader. Verdiskapinga kan også vere i form av arbeid som bidreg til kvalitetsauke og/eller kvantitetsauke på arbeidsplassen. Ansvar for budsjett, løn, variable tillegg og tilskot for lærlingordninga, er lagt til den eininga som har lærlingen. Overordna ansvar for kontakt med OKOS ligg til personalavdelinga.

Organisering av lærlingordninga i nye Volda kommune

Hornindal kommune - medlemsskap i Opplæringskontoret i Sogn og fjordane (OKOS)

Som nemnd er Hornindal kommune i dag medlem av opplæringskontor i Sogn og Fjordane. I prosessen med bygging av nye Volda kommune frå 01.01.20, skal Hornindal og Volda kommunar gå gjennom sine avtalar for å endre eller avvikle/melde seg ut av desse, ev inngå nye samarbeid eller ivareta oppgåvene sjølv. Dette kjem fram av intensjonsavtalen for samanslåing av kommunane av 20.06.16, pkt. 8 om Interkommunale selskap/samarbeid: *Vi er samde om at Fellesnemnda skal gå gjennom samarbeidet med andre kommunar (som ikkje vert ein del av den nye kommunen) for å endre vedtekter, kostnadsfordeling m.m. og/eller avvikle/melde oss ut av samarbeidet/ev inngå nye samarbeid. Målet er at den nye kommunen ivaretek flest moglege av oppgåvene sjølv. Vi er derfor alt samde om å avvikle, endre og rydde samarbeid.*

Retningsval for tenestesamarbeid i nye Volda kommune

Fellesnemnda har vedteke retningsval for tenestesamarbeid/produksjon for nye Volda kommune, i sak 10/18 i møte 22.02.18:

Fellesnemnda vedtek at retningsvalet for interkommunalt samarbeid om tenesteproduksjon skal vere søre Sunnmøre og Sunnmøre. Prosjektadministrasjonen vert beden om å førebu oppseiingar og reforhandlingar av avtaler for endeleg vedtak i fellesnemnda. Fellesnemnda kjem attende til nærare avklaring av interkommunale interessesamarbeid og utviklings-/næringsssamarbeid.

Intensjonsavtalen og retningsval for tenestesamarbeid i nye Volda kommune, gir føringar om at eit ev framtidig samarbeid med eit opplæringskontor skal vere på søre Sunnmøre eller Sunnmøre. I følgje vedtektene har Hornindal 3 månader oppseiingsfrist på å melde seg ut av OKOS. Gjeldande lærekontraktar vil ved opphøyr av avtalen overførast til kommunen.

Nordfjord Opplæringskontor

Nordfjord Opplæringskontor har sendt førespurnad om kva planar nye Volda kommune har for oppfølging av lærlingar. Personalsjefen i nye Volda kommune har i brev til Nordfjord Opplæringskontor 09.07.18, vist til at dette spørsmålet skal avklarast i prosessen mot ny kommune. Vedtaket om retningsval for tenestesamarbeid i nye Volda kommune gir føringar om at eit ev framtidig samarbeid med eit opplæringskontor skal vere på søre Sunnmøre eller Sunnmøre. Det er avklart at nye Volda kommune skal ligge i Møre og Romsdal fylke. Arbeidet med lærlingar i nye Volda kommune vil innebere eit samarbeid med utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune. Om dette avgrensar eit samarbeid med opplæringskontor utanfor eige fylke, er ikkje nærare avklara. Ein kan ikkje sjå at dette er naudsynt, all den grunn retningsvalet allereie gir føringane som nemnd over.

Opplæringskontor i nye Volda kommune

Sentrale spørsmål vidare er korleis organisere lærlingordninga i nye Volda kommune og samtidig sikre god kontinuitet, kvalitet og effektiv forvaltning? Er samarbeid med eit opplæringskontor på søre Sunnmøre rette vegen å gå, eller skal nye Volda kommune organisere lærlingordninga i eigen regi? Kva gjer nabokommunar og kva erfaringar har dei?

Hornindal har erfaringar frå samarbeid med opplæringskontor, medan Volda har erfaringar med å forvalte lærlingordninga i eigen regi. Utfordringar i Hornindal har vore mangel på faste læreplassar og at einingane må bruke mykje ressursar på å avklare om det er kapasitet og økonomi til å ta i mot lærling når det kjem søknad om læreplass. Samarbeidet med opplæringskontoret har vore viktig for å gi eit fagleg godt opplæringstilbod til få lærlingar, rettleiing av fagansvarlege og instruktørar, og til administrative oppgåver overfor m.a. fylkeskommunen knytt til opplæringskontrakt, melde opp til fagprøve og innkrevjing og refusjon av lærlingtilskot. Samarbeidet med opplæringskontoret har også medverka til rekruttering, all den tid kommunen får nye søkarar om læreplass i kommunale fag.

Volda har hatt stabilitet i lærlingarbeidet over mange år med lærlingkoordinatoren, som har utført tilsvarande oppgåver som eit opplæringskontor. Det er satsa på oppretting av aukande tal faste læreplassar, opplæring av tilsette og sentralisering av oppgåver for å sikre meir effektiv forvaltning. Kommunen har godt omdøme som lærestad, som syner att i gode søkartal til læreplassane. Ein har gode instruktørar og fagansvarlege, som opplever støtte og oppfølging i arbeidet. Dette har samanheng med kontinuitet og kvalitet i alle ledd. Utfordringa for Volda vidare er først og fremst at lærlingkoordinator etter mange års fartstid på feltet sluttar hausten 2019. Det er krevjande å byggje ny kompetanse med avgrensa ressursar til arbeidet med spesialiserte tenester. Fagmiljøet er lite og sårbart, og det er utfordrande å rigge ei berekraftig teneste for å møte behov og krav som tvinger seg fram, m.a. å ta digitale læreverkty i bruk.

Administrering og oppfølging av lærlingordninga er meir omfattande enn tidlegare år. Tal lærlingar som skal ha fagleg oppfølging og tilrettelegging er nær dobla i Volda siste 8 åra, og ein har lærlingar i fleire kommunale fag på tvers av sektorar og tenester. Organiseringa med lærlingkoordinator i 30 pst. stilling, som i praksis utfører dei same oppgåvene som eit opplæringskontor, må vurderast. Skal nye Volda kommune drifte lærlingordninga i eigen regi må ressursane aukast, for å sikre god nok kvalitet i opplæringa og oppfølginga av lærlingar og lære plassar i eit større geografisk område. Om styrkinga berre skal vere knytt til ei administrativ koordinering eller også omfatte ei fagleg styrking, må også vurderast.

Utdanningsavdelinga i fylket har vist til at kommunane/opplæringskontora treng 100 pst. administrativ ressurs per 30-35 lære plassar. I dag har Volda 30 pst. koordinatorressurs til arbeidet med 20 lære plassar, ei ressurs som var berekna til oppfølging av 11. Det er vanskeleg å vite kor stor ressurs som bør settast av til arbeidet. Sidan Volda nær har dobla tal lære plassar, kan det vere naturleg å tenkje at ressursen bør aukast tilsvarande om lærlingordninga skal driftast vidare som eit opplæringskontor i kommunalt regi, dvs. at koordinatorressursen må aukast til ei 60 pst. stilling. Lærlingkoordinatoren har tidlegare vurdert behov for ei fagleg ressurs på minst 30 pst., derav 20 pst. i helse og omsorg og 10 pst. i oppvekst. Det er desse sektorane som har flest lære plassar og behov for å kvalitetssikre opplæringa på tvers av avdelingane innan eitt og same lærefag.

Digitaliseringa er på full fart inn i lærlingarbeidet, og det er utfordrande for små kommunar med få ressursar å følgje med på utviklinga. Mange kommunar og opplæringskontor har teke i bruk digitale lærebøker, som hjelper lærlingen å ha struktur og oversikt over opplæringa. Lærlingen kan loggføre aktivitetar og dokumentere kva ein har lært, og følgje med på eige opplæringsløp. Verktøyet vert også nytta til kommunikasjon mellom opplæringskontor, arbeidsplassen og lærlingen. Om ein ikkje heng med i den teknologiske utviklinga kan ein misse verdifull rekruttering av lærlingar, som vel lære plass i kommunar som er betre rigga til å følgje med i den teknologiske utviklinga.

Fleire kommunar har etablert samarbeid om opplæringskontor som administrerer lærlingordninga, tek ansvar for rekruttering og samordning av inntak på tilgjengelege lære plassar, og som har ansvar for oppfølging og opplæring av lærlingar og lære plassar. Slik sikrar ein stordriftsfordeler og kan samle kompetansen i større fagmiljø. Tenesta blir mindre sårbar og betre rigga til å følgje med på den faglege utviklinga og ta i bruk ny teknologi. Eit opplæringskontor kan også nytte ledige lære plassar på tvers av medlemsbedriftene, og slik sikre at flest muleg lære plassar blir tekne i bruk til det beste for lærlingane og lærebedriftene.

Opplæringskontor for Volda og Ørsta

Felles opplæringskontor for Volda og Ørsta kommunar har vore på agendaen i meir enn 8 år, utan at dette har blitt realisert. Dette kjem fram m.a. i pkt. 2 i k-sak 119/10 frå møte 11.11.10: *Volda kommune skal arbeide for felles opplæringskontor med Ørsta kommune frå 1.januar 2012.* Det har blitt gjort fleire sonderingar. Personalsjefen i Volda gjorde sist sonderingar i både 2017 og 2018. Begge vart avvist av personalsjefen i Ørsta kommune. Ørsta er nøgd med den ordninga dei har i dag, og ønskjer å halde fram denne.

Ørsta kommunestyre handsama i møte 01.11.18 sak om lærlingordninga. I saka kjem det fram at Ørsta vil halde fram med same organiseringa og administrative ordninga dei har i dag. Eit nærare samarbeid med Volda om lærlingordninga vert ikkje nemnd, utover at det vert samarbeidd om felles fag- og kursdagar. Det kjem fram følgjande under spørsmål om opplæringskontor:

Kommunen har ved fleire høve vurdert om det skulle vere aktuelt å gå inn i Søre Sunnmøre opplæringskontor. Det er berre Ørsta og Volda av dei sju kommunane som ikkje har teke del

i opplæringskontoret. Både Ørsta og Volda har konkludert med det same; ordninga vert dyrare og det er vanskelegare å fylgje lærlingane opp.

Volda kommune har ikkje tidlegare utgreidd og vurdert medlemskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre. Det vert først gjort i denne saka.

Det kjem fram i saksutgreiinga at Ørsta vurderer at dei må ha ei 40 pst. koordinatorstilling i kommunen ved eit medlemskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre, og baserer dette på erfaringstal frå Ulstein kommune. Grunna kostnaden til koordinatorstilling og at Opplæringskontoret skal ha noko av lærlingtilskotet til drift, vert medlemskap vurdert å vere meir kostnadskrevjande enn å drifte lærlingordninga i Ørsta kommune. I brev til Ørsta kommune 07.02.19 blir opplysningane korrigert av Opplæringskontoret for søre Sunnmøre:

I saksframlegget, har det kome fram opplysningar som ikkje er korrekte under avsnittet «Spørsmål om Opplæringskontor». Her har det blitt lagt inn ei oversikt over kostnader med å drive lærlingordninga sjølve, eller å bli medlem i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre.

I medlemskap med Opplæringskontoret, skal det ikkje vere naudsynt å løne ein eigen koordinator i stillingsprosent. Det blir heller ikkje gjort i våre medlemsbedrifter.

Alle bedrifter som blir godkjente som lærebedrifter, må ha ein fagleg leiar, dette er ofte styrarar i barnehagar, rektorar på ein skule, einingsleiarar på omsorgssenter, eller ein annan person som har dette ansvaret som ein del av sine arbeidsoppgåver.

I omsorgstenesta vil dette i periode krevje litt meir av ein fagleg leiar, men dette vert styrt av kor mykje kommunen ønskjer å delegere over til oss i Opplæringskontoret.

Når det gjeld overføringar frå Opplæringskontoret til medlemsbedriftene så er det Årsmøtet som vedtek dette. Viser til vedtekter. I eit medlemskap vil kommunen også få valt inn ein person i styret med personleg vara.

Det kjem fram av utgreiinga at Ørsta fram til 2019 har hatt 16 læreplassar og 50 pst. ressurs til arbeidet med lærlingordninga; 30 pst. som lærlingansvarleg og 20 pst. fagansvarleg sjukepleiar i helsefaget. Kommunestyret i Ørsta vedtok å auke tal læreplassar til 21 frå 2019.

Lærlingkoordinator i Volda kommune og lærlingansvarleg i Ørsta kommune har over fleire år hatt eit godt samarbeid, m.a. om felles fagdagar for lærlingar. Kommunane har også samarbeidd med Opplæringskontoret for søre Sunnmøre om felles kursdagar for instruktørar. I hovudsak organiserer Volda og Ørsta lærlingordninga på same måte, i kvar si kommune.

Opplæringskontoret for søre Sunnmøre

Opplæringskontoret for søre Sunnmøre skal i år markere 20 år som interkommunalt opplæringskontor på Søre Sunnmøre. Kontoret vart oppretta i Hareid kommune i 1994. I 1999 vart kommunane Ulstein, Herøy og Sande medlemmar, og i 2008 vart Vanylven medlem. Kontoret har per 31.12.18 20 medlemsbedrifter og 66 lærlingar. Gjennom medlemsbedriftene har kontoret godkjenning i 8 lærefag. 15 private bedrifter (barnehagar, barne- og ungdomsskule, folkehøgskule, hotell) er også medlemmar, og 3 nye bedrifter er på veg inn. Det vert arbeidd med eit samarbeid med Helse Sunnmøre. Kontorlokale vart flytta frå Hareid til Ulstein i 2013. Frå 1998 til i dag har kontoret hatt 21 lærlingkull og 339 lærlingar. Opplæringsontoret får gode tilbakemeldingar, både i høve fagleg og økonomisk nøktern drift.

I 2013 gjekk Opplæringskontoret gjennom ei omorganisering og var registrert som sjølvstendig bedrift og organisasjonsforma Foreining, i Brønnøysund-registeret. Kontoret vert leia av eit styre på 7 medlemmar, valt av årsmøte for 2 år. Dei 5 medlemskommunane har kvart sitt styremedlem. Det er 1 styremedlem for dei private bedriftene og 1 for arbeidstakarorganisasjonane. Alle har personlege vara. Lærlingrepresentant og utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune har tale- og forslagsrett. Styret møtast minimum 3 gonger per år. Årsmøtet er Opplæringskontoret sitt øvste mynde. Medlemskommunane har 1 stemme kvar, og representantane frå dei privat medlemsbedriftene og arbeidstakarorganisasjonane har 1 stemme kvar.

Opplæringskontoret har 1,7 årsverk; dagleg leiar (100 pst.) og opplæringskonsulent (70 pst.). Dei tilsette har lang og brei erfaring. Dagleg leiar starta i stillinga i 2007 og har bakgrunn og fagbrev som kokk, og er utdanna yrkesfaglærer i restaurant og matfag. Opplæringskonsulenten starta i 2018 og har bakgrunn og fagbrev som hjelpepleiar m.a. i Volda kommune, og er utdanna yrkesfaglærer i helse- og oppvekstfag. Personalreglementet for Herøy kommune vert nytta som personalreglement for Opplæringskontoret.

Opplæringskontoret administrerer lærlingordninga for kommunar/lærebedrifter, og har hovudansvar for at opplæringa skjer etter gjeldande lover og forskrifter. Dei skal arbeide etter vedtekter, retningslinjer og kvalitetssystem utarbeidd av utdanningsavdelinga i fylkeskommunen. Oppgåvene inneber m.a.:

- Koordinere og støtte medlemmane si fagopplæring
- Medverke til at opplæringa held god fagleg kvalitet
- Representere medlemsbedriftene ut mot elevar i vidaregåande skule
- Rekruttere lærlingar til medlemsbedriftene
- Vere bindeledd og kontaktperson mellom skule og lærebedrift
- Inngå lærekontrakt (part i kontrakten)
- Syte for at lærlingen blir plassert i bedrifter som kan dekkje måla i læreplanen
- Ansvar for oppstart og rulling av lærlingar i samarbeid med kommunar/lærebedrift
- Ansvar for registrering av relasjonar mellom bedrift, lærling og instruktør
- Følgje opp digitale lærebøker/opplæringsplan (OLKWEB)
- Følgje opp lærlingen gjennom læretida
- Melde frå til fylke om sjukemelding og mykje fråvær
- Besøk til alle lærlingar og instruktørar ein gong i halvåret (halvårssamtalen)
- Søkje om ekstra midlar til bedrift der ein har lærling med sakkunnig uttale
- Arbeide aktivt med informasjonsformidling på læreplassane
- Hjelp til med tiltak for bedrift/lærling ved behov
- Organisere samlingar/kurs for lærlingar, instruktørar og faglege leiarar
- Møteleiar på møter som vedkjem opplæringa
- Kalle inn aktuelle partar til møter som vedkjem opplæringa
- Melde lærlingane opp til fagprøve
- Ansvar for ev heving eller endring av kontrakt
- Gi råd om opplæringstilbod, analysere opplæringsbehov og utvikle planar for opplæring

Digitale lærebøker – OLKWEB

I 2018 sette Opplæringskontoret av ressursar til å få på plass digitale lærebøker i det nettbaserte verktøyet OLKWEB. Dei engasjerte prosjektleiar i 50 pst. stilling i 9 månader, som laga alle kompetansemåla med delmål i lærefaga, og hadde ansvar for opplæring av lærlingar, instruktørar og fagansvarlege. Etableringa hadde ein eingongskostnad på kr 17 375, og 50-100 lærlingar har ein årleg kostnad på kr 35 000. Kostnadene er inkl. mva. Dvs. ei samla kostnad til etableringa av digitale lærebøker på kr 281 875, inkl. løn til prosjektleiar.

Hausten 2018 vart OLKWEB teken i bruk. Verktøyet hjelper lærlingen å ha struktur og oversikt over opplæringa. Dei kan loggføre aktivitetar, dokumentere kva dei har lært og følgje med i eige opplæringsløp. Verktøyet har ein vurderingsfunksjon som nyttast i dialog mellom Opplæringskontoret og arbeidsplassen/lærlingen, og mellom instruktør, fagleg leiar og lærling. Det er også ein applikasjon til mobiltelefon; OLKMOB. Innføring av digitale lærebøker har bidrege til:

- God oversikt over kompetansemåla og ei tydelegare bevisstgjerung av desse
- Konkretisering av kompetansemål gjennom delmål i dei ulike faga, som gir meir lik opplæring for alle.
- Lærling kan laste opp dokumentasjon direkte i systemet (filer og bilete)
- Betre kontroll/oppfølging av den skriftlege gjennomføringa både for Opplæringskontoret og instruktøren
- Lærlingen kan få vurdering og tilbakemelding frå fagleg leiar
- Opplæringskontoret kan gi rettleiing til instruktør
- Moglegheit for ein vurderingsfunksjon i staden for å sende ut papir
- Oversikt over aktivitetar for lærlingar/rettleiarar (møter, kurs mv.)
- Lett tilgjengelege dokument, skjema mv. i ressurscenter
- Gode individuelle tilpassingar med læreplan, t.d. til dei med individuell opplæringsplan
- Tilskotsfunksjon, som skal brukast frå våren 2019

Rettleiingsvideo: <https://www.youtube.com/watch?v=g8uq90jh8zQ&feature=youtu.be>

Økonomi og styring

Opplæringskontoret får overført lærlingtilskotet frå fylkeskommunen for alle lærlingane. Ev særskilde ekstratilskot går direkte til bedrifta. Årsmøtet vedtek kor stor del av tilskotet som skal gå tilbake til medlemsbedriftene, og kva som skal gå til utvikling og drift. Dvs. at medlemskommunane har innflytelse på den økonomiske fordelinga av lærlingtilskotet mellom det Opplæringskontoret skal ha til drift og utvikling, og kor mykje som skal refunderast kommunane og bedriftene som har lærlingar. Refusjon av tilskotet blir delt i høve tal lærlingar i medlemsbedriftene. I 2018 vart det refundert om lag 70 pst. av lærlingtilskotet, som skal bidra til m.a. finansiering av løn til lærlingane og kompensasjon til instruktørane i lærebedriftene. Årsmøtet skal ta stilling til refusjonen for 2019 på årsmøtet 14.03.19. Det kjem fram av årsmeldingar at kontoret driv godt og har god økonomi. Herøy kommune har ansvar for rekneskapen. Revisjonen er ved Søre Sunnmøre kommunerevisjon.

Opplæringskontoret har eiga Facebook-side, sjå link her:

<https://www.facebook.com/Opplæringskontoretsoresunmore/>

Opplæringskontoret har ved fleire høve invitert Volda og Ørsta til å bli med i samarbeidet, og nye Volda kommune er ønska velkomen til å søke medlemskap. Søknad om medlemskap vert avgjort av styret. Medlemmar vert tekne opp etter at avgift på kr 1 000 er betalt. Avgifta skal betalast årleg. Utmelding skjer med 1 års varsel. Lærlingar som har oppretta kontrakt gjennom Opplæringskontoret skal fullføre læretida gjennom dette forholdet, sjølv om bedrifta seier opp sitt medlemsforhold før kontraktfesta læretid er avslutta.

Erfaringane Ulstein kommune har etter 20 års medlemskap i Opplæringskontoret er formidla av personalsjefen i Ulstein, som har det overordna ansvaret for lærlingordninga i kommunen, og er fast medlem av styret. Personalrådgjevar i personalavdelinga er personleg vara. I tida personalsjefen var styreleiar kom det svært gode tilbakemeldingar frå fylkeskommunen på kvaliteten i arbeidet til Opplæringskontoret. Dei driv fagleg godt og har god og nøktern økonomi. Det medfører ikkje mykje arbeid med å vere styremedlem, men ein får nyttig informasjon og har høve til å påverke. Styreleiar har ein del ekstra arbeid som arbeidsgivar for dagleg leiar. For ekstra arbeid får medlemsbedrifta som har styreleiar, refundert lærlingtilskot for 1 ekstra lærling enn det bedrifta har.

Personalavdelinga i Ulstein kommune budsjett- og økonomiansvar, og skriv arbeidsavtale med lærlingen. Helse og omsorg har eigen fagansvarleg. I andre sektorar har einingsleiar fagleg ansvar. Det er ikkje sett av eigen ressurs til å ha eit slikt fagansvar. Instruktørane får eit funksjonstillegg som i Volda. All utlysning og behandling av søknader vert gjort av Opplæringskontoret. Kommunen har meldt inn kapasitet på 16 lærlingar til ei kvar tid, og kontoret tek kontakt med personalavdelinga for å avklare behov, formidle ønskje og oversikt over aktuelle søkarar. Ulstein kommune opplever eit svært godt samarbeid med Opplæringskontoret. Dei har god kompetanse og eit sterkt engasjement for lærlingane. Dei har høve til å ha eit nettverk og vere oppdatert på ein måte kommunen ikkje hadde greidd sjølve. Kontoret driv nøkternt og godt, og tilbakemeldingane frå utdanningsavdelinga er svært gode. Om Volda vel å bli med i dette samarbeidet, står vi enda sterkare og vil ha eit godt tilbud til ungdom og vaksne som tek fagopplæring i kommunale fag. Det er eit stort pluss at dei tilsette i Opplæringskontoret er samtalepartnar både til lærlingen, arbeidsgivar, utdanningsavdelinga, føresette og samarbeidspartar som PPT, helsevesenet og OT. Det er bra for alle partar at einingsleiarar og personalavdelinga ikkje har dette ansvaret åleine.

Vurdering og konklusjon:

Det er fleire grunnar til at nye Volda kommune bør ta i mot lærlingar og ha ei god organisering av lærlingordninga. Kommunal sektor vil ha store framtidige rekrutteringsbehov innafor fleire kommunale fag, særleg i helse og omsorg. Prognoser viser at vi vil trenge 54 000 nye årsverk i sektoren fram mot 2030. Fram mot 2050 er det estimert eit behov for 130 000 årsverk. Alle profesjonar må bidra. For å sikre ettervekst av faglært arbeidskraft i kommunal tenesteproduksjon, må kommunen legge til rette for at elevar kan fullføre fagopplæringa si. Fagarbeidaren vil stå for den tettaste kontakten med brukaren. Dyktige og kompetente fagarbeidarar er avgjerande for å sikre eit berekraftig velferdssamfunn.

Kommunen har også eit samfunnsansvar å leggje til rette for at elevar skal få fullføre fagutdanninga. Mange står utan læreplass. I Møre og Romsdal sto 1 av 3 utan læreplass ved utgangen av 2018, dvs. 376 personar. Held denne utviklinga fram vil landet mangle 90 000 fagarbeidarar i 2035 (SSB). Landstinget i KS rår kommunane til å ha minst to lærlingar per 1 000 innbyggjarar. Nye Volda kommune bør ut i frå desse signala minst ha 21 lærlingar.

Mål for samanslåinga av Hornindal og Volda kjem fram av intensjonsplanen. Strategiske satsingsområde i nye Volda kommune er sysselsetting, digitalisering og kompetanseutvikling. Saman med nabokommunar skal nye Volda kommune ta ein posisjon for vekstkraft og utvikling i ein større region, sikre gode tenester med høg kvalitet, vere ein attraktiv lokaliseringsstad for næringsverksemd og sentrale tenester, ha ein sterkare gjennomslagskraft utad, vere ein utviklingsaktør, byggje ein vekstkraftig og attraktiv ny kommune, leggje til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu- og arbeidsområde i alle delar av kommunen. Vi skal byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø, løyse strategiske oppgåver og prøve ut nye modellar for tenesteyting. Retningsvalet for framtidig interkommunale tenestesamarbeid gir føringar om eit samarbeid med Opplæringskontoret for søre Sunnmøre.

Om nye Volda kommune skal drifte lærlingordninga i eigen regi med oppgåver som i eit opplæringskontor, kan ein halde fram samarbeidet med Ørsta og Opplæringskontoret for søre Sunnmøre om fag-/opplæringsdagar for lærlingar og instruktørar. Ei slik organisering vil gi eit relativt lite fagmiljø, og det er sårbart ved sjukdom og permisjonar. Administrering og oppfølging av lærlingordninga er meir omfattande enn tidlegare år. Det vil vere mest uråd å sikre den breidda og djupna som er ønskjeleg i kompetansen til eit opplæringskontor, som har dette som primær oppgåve.

Det er utfordrande for små kommunar med få ressursar å følgje med i den teknologiske utviklinga. Om ein ikkje heng med kan ein misse verdifull rekruttering av lærlingar og framtidig faglært arbeidskraft, om desse vel læreplass i kommunar som er betre rigga til å følgje med i utviklinga. Opplæringskontoret for søre Sunnmøre har siste året nytta betydelege ressursar på å ta i bruk ny teknologi med digitale lærebøker. Dette bidreg til auka kvalitet i opplæringa og meir effektiv forvaltning, og gir høve til effektiv kommunikasjon mellom Opplæringskontoret, lærlingen og arbeidsplassen. Ein tilskotsfunksjon skal også takast i bruk i OLKWEB, frå våren 2019.

Rolle- og ansvarsfordelinga mellom Opplæringskontoret for søre Sunnmøre og kommunen kjem fram av vedlegg 6. Ved medlemskap i Opplæringskontoret vil dei overta ansvar og oppgåver som lærlingkoordinatoren i Volda kommune har hatt. Det er ikkje behov for kommunen å ha ein koordinator i ein viss stillingsprosent. Dette har heller ikkje dei andre medlemskommunane. Alle lærebedrifter må ha ein fagleg leiar, noko som er ivareteke i alle einingar som har læreplass i både Hornindal og Volda kommunar. Særleg i helse og omsorg kan dette i ei periode krevje litt meir av ein fagleg leiar, men dette vert styrt av kor mykje kommunen ønskjer å delegere til Opplæringskontoret.

Sonderingar over fleire år om interkommunalt samarbeid med Ørsta om lærlingordninga, har ikkje ført fram. Ein kan ikkje sjå at dette vil endre seg på kort sikt, all den tid sak om lærlingordninga nyleg har vore politisk handsama i Ørsta kommunestyre. Ut i frå dette har nye Volda kommune to alternativ når det gjeld å rigge arbeidet med lærlingordninga: Melde seg inn i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre, eller administrere arbeidet i eigen regi.

Alt. 1: Innmelding i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre

Volda kommune samarbeider tett med kommunane på søre Sunnmøre på mange tenestoområde. På nokre område deltek alle kommunane t.d. i SSIKT-samarbeidet, på andre område deltek berre eit utval av kommunane t.d. i barnevernssamarbeidet. Gjennom samarbeid om eit interkommunalt opplæringskontor har dei 5 kommunane på ytre søre Sunnmøre oppnådd stordriftsfordelar til å handtere spesialiserte tenester i lærlingarbeidet. Fagkompetansen er samla i større fagressurs og fagmiljø, og tenesteproduksjon er mindre sårbar. Dei er betre rigga til å følgje med i utviklinga og møte framtidige behov, for å tilpasse seg utviklinga og ta i bruk ny teknologi. Dei har lang erfaring, lokal kunnskap om kommunane og næringslivet i regionen, og jobbar aktivt inn mot skular og yrkesmesser for rekruttering av lærlingar til yrkesfaga i medlemsbedriftene. Med fleirtalet av kommunane på Søre Sunnmøre som medlemsbedrifter, har Opplæringskontoret god kunnskap og oversikt innafor kommunale lærefag. Ledige læreplassar vert nytta på tvers av lærebedriftene. Dei får stadig nye medlemsbedrifter, og er i dialog med Helse Sunnmøre og Volda sjukehus for samarbeid om læreplassar. Fleire private barnehagar og bedrifter er medlemmar, som opnar for samhandling med øvrig næringsliv, gir auka kompetanse og attraktivitet, og inntekter til drifta. Kontoret har god administrativ, fagleg og økonomisk nøktern drift. Om Volda søker medlemskap vil kommunane stå enda sterkare saman, og samla få eit godt tilbod til ungdom og vaksne som tek opplæring i kommunale fag.

Alt. 2: Administrere lærlingordninga i eigen regi i nye Volda kommune

Å administrere lærlingordninga i eigen regi vil innebere at nye Volda kommune vil ha eit sjølvstendig administrativt og fagleg ansvar for opplæringa og oppfølginga av lærlingane. Dvs. at personalavdelinga og/eller einingar har ansvar for kvalitet og kontinuitet i den praktiske delen av fagopplæringa, for å sikre lærlingane eit godt grunnlag for å gjennomføre og bestå fagprøve. Arbeidet inneber rekruttering og inntak, kontakt med skular og fylkeskommunen, og informasjons- og opplæringsansvar for lærlingar og tilsette. Dagleg opplæring og fagansvar vil uavhengig av organisering ligge i eininga som har lærling. Arbeidet må riggast for å følgje med på den faglege og teknologiske utviklinga, og det må

setjast av tilstrekkelege ressursar til arbeidet. Det er vanskeleg å vite kor stor koordinatorressurs ein treng, men naturleg at den aukast i høve tal lærlingar, dvs. til 60 pst. Det må nærare vurderast kva behov ein må stette i einingane. Det er tidlegare vurdert at sektor helse og omsorg og oppvekstsektoren til saman treng ei 30 pst. fagressurs. Det må også setjast av stillingsressurs til å få på plass digitale lærebøker, samt til etablering og drift. Å sikre tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse på dette spesialområde med få lærlingar og tilgjengelege ressursar, gjer dette til eit sårbart alternativ.

Med avgrensa ressursar vert det krevjande for nye Volda kommune å byggje ny kompetanse etter lærlingkoordinatoren sluttar. Fagmiljøet vert lite og sårbart, og det er utfordrande å rigge ei berekraftig teneste for å møte behov og krav som tvinger seg fram. Rådmannen rår difor til at nye Volda kommune riggar ei meir framtidretta organisering av lærlingordninga i samarbeid med andre kommunar, som sikrar tilstrekkeleg fagkompetanse, kvalitet og kontinuitet i arbeidet. Slikt samarbeid er allereie godt rigga mellom kommunane på ytre søre Sunnmøre gjennom 20 års samarbeid om felles opplæringskontor. Tilbakemeldingar viser at kontoret har godt omdøme både i høve administrativ, fagleg og økonomisk nøktern drift. Eit medlemsskap av nye Volda kommune vil gi auka stordriftsfordelar ved å samle fagmiljø for kompetent og effektiv forvaltning av oppgåver og ressursar til lærlingordninga.

Rådmannen rår til at Volda kommune søker medlemsskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre frå 01.07.19. Dette vil sikre overlapping mellom Opplæringskontoret, lærlingkoordinator, fagansvarlege og instruktørar, før neste kull med lærlingar tek til ved skulestart til hausten. Dette er også fornuftig i høve lærlingtilskotet der perioden for 2. halvår er frå 01.07.19-31.12.19. Det vert også lagt fram ei eiga sak for fellesnemnda med innstilling om at dei sluttar seg til ei slik løysing ettersom den vil binde den nye kommunen frå 01.01.20. Hornindal kommune kan ev også slutte seg til Opplæringskontoret for søre Sunnmøre i løpet av 2019.

Helse og miljøkonsekvensar:

Å vere ein del av eit større og robust fagmiljø som er rusta til å setje i verk administrative og faglege tiltak for medlemskommunane, vil gi ei meir berekraftig og framtidretta tenesteforvaltning, og helse, miljø og samfunnsmessige innsparingar i framtida.

Økonomiske konsekvensar:

Kostnader med utgifter til lærlingordninga i Hornindal har vore årleg medlemskontingent på kr 10 000 til OKOS, samt differansen mellom refusjon av 70 pst. lærlingtilskot og kostnader til lærlingløn og variable tillegg. I 2018 utgjorde refusjon av lærlingtilskotet kr 53 568.

Under følgjer kostnadsoversikt ved å velje alternativ 1 eller alternativ 2, basert på erfaringstal frå Volda kommune. Det er ikkje teke høgde for lønsjustering av lærlingløn, og det er ikkje kjend kor stor del av lærlingtilskotet som vert refundert lærebedriftene. Refusjon for 2019 vert først vedteke på årsmøte i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre 14.03.19.

Verdiskapinga til lærlingane er medrekna i oversikta. Lærlingane har 50 pst. fagarbeidarløn i 2 år, fordi ein reknar at dei er 50 pst. i opplæring og gir 50 pst. verdiskaping for bedrifta. Verdiskapinga skjer ved at lærlingane går inn som vikar eller blir sett opp på sjølvstendige vakter. Slik reduserer einingane vikarkostnader. Verdiskapinga kan også vere i form av arbeid som bidreg til kvalitetsauke og/eller kvantitetsauke på arbeidsplassen.

Kostnader med lærlingordninga i Volda kommune i 2018

Kostnader med 20 lærlingar i 2018	SUM
Lærlingløn	4 250 000
Instruktørtilskot (kr 12 000 per lærling per år)	240 000
Lærlingkoordinator 30 pst. stilling	250 000

Brutto utgift	4 740 000
Lærlingtilskot frå fylkeskommunen	1 200 000
Utgifter 20 lærlingstillingar	3 540 000
Estimert verdiskaping frå lærlingane (50% av tida)	2 125 000
Netto utgift	1 415 000

Alt. 1. Kostnader med medlemskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre

Kostnader med 20 lærlingar i 2019 (halvårsverknad)	SUM
Lærlingløn	4 250 000
Instruktørtilskot (kr 12 000 per lærling per år)	240 000
Medlemskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre	1 000
Brutto utgift	4 491 000
Lærlingtilskot frå fylkeskommunen (<i>om lag 50 pst. refusjon 2. halvår</i>)	900 000
Utgifter 20 lærlingstillingar	3 591 000
Estimert verdiskaping frå lærlingane (50% av tida)	2 125 000
Netto utgift	1 466 000

Kostnader med 20 lærlingar i 2020 (heilårsverknad)	SUM
Lærlingløn	4 250 000
Instruktørtilskot (kr 12 000 per lærling per år)	240 000
Medlemskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre	1 000
Brutto utgift	4 491 000
Lærlingtilskot frå fylkeskommunen (<i>om lag 50 pst. refusjon heile året</i>)	600 000
Medlemskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre	1 000
Utgifter 20 lærlingstillingar	3 891 000
Estimert verdiskaping frå lærlingane (50% av tida)	2 125 000
Netto utgift	1 766 000

Alt. 2. Kostnader med å administrere lærlingordninga i eigen regi i Volda kommune

Kostnader med 20 lærlingar i 2019	SUM
Lærlingløn	4 250 000
Instruktørtilskot (kr 12 000 per lærling per år)	240 000
Lærlingkoordinator 60 pst. stilling*	500 000
Brutto utgift	4 990 000
Lærlingtilskot frå fylkeskommunen	1 200 000
Utgifter 20 lærlingstillingar	3 790 000
Estimert verdiskaping frå lærlingane (50% av tida)	2 125 000
Netto utgift	1 665 000

**Det er ikkje teke stilling til behov for fagleg ressurs i sektor helse og omsorg og oppvekst. Om ein legg inn ei 30 pst. stilling til dette, vil netto utgift auke med kr 250 000, til kr 1 915 000.*

Dersom Volda kommune skal administrere lærlingordninga i eigen regi må ein også ta høgde for kostnader til å få på plass digitale lærebøker. Erfaringstal frå Opplæringskontoret tilseier at Volda må budsjettere med kr 255 000 med 0-50 lærlingar første året ein etablerer og tek dette i bruk. Ei årleg kostnad seinare år vil vere på om lag kr 21 700 eks. mva., samt ressursar til drift og vedlikehald.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Berit Lyngstad
personalsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Personalavdelinga i Hornindal kommune

Personalavdelinga i Volda kommune

Opplæringskontoret for søre Sunnmøre



INFORMASJON OM LÆRLINGORDNINGA

Lærlingen sitt tilsettingsforhold

Lærlingane følger vanlege søknadsprosedyrer på utlyste stillingar (lære plassar). Søknadane blir gjennomgått av avdelingsleiar/personalkonsulent i dei aktuelle avdelingar / sektorar og lærlingkoordinator. Aktuelle søkjarar blir kalla inn til intervju og referansar blir sjekka før søkjar får tilbod om lære plass.

Tilbod om lære plass vert sendt i posten til søkjar. Dersom søkjer tek imot lære plassen skriv han under på skjemaet og sender det tilbake til kommunen. Lærlingkoordinator melder til fylket kven som har fått lærlingstilling ved å registrerer dei på vigobedrift.no.

På bakgrunn av denne meldinga / registreringa skriv Møre og Romsdal fylkeskommune v/utdanningsavdelinga den formelle lærlingkontrakta og sender den til kommunen. Lærling, fagleg leiar og ansvarleg leiar skriv under lærekontrakta og sender den i tilbake til utdanningsavdelinga. Dei behandlar kontrakta formelt og lærling og kommune får tilbake gyldig lærlingkontrakt med avtalt dato for læretida. Kontrakta er bindande i den tida som er avtalt.

Arbeidsavtale - mellombels tilsetting

I tillegg til lærekontrakta skal lærlingen ha arbeidsavtale med Volda kommune for same tidsrom som lærekontrakta. Lærlingen er då mellombels tilsett i kommunen og har same rettar og plikter som andre tilsette. Lærekontrakt og arbeidsavtale gjeld for same tidsrom, er avhengige av kvarandre og opphøyrer ved sluttdato.

Utviding av læretida kan bli vurdert av kommunen i samråd med utdanningsavdelinga i fylkeskommunen, t.d. ved langvarig sjukefråvær eller permisjon. Ved slikt fråvær bør kontrakta stoppast mellombels.

Dersom lærlingkontrakta vert sagt opp før avtaletida, må arbeidsavtalen også seiast opp. Oppseiingstida er 1 måned.

Teieplikt

Lærlingar med yrker der ein behandlar sensitive opplysningar, har teieplikt i samsvar med Forvaltningslova. Nokre yrker har også teieplikt i samsvar med særlov, t.d. helsepersonell-lova. Lærlingane må skrive under på teieplikt-skjema og praktisere reglane strengt.

Arbeidstid

Lærlingane er tilsette i 100% stilling og har 37,5t arbeidsveke. Dei lærlingane som arbeider i oppsett turnusplan har 35,5t arbeidsveke.

Fråvær

Sjukdom

Lærlingen melder sjukefråvær, som andre tilsette, til avdelingsleiar i avdelinga. Fråværet skal meldast straks ein veit at ein må vere borte frå arbeid, seinast første fråværsdag. Sjukefråvær skal dokumenterast med eigenmelding eller sjukemelding. Eigenmelding kan lærlingen nytte etter å ha vore tilsett i 2 månader. Sjukdom før den tid må dokumenterast ved sjukemelding frå lege.



Permisjon

Lærlingen har same permisjonsrettar som andre tilsette. Jfr. permisjonsreglementet i Kvalitetslosen. Alle permisjonar, med eller utan løn, må søkjast på eige søknadsskjema. Søknaden skal leverast til avdelingsleiar.

Ferie

Lærlingen har rett til fem (5) veker ferie pr kalendarår. Ferie skal alltid avtalast med avdelingsleiar. For å få løn i ferien må lærlingen ha arbeidd opp feriepengar året før.

Løn

Lærlingane får løn i samsvar med kapittel 6.1.2 i Hovedtariffavtalen (HTV). Dei får ei årsløn for fagarbeidar utan ansienitet, stillingskode 7517, fordelt over to lærlingår, det vil seie at dei får 50% løn kvar månad heile læretida. Dette er etter avtale med Fagforbundet.

Når lærlingane arbeider i turnus får dei tillegg for arbeid kveld/natt, helg og høgtid i samsvar med Hovudtariffavtalen kapittel 1, § 5.2, 5.3 og 5.4.1.

Lærlinglønna er budsjettert og blir rekneskapsført i personalavdelinga. Lærlingkoordinator og lønsavdeling har ansvar for at lærlingane blir registrert i lønssystemet når dei startar i stillinga. Avdelingsleiar på dei ulike avdelingane lærlingen arbeider, tilviser tillegga lærlingane skal ha. Tillegga skal utgiftsførast på avdelinga lærlingen arbeider.

Pensjon

Lærlingane er ikkje med i arbeidsgjevar si tenestepensjonsordning. Jfr. HTA kap.6.1.15.

Overtid

Lærlingar under 18 år skal ikkje ha overtid. Jfr. HTA kap.6.1.11.

Lærlingen arbeider i 100% stilling og skal i prinsippet ikkje arbeide ut over stillinga si. I unntakstilfelle kan lærlingar over 18 år spørjast om å ta ekstravakt. Då skal lærlingen betalast etter overtidsreglane i HTV kapittel 1, § 6.

Tøygodtgjerdsle blir utbetalt når lærlingane er på praksisplassar som krev spesielt arbeidstøy og lærlingen må halde arbeidstøy sjølv. Avdelingsleiar melder dette til lønskontoret.

Opplæringsansvar, instruktør

Lærlingane er i lære gjennom heile lærlingtida. På kvar arbeidsplass har lærlingen ein instruktør som har hovudansvar for å veilede lærlingen fagleg. I tillegg til praktisk opplæring og utøving av faget skal lærlingen arbeide med opplæringsmåla for faget. Kvart av læremåla i fagplanen er gjort om til ei oppgåve lærlingen skal arbeide med. Instruktørane skal hjelpe lærlingane ved å drøfte oppgåvene og gje rettleiing. Når oppgåvene er gjennomførte både teoretisk og praktisk, skal instruktøren godkjenne oppgåvene og signere.

Lærlingen skal få avsett 1,5 - 2 t pr veke til arbeid med opplæringsmåla og samtale med instruktøren.

Instruktøren får eit funksjonstillegg på kr 1000 pr mnd (pr. 01.01.18) for ekstra arbeid og ansvar med opplæring av lærlingen. Avdelingsleiar melder til lønsavdelinga kven som er instruktør og kva tidsrom dei skal ha funksjonstillegg for. Kopi av meldinga til lærlingkoordinator



Politiattest

Alle lærlingar som skal arbeide med barn og unge og/eller i helse- og omsorgssektoren skal levere politiattest. Attesten skal leverast lærlingkoordinator når lærlingen tek imot stillinga eller seinast til avdelingsleiar første arbeidsdag. Avd.leiar sender politiattesten til lærlingkoordinator. Motteken og godkjend politiattest blir notert under merknadsfana i personalmappa til lærlingen.



Ansvar for opplæringa til lærlingane

Fleire aktørar har ansvar for at lærlingane har ei god læretid og får den opplæringa dei skal ha.

Møre og Romsdal fylkeskommune, utdanningsavdelinga, har ansvar for dei vidaregåande skulane i fylket. Læretida er ein del av vidaregåande opplæring.

Fagavdelingane/ leiar sitt ansvar

Helse og omsorg ved avdelingsleiarane (helsefag) og kjøkkensjefen (institusjonskokk)
Opplæring og oppvekst v/ rektorar og barnehagestyrar

- Gjennomgå søknader og prioritere ilag med lærlingkoordinator. Delta på intervju.
- Inngå lærekontrakt og arbeidsavtale
- Avtale kven som skal vere instruktør og legge til rette for at arbeidet kan utførast
- Sørge for at instruktørane får utbetalt funksjonstillegget
- Sørge for arbeidsmiljø som fremjar læring
- Sjå til at lærlingane får delta på fagkurs og i sosiale samanhengar på arbeidsplassen
- Sørge for at instruktøren tek imot lærlingen første dag/veke
- Sikre at lærlingen får same opplæring som andre nye medarbeidarar
- Lage turnus/arbeidsplan mest mogleg i samsvar med instruktør si arbeidstid
- Sørge for at lærlingen får tid til arbeid med læreperm

Lærlingkoordinator sitt ansvar

- Initiere utlysing av lærlingstillingar i februar kvart år, samle søknader og planlegge intervju ilag med fagavdelingane. Gjennomføre intervju, prioritere og tilsetje lærlingar.
- Melde til Utdanningsavdelinga i Fylkeskommunen, via vigo.no, kven kommunen tilbyr lærlingkontrakt
- Ha klar inndeling av læretida og kven som er instruktør når lærlingen startar
- Melde til lønskontoret kva tid lærlingane startar i arbeid
- Overordna ansvar for at opplæringa er i tråd med læreplanen
- Instruktør/rettleiar for instruktørane har avdelingsleiar/styrar/ rektor/kjøkkensjef ansvar for å avtale og melde til lærlingkoordinator.
- Instruktørmøte lokalt i september kvart år



- Intern plan for opplæring, opplæringsplanen
 - Bedrifta/avdelinga si målsetting
 - Arbeidsoppgåver i tråd med kvart av kompetansemåla
 - Arbeidsoppgåver i tråd med lærlingen sin kompetanse
 - Kurs/opplæring lærlingen må ha (medikament, forflytting, fagtema...) Set opp 2-årsplan i lag med Ørsta. Kontaktpersonar i Ørsta er Hilde Flotve Mo.
 - Undervegsvurdering ilag med instruktør
 - Internkontroll – eigenvurdering av avd. som lærebedrift
 - Vurdere kompetanse og haldning til instruktøren og hans/hennar opplæringsbehov
- Delta på evaluering av lærlingen minst kvart ½ år, i praksis ved avslutning av kvar praksisperiode. Få kopi av evalueringsskjema og oppbevare til fagprøva er bestått.
- Oppmelding til fagprøve
- Vurdere haldning og kompetanse til instruktør
- Oppfølging og tilsyn av opplæringa i bedrifta

Instruktøren sitt ansvar

- Sette seg inn i læreplanen og gje opplæring i samsvar med den
- Vere tilgjengeleg for lærlingen
- Sette av tid til samtale med lærlingen
- Instruere og veilede i dagleg arbeid
 - Bistå lærlingen, vere ved sida
 - Instruere når nye vanskelege oppgåver, gå framfor
- Gje gode og klare tilbakemelding på fagleg og personleg utvikling i det daglege
 - Velfortent og konkret ros
 - Fagleg refleksjon over oppgåver og hendingar der og då gjev størst læringseffekt
- Bindeledd mellom lærling og fagleiar/lærlingkoordinator
- Ta lærlingen med på planlegging og deretter la lærlingen ta ansvar for planlegging, gjennomføring og eigenvurdering av arbeidsoppgåver, notere og korrigere avvik i planen
 - Er planen god og detaljert nok, fått med alt?
- Svare på spørsmål og hjelpe lærlingen til å grunnkje handlingane sine
- Kombinere instruksjon og veiledning
- Bruke fagleg refleksjon i opplæringa, Stimulere til fagleg nysgjerrighet
 - Slik gjer vi det her, kvifor? Kva kan gjerast annleis?
 - Teori i praktisk samanheng
 - Bruke spørsmåla kvifor gjorde du, kva hende/var resultatet, kva kunne du gjort annleis, hvis du gjorde slik – kva ville då vere resultatet?
- Gjennomføre mini-fagprøve på kvar praksisavdelingto der lærlingen er minst 4 mnd.
- Dokumentering av opplæringa
 - Minifagprøve i kvar praksisperiode som varer 4 mnd eller meir
 - Skriftleg tilbakemelding på miniprøva
 - Planlagd lærlingsamtale og evaluering på slutten av kvar praksisbolck, minst kvart ½ år, type medarbeidersamtale, inkl. skriftleg evaluering:
 - Korleis fungerer lærlingen i bedrifta, på avdelinga, i samarbeid med pasient og medarbeidarar
 - Korleis går arbeidet



- Korleis fungerer opplæringa
- Oppsummere slik at felles forståing for konklusjon og begge skrive under
- Kva arbeid med siste perioden, korleis fått gjennomført måla
- Plan for neste periode – spesielt fokus? Spesiell tilrettelegging?
- Info-møte med instruktør på ny avdeling. Lærling ha med tidlegare evalueringar og kor langt komen med lærepermen
- **Instruktør for kokkelærling kan, ilag med fagleiar, avtale at kokkelærlingen får kurs/praksis i anna bedrift, t.d. slakteri, fiskemat, diettkjøkken, bakeri ved behov**

Lærlingen sitt ansvar, rettar og plikter

- Lærlingen skal følgje personalreglementet i bedrifta på linje med andre tilsette. I tillegg har lærlingen rett til opplæring i samsvar med fagplanen for yrket.
- Lærlingen har ansvar for eiga læring
- Lærlingen er vanleg arbeidstakar, men med rett til særleg opplæring
- Lærlingen følgje arbeidstida i bedrifta
- Lærlingen skal dokumentere opplæringa ved logg og opplæringsperm slik at utviklinga blir synleg
- Lærlingen får veiledning i det daglege, ved planlagde samtalar med instruktør og på evalueringssamtale minst kvart ½ år (om fagleg utvikling, trivsel, innsats, motivasjon, samarbeid)
- Lærlingen har ansvar for å avtale evaluering med instruktør og melde tidspunkt til koordinator.
- Lærlingen skal førebu seg til fagprøve gjennom å lære i dagleg arbeid, ta imot veiledning, arbeide med læringsmåla og gjennomføre minifagprøve 2-4 gonger
- Lærlingen skal bruke verneutstyr og følgje andre HMS reglar på arbeidsplassen

Vurderingsarbeid

Undervegsvurdering

- Skulder ved skulder vurdering i det daglege, undervegs i og etter arbeidsoppgåver
- Systematisk vurdering i faste avtalte samtalar
- Evalueringssamtale minst kvart ½ år med instruktøren (ansvarleg). Lærlingkoordinator deltek på desse samtalan
- Lærling gjer eigevurdering
- Lærling skal dokumentere arbeid med læringsmåla

Vurderingsområder:

- Fagkompetanse
- Generell kompetanse (spesielt skriftleg og muntleg kommunikasjon)
- Orden/åtferd (samhandling, sjølvstende, initiativ, planlegging)
- Handlag/gjennomføring
- Etikk, økonomi



Volda kommune

Volda kommune

Pr 01.11.18 har Volda kommune

18 lærlingar



Organisering

- Lærling koordinator
- Einingsleiarar (avd.leiar, styrar, rektor)
- Instruktørar/veiledarar (fagperson)



Roller og ansvar i høve til lærlingar

- Administrativt ansvar: Lærlingkoordinator
- Fagansvarleg: Einingsleiar/styrar/rektor
- Instruktør/ veileder: Fagperson på kvar avdeling
- Næraste overordna: Einingsleiarar/styrar/rektor
- Tilsette på arbeidsplassane – viktig at alle er involvert og bidreg til godt arbeidsmiljø og læringsmiljø



Lærlingkoordinator

Administrativt ansvar for lærlingarordninga i Volda kommune:

- ✓ Rekruttere lærlingar – annonse, vg.skule, råd og rettleiing
- ✓ Tilsette lærlingar – søknader, intervju/samtale, referanser, prioritere i samarbeid med eit par einingsleiarar/fagkonsulentar, arbeidsavtale
- ✓ Opprette lærekontrakt mellom bedrifta og lærlingen og melde til fylkeskommunen (VigoBedrift)
- ✓ Sørge for interne opplæringsplanar i samsvar med faga sine kompetansemål (plassering og rullering i bedrifta)



Lærlingkoordinator

- ✓ Ha oversikt over lærlingane og om evt. særlege utfordringar tilrettelegge opplæringa
- ✓ Delta på alle formelle evalueringsmøte med lærling, veileder og evt. fagleiar
- ✓ Delta på andre møter initiert av lærling, veileder eller fagleiar
- ✓ Handtere konflikhtar mellom fagleg leiar, veileder og lærling
- ✓ Gje ny veileder og fagleiar opplæring, vere støttespelar
- ✓ Melde lærlingen opp til fagprøve



Lærlingkoordinator

- ✓ Samarbeide med vidaregåande skule, til dømes partnerskapsavtale, avtale om å ta imot elever i prosjekt til fordjuping (praksis i avdeling), om nye lærlingar og lære kandidatlar
- ✓ Samarbeid med Ørsta og Søre Sunnmøre opplæringskontor om veilederkurs årleg
- ✓ Samarbeid med Ørsta om fagsamlingar for lærlingane
- ✓ Ha kontakt og samarbeide med representantar for arbeidstakarane
- ✓ Samarbeide med utdanningsavd. i fylkeskommunen

- ✓ Råd og rettleiing til tilsette og andre som ønskjer å kvalifisere seg til fagarbeidar



Rolla som instruktør

Instruktøren er lærlingen sin næraste støttespelar og har ansvar for:

- ✓ å rettleie og støtte lærlingen i arbeidet
- ✓ å sikre at lærlingen får varierte arbeidsoppgaver og utfordringer og ansvar etter kvart som han/hun er klar for det
- ✓ å motivere lærlingen til medverknad, innsats og læring
- ✓ å legge til rette for tryggleik, trivsel og eit godt læringsmiljø
- ✓ å gje jamlege og systematiske tilbakemeldingar og vurderingar (undervegsvurdering)
- ✓ å sørge for at opplæringa skjer i samsvar med intern opplæringsbok og læreplanverket
- ✓ å melde frå om avvik til fagleg leiar, evt. lærlingkoordinator
- ✓ å gjennomføre samtale med lærlingen minst kvart halvår
- ✓ gjennomføre minifagprøve ein gong pr praksisplass/pr halvår
- ✓ gjennomføre halvårsvurderingar



Einingsleiar

- ✓ ha personalansvar for lærlingen og instruktøren
- ✓ sørgje for tilrettelegging av eit godt læringsmiljø for lærlingen
- ✓ leggje forholda til rette for og følgje opp instruktøren og lærlingen (både verdiskaping og læring)
- ✓ leggje til rette for tid til rettleiing og vurdering

Plan for fagsamlingar helsefagarbeidar lærlingar haust 2017

Samlingane er kl 13-15 dersom ikkje anna tid er oppført.

TID		TEMA	MÅLGRUPPE	Kommune	Ansvar	
Haust 2016	31.aug	Å vere arbeidstakar	Nye	Volda	Solfrid	
	6. sept	Forflyttingsteknikk	Nye	V+Ø	Inger Lise / Magni	
	13. sept	Arbeidsbok- øvingsverkstad	Alle	V+Ø	Hilde Fotve Mo / Solfrid Teigen	
	11. okt	Etikk	Alle 1.år Inkl.BUA	V+Ø	Gunn Paulen	
	18. okt	Etikk	Alle 2.år Inkl. BUA	V+Ø	Gunn Paulen	
	okt	Hygiene	Nye	V+Ø	Helse Førde	
	nov	Pleieplan	Alle	V+Ø	Maria Mork	
	16. nov	Kvardagsrehabilitering	Alle	V+Ø	Monica Gustavsson	

Plan for fagsamlingar barne- og ungdomsarbeidarfag lærlingar haust 2017

Samlingane er kl 13-15 dersom ikkje anna tid er oppført.

TID		TEMA	MÅLGRUPPE	Kommune	Ansvar	
TID		TEMA	MÅL-GRUPPE	Kommune	Ansvar	
Haust 2016	31.aug.	Å vere arbeidstakar	Nye lærlingar	Volda	Solfrid Teigen	
	29.aug	Gode planar – øvingsverkstad	BUA- lærlingane	V + Ø	Hilde Flotve Mo	
	11. okt. Kl 12 - 15	Etikk	Alle 1.- års- lærlingane	V + Ø	Gunn Paulen	
	18. okt. Kl 12 - 15	Etikk	Alle 2.- års- lærlingane	V + Ø	Gunn Paulen	
	15. nov. Kl 13-15	”Se barnet innenfra”	Alle BUA- lærlinear	V+Ø	Berit Huse	



endra vedtekter
Årsmøte 2017.doc

VEDTEKTER FOR OPPLÆRINGSKONTORET FOR SØRE SUNNMØRE.

- Vedtak på årsmøte den 9. mai 1996.
- Godkjent Yrkesopplæringsnemnda 1996.
- Endra på årsmøte i mars 2002.
- Endra på årsmøte 28.mars 2008.
- Endra på årsmøte 18.mars 2013
- Godkjent Yrkesopplæringsnemnda mars 2013
- Endra på årsmøte 14.mars 2016
- Endra på årsmøte 27.mars 2017

§ 1 NAMN

Kontoret sitt namn er: «Opplæringskontoret for søre Sunnmøre»
Organisasjonsform: Foreining

§ 2 FØREMÅL

På vegne av medlemsbedrifter på søre Sunnmøre, er føremålet til Opplæringskontoret å legge til rette opplæring for lærlingar og lære kandidatlar i tråd med Opplæringslova. Opplæringskontoret er eit samarbeidsorgan mellom fleire bedrifter som har teke på seg opplæringsansvar i samsvar med fastsette læreplanar i aktuelle fag.

Opplæringskontoret skal koordinere og støtte medlemmane si fagopplæring og medverke til at opplæringa held god fagleg kvalitet.

Kontoret skal representere kommunane og medlemsbedrifter ut mot elevar i vidaregåande skule, samt vere bindeledd og kontaktperson mellom skule og lærebedrift. Kontoret skal aktivt arbeide med informasjonsformidling på opplæringsplassane.

Kontoret skal gje råd om opplæringstilbod, analysere opplæringsbehov og utvikle planar for opplæring.

§ 3 MEDLEMSKAP

Medlemmar er kommunar og private bedrifter på søre Sunnmøre.



Søknad om medlemskap i Opplæringskontoret frå andre kommunar/bedrifter, eller offentlege etatar, vert avgjort av styret.

Medlemmar vert tekne opp etter at avgift, fastsett av kontoret sitt årsmøte, er betalt.

Utmelding frå Opplæringskontoret skal eventuelt skje med eitt år skriftleg varsel. Alle lærlingar som har oppretta kontrakt gjennom/med Opplæringskontoret, skal fullføre si læretid gjennom dette forholdet, sjølv om bedrifta seier opp sitt medlemsforhold før kontraktfesta læretid er avslutta.

§ 4 OPPLÆRINGSKONTORET OG MEDLEMSBEDRIFTENE SITT ANSVAR

Opplæringskontoret har som føremål å vere eit serviceorgan for opplæringsbedriftene som er tilslutta kontoret.

Opplæringskontoret pliktar å:

- ✓ søkje etter lærlingar og halde seg oppdatert med behovet for, og tilgang på, lærlingar innan dei aktuelle faga.
- ✓ teikne lærekontrakt med lærlingen og plassere vedkomande i ein eller fleire medlemsbedrifter. Det må ligge føre opplæringsplan for kvar einskild lærling.
- ✓ vere med å gi råd og hjelp slik at konflikhtar som oppstår i høve til læreforholdet kan løysast.
- ✓ vere ansvarleg for å sende oppmelding til fagprøve til utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal i god tid før læretida går ut.
- ✓ arbeide for omplassering av lærling til ny opplæringsbedrift dersom ein lærlingkontrakt ikkje kan vidareførast grunna innskrenkar eller permitteringar ved ei anna medlemsbedrift.

Utdanningsavdelinga i Fylkeskommunen skal:

- ✓ godkjenne lærekontrakten og lærebedrift(ene) som det er inngått lærekontrakt/opplæringsavtalar med.

Medlemsbedriftene pliktar å:

- ✓ varsle Opplæringskontoret i fall opplæringa ikkje kan vidareførast grunna permitteringar, innskrenkingar eller andre tilhøve ved medlemsbedrifta.



- ✓ ta i mot lærlingar i den grad det er praktisk mogleg, og gi dei allsidig praksis i samsvar med opplæringsplanen
- ✓ skjøtte arbeidsgivaransvar for lærlingane

§ 5 ØKONOMI

Drifta av Opplæringskontoret er finansiert gjennom tilskot og medlemskontingent frå medlemsbedriftene og lærlingstilskot.

Alle tilskot vert formidla til Opplæringskontoret, som igjen fordeler tilskota til lærebedriftene. Årsmøtet avgjer kor stor del av tilskotet som skal fordelast på lærebedriftene.

Årsmøte avgjer storleiken på honorar til den medlemsbedrifta som har styreleiar

Løn, sosiale kostnader og andre kostnader i forbindelse med lærlingens tilsettingsforhold skal dekkast av medlem eller lærebedrift.

Medlemskontingenten for medlemsbedriftene blir vedteke av årsmøtet. Rekneskapen for Opplæringskontoret blir revidert av godkjend revisor som blir vald av årsmøtet.

Dersom tilskotssatsane vert endra/fell bort, eller at andre tilhøve gjer at den vert underskot på driftsmidlar, pliktar medlemskommunane som er med i Opplæringskontoret å dekke dette underskotet etter ein fordelingsnøkkel basert på folketal i kommunane.

Årsmøte vedtek korleis eit eventuelt overskot skal disponerast.

Ved eventuell oppløysing av kontoret skal alle midlar og eigendelar overførast til medlemskommunane

§ 6 ÅRSMØTE

Årsmøtet er Opplæringskontoret sitt øvste mynde. Ordinært årsmøte skal som hovudregel gjennomførast innan utgangen av mars månad kvart år.

På årsmøtet kan kvar medlemsbedrift og arbeidstakarorganisasjonane møte med minst ein representant, i tillegg til styremedlemmane.

Ved avstemming har den valde arbeidstakarrepresentanten ei stemme. Representanten for dei private bedriftene har ei stemme. Medlemskommunane har ei stemme kvar.



Årsmøtet vert innkalla med minst 14 dagars varsel av styret sin leiar. Innkallinga skal vere skriftleg og ha oversikt over dei sakene som skal handsamast.

Årsmøtet skal handsame følgjande saker:

- Årsmelding
- Rekneskap med bruk av årsoverskot eller dekking av underskot
- Budsjett
- Val av godkjend revisjon
- Val av styrerepresentantar med personlege vararepresentantar
- Val av leiar og nestleiar
- Val av valnemnd
- Fastsetjing av årsavgift for medlemskap i Opplæringskontoret
- Endring av vedtekter
- Andre saker nemnt i innkallinga eller som årsmøtet vil ta opp

Årsmøtet avgjer vanlege årsmøtesaker ved alminneleg fleirtal.

Endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal.

For årsmøtet blir det ført protokoll som skal underteiknast av møteleiar samt ein representant valt av årsmøtet.

Ekstraordinært årsmøte blir halde i fall styret finn det naudsynt, eller når meir enn 1/3 av medlemsbedriftene i Opplæringskontoret krev det.

§ 7 STYRET

Opplæringskontoret for søre Sunnmøre blir leia av eit styre valt av årsmøte.

Styret skal bestå av minimum 1 medlem frå kvar kommune med personleg vara, 1 frå dei private medlemsbedriftene med vara, og 1 frå arbeidstakarorganisasjonar, med vara. Lærlingane vel sjølve 1 representant med vara. Lærlingrepresentanten vert valt for 1 år. Lærlingen har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

Leiar og nestleiar blir valt separat av årsmøtet og for to år om gongen. Andre representantar i styret med vara, blir og valt for to år om gongen. Kvart år er minst to, men likevel høgst tre av styret sine medlemmar på val.

Styremøte blir halde minst tre gonger i året. Styremøte skal elles haldast når leiar eller minst tre av representantane i styret finn det naudsynt.

Frå styremøta skal det førast protokoll som blir underteikna av protokollførar og leiar.

Utdanningsavdelinga kan kallast inn til årsmøte og styremøte, og har rett til å vere tilstade med ein representant. Denne har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

Styret er vedtaksført når fire av medlemene er tilstades.

§ 8 ADMINISTRASJON

Opplæringskontoret har dagleg leiar.

Tilsette ved Opplæringskontoret blir tilsett av styret.

Arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i Opplæringskontoret ligg til styret.

Opplæringskontoret har kontraktansvar for lærlingane i kontoret, og skal føre tilsyn med opplæringa i lærebedriftene tilslutta Opplæringskontoret gjennom fagleg leiar i det faget lærekontrakten gjeld.

Opplæringskontoret må ha løpande kontakt med utdanningsavdelinga.

Dagleg leiar har det øvste administrative ansvaret for drifta av kontoret og skal:

- drive kontoret etter instruksar og regelverk som til ei kvar tid gjeld
- førebu saker for styret og etter avtale med styreleiar, kalle inn til styremøte
- vere sekretariat for styret
- saman med Yrkesopplæringsnemnda ha ansvar for formidling av elevar til læreplassane i Opplæringskontoret

§ 9 VEDTEKTSENDRINGAR

Vedtektsendringar blir handsama på årsmøte og skal godkjennast av Yrkesopplæringsnemnda.

Oppløysing av Opplæringskontoret kan berre skje på ordinært årsmøte og krev 2/3 fleirtal.



Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE



ÅRSMELDING 2017

Føremål

På vegne av medlemsbedrifter på søre Sunnmøre, er føremålet til Opplæringskontoret å legge til rette opplæring for lærlingar og læreandidatar i tråd med Opplæringslova.

Opplæringskontoret er eit samarbeidsorgan mellom fleire bedrifter som har teke på seg opplæringsansvar i samsvar med fastsette læreplanar i aktuelle fag.

Opplæringskontoret skal koordinere og støtte medlemmane si fagopplæring og medverke til at opplæringa held god fagleg kvalitet.

Kontoret skal representere kommunane og medlemsbedrifter ut mot elevlar i vidaregåande skule, samt vere bindeledd og kontaktperson mellom skule og lærebedrift. Kontoret skal aktivt arbeide med informasjonsformidling på opplæringsstaden.

Kontoret skal gje råd om opplæringstilbod, analysere opplæringsbehov og utvikle planar for opplæring.

Administrasjon

Anne-Mari Pilskog er dagleg leiar. Ho er tilsett i 100 % stilling.

Kontoret leiger lokale med Ulshav AS i Ulsteinvik.

Opplæringskontoret brukar Nordea som bankforbindelse og Herøy Kommune fører rekneskap.

Revisjon vart utført Søre Sunnmøre Kommunerevisjon ved Bodil Skeide.

Styresamansetting 2017

Styret bestod i 2017 av eitt medlem frå kvar kommune med personleg vara,

Ein frå dei private medlemsbedriftene med vara, og ein frå arbeidstakarorganisasjonar, med vara. Lærlingane hadde ein representant med vara. Lærlingrepresentanten vart valt for eit år. Lærlingen har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

Utdanningsavdelinga vart kalla inn til alle styremøte og årsmøte. Dei har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett

Styret har i 2017 hatt 4 ordinære styremøte.

Styreløiar:	Kari Riise	Ulstein kommune
Vara:	Cato Hansrud	
Nestløiar:	Trude Kristin Dalen	Hareid kommune
Vara:	Mariann Båtnes	
Styremedlem:	Bård Dalen	Sande kommune
Vara:	Kari Johanne Skarmyr	
Styremedlem:	Sigrid Marie Lillebø	Vanylven kommune
Vara:	Janita Nybø Wefring	
Styremedlem:	Gro Anette Frøystad Voldsund	Herøy kommune
Vara:	Jan Vidar Dammen- Hjelmeseth	
Styremedlem:	Martin Løseth	Dei private medlemsbedriftene
Vara:	Anett Mari Hodneland Tarberg	
Styremedlem:	Tina Solheim (Tina avslutta læretida hausten 2017) Lærling representant	
Vara:	Marita Wedlog	
Arbeidstakarorg:	Hilde Ringen Hofseth	
Vara:	Eli Karin Kvalsund	
Valkomiteen:	Jan Vidar D. Hjelmeseth og Janita Nybø Wefring er valt for 1 år.	

Saker som styret har handsama/blitt orientert om

- Rekrutteringsarbeid.
- Karrieredagar på Høgskulen i Volda
- Status Budsjett, økonomi og anna dagleg drift
- Kurs for instruktørar
- Kurs og samlingar som dagleg leiar har teke del i
- Samlingar for lærlingar
- Digitale lærebøker
- Prosjektstilling for 2018
- Generell informasjon om Opplæringskontoret

Styreseminar

30 januar gjennomførte styret i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre eit styreseminar på Ulstein hotell. Alle i styret med vara var invitert til samlinga. Revisor Bodil Skeide deltok på delar av samlinga.

Styret gav attendemelding om at dette var ei nyttig samling.

På samlinga vart det satt fokus på kva arbeidsoppgåver Opplæringskontoret på søre Sunnmøre skal ha.

Viktig at vi tenker på kva rolle styret og dagleg leiar har.

Gjennom dagen var vi innom ulike tema:

- Organisering
- Kvalitetssystem.
- Økonomi/budsjett /rekneskap
- Digitale lærebøker
- Arbeidsgivaransvar
- Årsmelding
- Veggen vidare

Likestilling

Diskrimineringslova sitt formål er å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar, samt hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonal opprinnelse, avstamning, hudfarge, språk, religion og livssyn.

Opplæringskontoret arbeider målretta for å fremje lova sine formål innanfor vårt arbeid med å sikre eit godt opplæringstilbod til ungdommar.

I styret er det 6 kvinner og 2 menn, 2 av 8 varamedlemmar er menn.

Det er ei oppgåve for valnemnda og årsmøtet å få ein betre kjønnsbalanse i styret.

Arbeidsmiljø

Det er i perioden ikkje registrert yrkesskade eller uhell som har ført til skade. Sjukefråværet har i perioden vore lågt. Det fysiske arbeidsmiljøet er vurdert som trygt.

Personalreglement for Herøy kommune vert nytta som personalreglement for Opplæringskontoret. Styret har arbeidsgivaransvar for dagleg leiar.

Forureining

Gjennom den daglege drifta av Opplæringskontoret, blir det ikkje registeret noko forureining.

Men sidan Opplæringskontoret har fleire medlemsbedrifter som ligg i andre kommunar enn der Opplæringskontoret leiger kontorlokale brukar ein bil for å kome seg til.

Utifrå målsettinga til Opplæringskontoret med å vere tilgjengeleg for både lærling, instruktør og lærebedrift, er det uråd å ikkje må bruke bil, for å kunne forflytte seg mellom lærebedriftene.

Men i den store samanheng er ikkje dette noko som ein vurderer som ein risiko.

Økonomi, rekneskap og årsresultatet

Herøy kommune har ansvaret for føring av rekneskapen til Opplæringskontoret.

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon ved Bodil Skeide har revisjonen for Opplæringskontoret.

Økonomien til kontoret har vore stabil dei siste åra.

På årsmøtet i 2016 vart det vedtatt at ein skulle ha ei overføring på 15.000 kr pr. halvår pr. lærling til lærebedriftene

Årsrekneskapen viser følgjande :	<u>2017</u>	<u>2016</u>
<i>Driftsinntekter</i>	kr 2964	2459
<i>Driftsutgifter</i>	kr 2194	2152
<i>Brutto driftsresultat</i>	kr 770	307
<i>Renteinntekter</i>	kr 1	1
<i>Netto driftsresultat/årsresultat</i>	kr 771	308
<i>Omløpsmidlar (bank og fordringar)</i>	kr 2.445	1.721
<i>Kortsiktig gjeld</i>	kr 136	183
<i>Langsiktig gjeld</i>	kr 0	0
<i>Eigenkapital</i>	kr 2.310	1.538

I 2017 var tilskotet betalt ut til lærebedriftene i to omgangar, kr 562.750 vart tilbakeført våren og kr 699.500 tilbakeført for hausten 2017. Dette var summen som vart fordelt mellom medlemsbedriftene.

At kvar kommune aukar talet på lærlingar, er med på å styrke økonomien til kontoret i framtida.

Disponering av overskot/dekking av underskot

Styret vil tilrå at overskotet i 2017 pålydande 770,677,63 blir overført til disposisjonsfond.

Det skal gå vidare til utvikling og til dekking av auke i årsverk i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre.

Vidare drift.

Opplæringskontoret driv godt og har god økonomi. Grunnlag for vidare drift er tilstade og det er ingen signal om endring av drifta,

Lærlingar knytt til Opplæringskontoret i 2017

Pr 01.01.17 hadde vi totalt 43 lærlingar.

Lærefag	Kommunar /bedrifter	Kontraktar
Helsearbeidarfaget	Hareid	4
	Ulsteinvik	11
	Herøy	7
	Sande	2
	Vanylven	3
	Sum Helsefag	27
Barn og ungdomsarbeidarfaget	Hareid	3
	Ulstein	1
	Herøy	2
	Sande	0
	Vanylven	1
	Gnist Myklebust	1
	Solsikka barnehage	0
	Gnist Holstad	1
	Troll-lia barnehage	1
	Blåtinden barnehage	1
	Møre barne og ungdomsskule	0
	Sum BUA	11
	Institusjonskokkfaget	Ulstein
Sunnmørefolkkehøgskule		1
Herøy		0
Hareid		1
Vanylven		0
Sande		0
Sum kokk		3
IKT Servicefaget	Herøy	1
	Sum ikt	1
Logistikkfaget	Ulstein	1
	Sum logistikk	1
Totalt sum		43

Oversikt over tilskot gjennom året 2017

Gjennom året 2017 har Opplæringskontoret for søre Sunnmøre behandla 74 kontraktar. Desse kontraktane er Basis 1 og basis 2.

Basistilskot 1

Tilskot til lærebedrifter som signerer lærekontrakt eller opplæringskontrakt etter opplæringslova § 4-5.

Basistilskot 1 for 2017 er på **149 030** kroner per lærling eller lærekandidat for eit år med fulltidsopplæring.

Det gis ikkje tilskot for verdiskapingsdelen, men tilskotet fordelast jamt over heile læretida i bedrift, dvs. også for verdiskapingsdelen. Kontrakten gjer tilskotsberekningar frå den dato læreforholdet tek til.

Basistilskot 2

Tilskot til bedrifter som signerer lærekontraktar etter opplæringslova § 4-5 tredje ledd, og for lærekontraktar signert av lærlingar som tidlegare har brukt opp sin rett til vidaregåande opplæring.

Satsen for basistilskot 2 for lærekontraktar er **4 853 kroner** per lærling per måned i heile læretida i bedrift, totalt **58 239 kroner** i året. Eit år vert rekna som 12 månader. I denne ordninga er det ikkje skilnad på opplæringstid og verdiskapingstid.

Av 74 lærlingane, avslutta 24 læreforholdet sitt i løpet av 2017.


7 lærekontrakter vart heva i løpet av 2017.

17 avslutta med fagprøve. Medan det vart signert 31 nye lærekontraktar i 2017.

19 av dei er inn i sitt første og andre læreår, dei avsluttar læretida i 2018.

I løpet av året 2017 gjekk 17 lærlingar opp til fagprøve

Lærefaga	Oppmeldte	Resultat
Barn og ungdomsarbeidarfaget Helsearbeidarfaget Institusjonskokkfaget IKT- servicefaget	17	11 fekk Bestått meget godt 6 fekk Bestått



I løpet av 2017 hadde vi 7 hevingar

I året 2017 var det nokre fleire hevingar enn tidlegare år.


Årsak til det er vanskeleg å vurdere, men 3 av kontraktane var opplæringskontrakter, som viste seg å vere meir krevjande enn vi hadde grunnlag for å vurdere då kontrakten vart gjort.

Kontoret må vere mykje meir kritiske før vi signere opplæringskontrakter i nokre av lærefaga, spesielt i helse og oppvekstfag. Tre av kontraktane vart heve grunna ønskje av lærlingen sjølv, pga. skifta av lære plass til andre kommunar og fylke.

Lærefag	Hevingar
Institusjonskokkfaget	2
Barn og ungdomsarbeidarfaget	3
Helsearbeidarfaget	2
Sum	7




I 2017 vart det signert 31 nye lærekontrakter



Pr. 31.12.17 er der 14 medlemsbedrifter og 52 aktive lærlingar i Opplæringskontoret.

Dette er ei auke på 1 bedrift og 9 lærlingar frå 2016. Opplæringskontoret har gjennom sine lærebedrifter godkjenning av 8 ulike lærefag.

Tal på lærekontraktar fordelt på fag.





Lærefag	Kommune/bedrift	Kontrakt	Merknad
Barn og ungdomsarbeidarfaget	Hareid kommune	3	
	Ulstein kommune	3	
	Vanylven kommune	1	
	Herøy Kommune	3	
	Troll-lia bh	1	
	Blåtinden barnehage	0	
	Gnist Holstad	0	
	Sum		11
Helsearbeidarfaget	Hareid kommune	5	
	Ulstein kommune	14	(3 i permisjon)
	Herøy kommune	7	
	Sande kommune	4	(1 opplæringskontrakt)
	Vanylven kommune	5	
	Sum		35
Institusjonskokkfaget	Hareid kommune	1	
	Ulstein kommune	1	
	Sande kommune	1	
	Herøy kommune	0	
	Vanylven kommune	0	
	Sunnmøre folkehøgskule	1	
	Sum		4
Resepsjonsfaget	Ulstein hotell	1	
	Sum	1	
Logistikkfaget	Ulstein kommune	1	
	Sum	1	
	Total sum	52	

Dei fleste lærlingane startar i august, ein kan også starte lærekontrakten på eit anna tidspunkt. I 2017 vart det signert 31 nye kontraktar, det 6 fleire enn i 2016.

Tilsyn

Dagleg leiar fører tilsyn med opplæringstilhøva for den einkilde. Dette vert gjort på ulike måtar som til dømes SMS, e-post, telefonkontakt, samtalar og besøk på arbeidsplassen i løpet av året. Alle lærlingar får besøk på sin arbeidsplass minst ein gong i halvåret. Halvårssamtalar blir dokumentert. Notat frå anna kontakt med lærling og arbeidsplass blir lagt i mappa til lærlingen.

Nokre lærlingar treng meir oppfølging enn andre, og truleg gir tett oppfølging betre læring. Opplæringskontoret skal vere ”berre ein telefon unna” og det vert lagt vekt på å vere tilgjengelig for både lærling, instruktør og lærebedrift. Dette inne å kunne reise på bedriftsbesøk på kort varsel og kunne rydde tid til å ta imot lærlingar og instruktørar på kontoret utan at dei nødvendigvis må ha avtale på førehand. Dagleg leiar har god oversikt av opplæringssituasjonen til den enkelte lærling. Kontakta med medlemsbedriftene, instruktørar og dei faglege leiarar er med på å kvalitetssikre opplæringa og gi lærlingar ein god start i arbeidslivet

Fråvær

Lærlingane er inkluderte av IA- avtalen. Det kan sjå ut til at stort fråvær på vidaregåande skule også fører med seg høgt sjukefråvær som lærling. Det betyr truleg berre at nokon har større helseproblem enn andre i periodar av livet. Likevel må ein fokusere på dette i intervju, samlingar og samtalar. Det er og viktig at dei som arbeider i lag med lærlingen syter for at lærlingen blir mint om krava i arbeidslivet. Oppmøte, pausar og fråvær må takast på alvor frå starten av. Den enkelte har gjerne gode og rettmessige grunnar til fråvær, men arbeidsplassen må vite at ein kan rekne med dei tilsette. For dei fleste er oppmøte ikkje noko problem. Men for enkelt lærlingar fører fråvær til ein del ekstra arbeid for Opplæringskontoret og arbeidsgivar. Ein må bruke tid på samarbeid med PPT, NAV, barnevernstilsette og andre instansar. Av og til har unge menneske store personlege problem. Fråvær kan vere ein indikasjon på det. I slike tilfelle er det viktig at dei unge får tilbod om hjelp av ulikt slag. Her prøver Opplæringskontoret å vere aktiv og tidvis kreativ på å løyse problema .

Kurs og samlingar for lærlingar

I løpet av to år er det ynskjeleg at lærlingane får ta del på nokre kurs. Det betyr at enkelte kurs kan arrangerast annakvart år / toårsrulling. Nokre samlingar er for alle lærlingane i tillegg til samlingar for faggruppene. Nokre samlingar / kurs er knytt til den enkelte kommune. Informasjon om eigen kommune, og arbeidsmiljølova kan vere aktuelle tema på desse kursa. Ein bør arbeide for å ha ca. 9 samlingar i året. Ein bør maks bruke ein halv arbeidsdag pr. samling.

I 2017 vart det gjennomført 7 ulike samlingar og kurs for lærlingar. I tillegg har lærlingane i Helsearbeidarfaget i Ulstein, Hareid og Herøy fri anna kvar onsdag frå kl.12.00- 15.00 frå sine avdelingar, slik at dei kan jobbe med lærlingpermen/kompetansemåla.

Opplæringskontoret har arbeidd med rekruttering på ulike måtar i året

- Skulebesøk til Ørsta vidaregåande, Herøy vidaregåande, og til Herøy ungdomsskule.
- Stand på Karrieredagar i Volda som vart gjennomført 27-28 september.
- Stand på Jobbmesse i Ørsta i regi av Nav, 20 april.

I starten på 2017 bestod rekrutteringspatrulje for Helse og Oppvekstfag av to lærlingar og ein tidlegare lærling. Desse jentene besøkt nesten alle 10- klasser på søre Sunnmøre, vidare har dei besøkt vg1 helse og oppvekst, vg2 helsearbeidarfaget og vg2 barn- og ungdom og fortalt om yrka sine.

Frå hausten 2017 tok fire nye førsteårslærlingar over jobben i rekrutteringspatruljen. Dei har vore i Asker på kurs i regi av KS. Yvonne Sjøstad har i år, som i fjor, ansvar i å organisere rekrutteringspatruljen. Opplæringskontoret hadde stor auke i søkjartala, dette gir ein positiv effekt på fagopplæringa.



Instruktørkurs og fagdag.

Instruktørene er ansvarlege for den daglege oppfølginga av lærlingane, vise dei til rette på arbeidsplassen og samarbeider med lærling om planlegging, gjennomføring og evaluering av opplæringa.

For instruktørar er det viktig å bli kursa og følgt opp.

19.September hadde Opplæringskontoret i samarbeid med Ørsta og Volda kommune og eit 6, 5 timar kurs for nye instruktørar. 51 instruktørar deltok på kurset.

Med eit slikt samarbeid, vert det ei større fagleg breidde på kurset.

Den 22 november vart det arrangert ein fagdag for instruktørene med tema psykisk helse.

Foredragshaldarar var Ingrid Ulheim og Hege Seljebø, dei j begge jobbar som rådgivarar ved Ålesund PPT.



Kvalitetssikring

Tett oppfølging av lærlingane og instruktørene er viktig for å sikre kvalitet i opplæringa. Læreplanen i faget og arbeidsoppgåvene på den enkelte arbeidsplass legg rammene for innhaldet i opplæringa. Det er viktig med jamleg vurdering av lærlingen si utvikling i forhold til måla i læreplanen. For at vi skal vere ei god lærebedrift som sikrar eige rekrutteringsgrunnlag og gir lærlingane god opplæring, er det viktig at vi kontinuerleg driv vurdering og ser på korleis vi som lærebedrift planlegge, gjennomfører og evaluerer opplæringa.

I samband med endring i læreplanen for helsearbeidarfaget har Opplæringskontoret utforma nye loggbøker til lærlingane i helsefag.

Lærlingane må dokumentert opplæringa si, og utføringa av arbeidet sitt gjennom skrifteleg planlegging. Alle lærlingar skal også gjennom året ha rett til to halvårsvurdering etter opplæringslova § 3-1. *Rett til vurdering*

Dette er med å kvalitetssikre opplæringa som blir gitt av medlemsbedriftene.

Profilering

Opplæringskontoret har prioritert å bruke opplæringskontoret si eiga Facebook side, dette er ein enklare måte å nå ut med informasjon.

I 2017 kjøpte Opplæringskontoret annonseplass i avisa som kom ut i samband med Karrieredagane på søre Sunnmøre.

Opplæringskontoret kjøpte også inn drikkeflaske, minnepenn, penn og handlenett til alle nye lærlingar i 2017. Dagleg leiar har PC-sekk med kontoret sin logo på.



Vidaregåande skule

Dagleg leiar, i samarbeid med medlemsbedrifter bør prioriterer å forsterke samarbeidet med dei vidaregåande skulane i vårt distrikt. Yrkesfagleg fordjuping, er den arenaen medlemsbedriftene kan bruke for å rekruttere til dei ulike yrka i kommunesektoren. Vi har mykje å hente på å skape kontakt med unge som kanskje vil søkje til ledige lære plassar, eller som på anna vis kan vere attraktive som arbeidstakarar. Kommunane må gå nye vegar for rekruttere i åra framover

Utdanningsavdelinga i fylket

Opplæringskontoret sin viktigaste samarbeidspartnar er Utdanningsavdelinga i fylket.

Opplæringskontoret deltok i 2017 på ulike samlingar og møte i regi av Utdanningsavdelinga, og opplever samarbeidet med fagkonsulentane og andre tilsette som godt og viktig for kontoret.

Forum for Yrkesfag

Forum for yrkesfag er eit samarbeidsorgan for Opplæringskontora i Møre og Romsdal. Forumet arbeider særleg med marknadsføring av yrkesfaglege utdanning og elles saker der opplæringskontora har felles interesse. Forumet representerer dessutan Opplæringskontor i samarbeid med utdanningsavdelinga. FFY administrerast av eit styre med 4 representantar frå ulike opplæringskontor.

Yrkesopplæringsnemnda

Dagleg leiar for Opplæringskontoret er KS sin representant i yrkesopplæringsnemnda i Møre og Romsdal. Gjennom året har dagleg leiar vore på fem møte i yrkesopplæringsnemnda.

Til slutt

Dagleg leiar har fridom til å kunne utvikle Opplæringskontoret og lærlingordninga knytt til medlemsbedriftene. Samarbeidet med styret, skulane, instruktørane og dei mange involverte fungerer godt.

Lærlingordninga i kommunal sektor er med på å sikre og heve kompetansen i heile regionen. Å skape forståing for denne moglegheita er ei viktig oppgåve for dagleg leiar. Styret og dagleg leiar vil framover vidareføre arbeidet med å byggje opp og kvalitetssikre samarbeidet om lærlingordninga på søre Sunnmøre.

Å ha ei velfungerande lærlingordning er eit viktig bidrag til å sikre framtidig rekruttering . Lærlingordninga er "vinn - vinn" for den enkelte, for lokalsamfunnet og storsamfunnet.

Styreleiar Kari Riise

Dagleg leiar Anne-Mari Pilskog



MEDLEMSSKAPSAVTALE

Medlems namn: _____

Postadresse: _____

Post nr. /- stad: _____

Telefon/Mobil: _____

Organisasjons nr: _____

Bankkonto nr: _____

Kontaktperson: _____

er medlem i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre med dei rettar og pliktar som står i vedlagt vedtekter, revidert mars 2017.

Stad og dato

(medlemsbedrift)

Styreleiar
Opplæringskontoret for søre Sunnmøre

Opplæringskontoret	Fagleg leiar	Instruktør
<p>Administrere lærlingordninga for kommunar/lærebedrift og har hovudansvaret for at opplæringa skjer etter gjeldande lover og forskrifter.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Inngå lærekontrakt (part i kontrakten) • Sørgjer for at lærlingen blir plassert på bedrifter som kan dekkje måla i læreplanen • Ansvar for oppstart og rulling av lærlingar i samarbeid med lærebedrift/kommunar. • Ansvar for registrering av relasjonar mellom bedrift, lærling og instruktør (informasjonen kan formidlast vidare til løns- og personalkontor om ønskeleg) • Følgjer opp inter opplæringsplan (olkweb) • Følgje opp lærlingen gjennom læretida • Melde frå til fylke om sjukemelding og mykje fråvær • Besøk til alle lærlingar og instruktørar 1. gong i halvåret (halvårssamtalen) • Søkjer om ekstra midlar til bedrift der ein har lærling med sakkunnig uttale. • Hjelper til med tiltak for bedrift/lærling ved behov • Organisering av samlingar/kurs for lærlingar, instruktør og fagleg leiar • Er møteleiar på møter som vedkjem opplæringa. • Kallar inn aktuelle partar i forhold til ulike møter som vedkjem opplæringa. • Melder lærlingane opp til fagprøve • Ansvar for evt. heving eller endring av kontrakt. 	<p>Den på arbeidsplassen som er fagleg ansvarleg for at lærlingen får opplæring etter læreplanen .</p> <p><i>Du må ha hatt fagbrev i minst 2 år.</i></p> <p><i>Du må ha høgare utdanning i faget.</i></p> <p><i>Du må ha lang arbeidserfaring frå faget.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Løns- personalansvar - arbeidsavtale, turnus, ferie, arbeidstid • Utpeike instruktør • Legge til for ei god opplæring (at lærling-veileder får gå i lag, tid til arbeid med olkweb) • Tilrettelegge for at lærling/veileder får delta på kurs/fagdag/læringsamling • Samarbeide med opplæringskontoret • Legge til rette for eit godt arbeidsmiljø og læringsmiljø • Delta på halvårssamtale om ønskelig og/eller ved behov • Melde frå ved endring av fagleg leiar 	<p>Den som har ansvaret for den daglege oppfølging av lærlingen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Introdusere lærlingen på arbeidsplassen • Ha kjennskap til læreplanen gjennom olkweb • Kunne bruke olkweb (planlegge opplæring, godkjenne det skriftleg arbeid til lærlingen) • Gjennomføre planlagt opplæring • Legge til rette for eit godt læringsmiljø • Gi rettleiing og tilbakemelding undervegs • Sørgje for at lærlingen får varierte arbeidsoppgåver, og at lærlingen får nye utfordringar etter kvart som ein er klar for det • Motivere lærlingen til å gjere ein innsats for å nå måla for opplæringa • Gjennomføre læringsamtalar under vegs i læretida • Delta på halvårssamtale med lærling og opplæringskontor (eventuelt fagleg leiar) • Gi lærlingen tilbakemelding/vurderingar på ein konstruktiv og ærleg måte • Kontakte opplæringskontoret om det skal vere noko problem/utfordringar • Delta på instruktørkurs/samlingar • Ta godt vare lærlingen alle saman. <p><u>HUSK at lærlingen er bedrifta sin lærling</u></p> <p>Instruktør må melde i frå til Opplæringskontoret snarast i saker som omhandlar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dårleg oppmøte • Misnøye i læreforholdet • Lengre tids fråvær / sjukdom / permisjon • Utfordringar med å gjennomføre opplæringa <p>Andre saker som har konsekvensar for læreforholdet</p>



Opplæringskontoret
SØRE SUNNMØRE

OPPLÆRINGSKONTORET

KVA ER DET?
KVA GJER VI?

17.12.18 Anne-Mari Pilskog

Opplæringskontoret for søre Sunnmøre

- Oppstart 1994 i Hareid (Reform 94)
- Ulstein, Herøy og Sande vart medlem i 1999
- Vanylven i 2008
- I 2013 gjekk kontoret gjennom ei omorganisering.
- Opplæringskontoret vart ei sjølvstendig bedrift, registeret i Brønnøysund
(registeret som ei foreining)
- Opplæringskontoret har eit styre med 7 medlemmar + vara og læring representant
 - Kvar kommune har ein representant i styret, dei private har ein representant, arbeidstakarorganisasjonane har ein representant .
 - Utdanningsavdelinga i fylke har møte og talerett.
- I dag har Opplæringskontoret 20 medlemsbedrifter
- Pr i dag har kontoret 60 lærlingar fordelt på 6 ulike lærefag
- Herøy kommune har ansvaret for rekneskapen og Søre Sunnmøre kommunerevisjon ved Bodil Skeide har revisjon



Kven jobbar der og kva gjer vi !

- Kontoret har 2 tilsette
- Dagleg leiar i 100%
- Opplæringskonsulent i 70% (frå 01.01.19)
- Jobben vår er å følgje opp lærlingar, instruktørar og faglege leiarar
- Vi skal yte den beste servicen for våre medlemsbedrifter

«Berre ein telefon i frå»



Arbeidsoppgåver

Administrere lærlingordninga for kommunar/lærebedrift og har hovudansvaret for at opplæringa skjer etter gjeldande lover og forskrifter.

- Inngå lærekontrakt (part i kontrakten)
- Syter for at lærlingen blir plassert på bedrifter som kan dekkje måla i læreplanen
- Ansvar for oppstart og rullering av lærlingar i samarbeid med lærebedrift/kommunar.
- Ansvar for registrering av relasjonar mellom bedrift, lærling og instruktør (informasjonen kan formidlast vidare til løns- og personalkontor om ønskeleg)
- Følgjer opp inter opplæringsplan (olkweb)
- Følgje opp lærlingen gjennom læretida
- Melder frå til fylke om sjukemelding og mykje fråvær
- Besøk til alle lærlingar og instruktørar ein gong i halvåret (halvårssamtalen)
- Søkjer om ekstra midlar til bedrift der ein har lærling med sakkunnig uttale.
- Hjelper til med tiltak for bedrift/lærling ved behov
- Organisering av samlingar/kurs for lærlingar, instruktørar og faglege leiarar
- Er møteleiar på møter som vedkjem opplæringa.
- Kallar inn aktuelle partar i forhold til møter som vedkjem opplæringa.
- Melder lærlingane opp til fagprøve
- Ansvar for evt. heving eller endring av kontrakt.



Fagkompetansen til Opplæringskontoret

- Fagbrev
- Hjelpepleiar
- Yrkesfaglærer (restaurant og matfag og helse og oppvekstfag)
- Lang og variert erfaring innan fagopplæring
- Ulike nettverk

FFY

Karrieredagar

Yrkesopplæringsnemnda (KS, andre periode)

Nettverk helse og oppvekst

Utarbeiding av læreplanar for vg3 (våren 2019)



Rekruttering

- Skulebesøk
 - til alle vidaregåande og ungdomsskular i området.
- Tek del på ulike messer
- Ansvar for organisering av Rekrutteringspatruljen
- Profilerings på sosiale media
- Annonserer ledige læreplassar
- Bruke nettverk og Vigo i arbeidet med rekruttering
- Organisere søkjarlister i dei ulike lærefaga
- Ansvar for innkalling til intervju i samarbeid med bedrift
- Sjekke opp referanse (i YFF og med kontaktlærar)
- Gi tilbod om læreplass i samarbeid med bedrift



Digitale lærebøker

Dette året har Opplæringskontoret jobba med å få på plass digitale lærebøker Olkweb.

- Kva har det bidratt til?
 - God oversikt over kompetansemåla og dermed ei tydelegare bevisstgjerung av desse
 - Konkretisering av kompetansemål gjennom delmål, dette er så langt gjort i Helsearbeidarfaget, Institusjonskokkfaget og Barn og ungdomsarbeidarfaget.
 - Dette gir ei meir lik opplæring for alle.
 - Lærling kan laste opp dokumentasjon direkte i systemet (filer og bilder)
 - Bättre kontroll/oppfølging av den skriftlege gjennomføringa via olkweb, både for oss på kontoret og for instruktør
 - Vi har moglegheit for å gi instruktør support på det lærlingen skriv.
(Lettare tilgang enn i forhold til permen)
 - Moglegheit for ein vurderingsfunksjon i staden for å sende ut papir
(ikkje tatt i bruk enda, men er ei målsetting å få til)
 - Oversikt over aktivitetar for lærlingar/veiledarar (møter, kurs og liknande.)
 - Lett tilgjengelege dokument, skjema og liknande i ressurscenter
 - Gir moglegheit for gode individuelle tilpassingar med læreplan, t.d. dei med individuell opplæringsplan.
 - Tilskot funksjon, skal brukast til våren 2019



Økonomi og styring

- Alle tilskot går direkte til Opplæringskontoret
 - Ikkje ekstra-tilskotet, det går direkte til den enkelte bedrift.
- Årsmøtet i Opplæringskontoret vedtek kor stort tilskot som skal gå tilbake til bedriftene og kva som skal gå til drift.
 - Det vil sei at alle medlemsbedrifter har innflytelse på dette
 - Tilskotet blir utbetalt to gongar i året, juli og desember
- Opplæringskontoret er godt drifta og har god økonomi
Grunnlaget for drifta er basert på antall lærlingar
- Dagleg leiar har ansvar for drifta. Følgje opp budsjett, vedtekter, kvalitetssystem som Utdanningsavdelinga i Fylket har og Opplæringslova -Udir.



Vidare framover?

- Få til samarbeid med Helse Sunnmøre
- Jobbe for at alle skal bestå fagprøva
- Vere meir synlege i sosiale media
- Jobbe vidare med gode kvalitetssystem
- Instagram
- I år var Ulstein og Hareid dei to kommune som hadde flest lærlingar (helsefag) i forhold til årsverk
- Målet må verte at bedriftene som ligger under Opplæringskontoret tek både 1,2,3,4,5 osv.

- Det viktigaste målet er å gi ungdomane eller unge vaksne ei fagutdanning som gir dei arbeid i vår region. Med god fagkunnskap og rette haldingar.



Til slutt.

- Dagleg leiar saman med styret har fridom til å utvikle Opplæringskontoret vidare for å vere eit tidsrett kontor for framtidige utfordringar
- Samarbeidet med styret, skulane, instruktørane og dei mange involverte fungerer godt.
- Lærlingordninga i kommunal sektor er med på å sikre og heve kompetansen i heile regionen.
- Å skape forståing for denne moglegheita er ei viktig oppgåve for dagleg leiar. Styret og dagleg leiar vil framover vidareføre arbeidet med å byggje opp og kvalitetssikre samarbeidet om lærlingordninga på søre Sunnmøre.
- Å ha ei velfungerande lærlingordning er eit viktig bidrag til å sikre framtidig rekruttering .
- Lærlingordninga er "vinn - vinn" for den enkelte, for lokalsamfunnet og storsamfunnet.
- Takk for meg.



MEDLEMSAVTALE

mellom

Hornindal kommune
(seinare nemnd som Bedrifta)

og


Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane
(seinare nemnd som Opplæringskontoret)

Bedrifta og Opplæringskontoret skal i samarbeid gjennomføre profilering, rekruttering og opplæring av lærlingar i samsvar med behov i bedrifta, gjeldande opplæringslov, forskrifter, anna relevant regel- og avtaleverk, læreplan i dei aktuelle fag og vedtekter for opplæringskontoret.

1. Opplæringskontoret forpliktar seg til å yte den service og rådgjeving som framgår av vedtekter.
2. Bedrifta er kjend med gjeldande vedtekter for Opplæringskontoret og kva desse inneber for gjennomføring av læreforhold.
3. Bedrifta forpliktar seg til å leggje forholda til rette slik at Opplæringskontoret kan utføre dei tenester og rådgjeving som framgår av vedtekter.
4. Bedrifta har arbeidsgjevaransvar for lærlingen.
5. Bedrifta oppnemner ein lokal kontaktperson som har ansvaret for den administrative kontakten med Opplæringskontoret. Endring av kontaktperson må meldast til opplæringskontoret.
6. Bedrifta må forsikre seg om at lærlingen får fullgod opplæring. Det må nyttast erfarne og i størst mogeleg grad fagutdanna personar til dagleg oppfølging av lærlingen. Bedrifta kjem med framlegg om kvalifisert fagleg leiar som må godkjennast av Opplæringskontoret. Endring av fagleg leiar må meldast til Opplæringskontoret.
7. Bedrifta må utarbeide ein individuell opplæringsplan, og attestere i opplæringsboka som lærlingen skal føre.
8. Bedrifta betaler medlemskontingent, og får overført tilskot for lærlingen etter vedtak i styret.


Førde, 28. februar 2008

For Opplæringskontoret


Hans-Børge Lillehaug
Dagleg leiar

**OPPLÆRINGS-
KONTORET**
FOR OFFENTLEG SEKTOR
I SOGN OG FJORDANE

For bedrifta


Eirik Natvik
Rådmann



OPPLÆRINGS- KONTORET

FOR OFFENTLEG SEKTOR
I SOGN OG FJORDANE

Vedtekter for Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane – OKOS

Fastsett av fylkestinget i sak 6/98 og revidert av fylkestinget i sak 22/05.

§ 1 - Formål

Opplæringskontoret for offentlig sektor – OKOS - skal i samarbeid med medlemsbedriftene, skuleverket og Fagopplæringsnemnda gjennomføre opplæring av lærlingar/lærekandidatar i samsvar med krava i Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) og læreplanane i dei aktuelle fag.

I tillegg til opplæringslova gjeld forskrift til opplæringslova av 28.6.1999 kap 11.

Kontoret kan og administrere anna relevant opplæring og praksistrening.

§ 2 - Medlemsbedriftene

Bedrifter i offentlig sektor som er godkjende lærebedrifter kan bli medlemmer av opplæringskontoret dersom dei samla kan gje opplæring innan opplæringskontoret sitt verkeområde og fastsette læreplanar, jfr forskrift til opplæringslova § 11-1 og § 11-2.

Oppseing av medlemskapen skal skje skriftleg med tre månaders varsel. Gjeldande lærekontraktar skal då overførast til den einsskilde lærebedrifta.

Opplæringskontoret teiknar lærekontrakt med lærlingen og kan instruere medlemsbedrifter til å gje lærlingen arbeidsoppgåver som sikrar opplæring i samsvar med læreplanen i det aktuelle fag. Lærlingar vert tilsett i den einsskilde medlemsbedrift. Medlemsbedrifta har arbeidsgjevaransvar for lærlingane som for andre tilsette så lenge lærlingen er tilsett i institusjonen/avdelinga.

Medlemsbedrifter kan ikkje tilsette lærlingar utan at dette er godkjent av opplæringskontoret.



Dato for tiltredinga, og tidsramma for læreforholdet, framgår av lærekontrakten. Det skal utformast skriftleg samarbeidsavtale mellom opplæringskontoret og medlemsverksemdene som fastlegg ansvarsfordeling mellom dei to partane.

Opplæringskontoret kan omplassere lærlingar til andre medlemsbedrifter dersom medlemsbedriftene, som i utgangspunktet har tilsett lærlingen, ikkje kan gje den opplæring som læreplanen krev, eller andre forhold tilseier overflytting av lærlingen.

§ 3 - Lærefag

Opplæringskontoret er fleirfagleg og skal kunne teikne lærekontraktar i alle dei fag kontoret er godkjend for av Fagopplæringsnemnda.

§ 4 - Opplæringskontoret sine oppgaver

Opplæringskontoret si oppgåve er å vere eit serviceorgan for medlemsbedriftene. Desse omfattar mellom anna:

- Sørgje for at det vert oppretta lærekontrakt/opplæringskontrakt med lærlingane/lærekandidatane.
- Sørgje for at lærlingane får opplæring i samsvar med den aktuelle læreplan.
- Sørgje for at lærlingen framstiller seg til fag/svenneprøven.
- Sørgje for at det er faglege leiarar innan alle dei fag opplæringskontoret er godkjent i.
- Ha kontakt med ansvarleg leiar, fagleg leiar, tilsynsrepresentant og lærling i medlemsbedriftene.
- Gje råd og bidra til å løyse konflikhtar som måtte oppstå under læreforholdet.
- Arbeide for å auka rekruttering av lærlingar i medlemsbedriftene i samvar med overordna mål i den enkelte bedrift.
- Halde medlemsbedriftene informert om nye lærefag.
- Samarbeide med lærebedrifter og opplæringskontor utanom opplæringskontoret for fylkeskommunale og andre lærlingar om gjennomføring av læreforhold.

§ 5 - Økonomi

Opplæringskontoret si drift skal finansierast med offentlege tilskot som blir stilt til rådvelde for kontoret, som igjen fordeler desse til deltakande bedrifter/institusjonar.

Storleiken på beløpet som skal fordelast til bedriftene er avhengig av den administrasjonsavgifta som styret fastset.

Medlemskontingenten vert innkravd årleg.

§ 6 - Organisering

Opplæringskontoret er ein del av den fylkeskommunale verksemda, jfr komml. § 11.

Kontoret skal ha ein dagleg leiar. Fylkesrådmannen har personalansvaret for leiaren. Leiaren rapporterer til styret i faglege spørsmål.

§ 7 - Styret – samansetnad og val

Opplæringskontoret skal leiast av eit styre på fem medlemmer med personlege varamedlemmer som vert valde av fylkesutvalet slik:

- 2 medlemmer etter forslag frå KS Sogn og Fjordane
- 1 medlem etter forslag frå den arbeidstakarorganisasjonen som har flest medlemmer i medlemsbedriftene
- 1 politisk medlem frå fylkeskommunen
- 1 medlem frå administrasjonen i fylkeskommunen

Fylkesutvalet vel leiar og nestleiar.

Styret si funksjonstid følgjer den fylkeskommunale valperioden.

§ 8 – Styret sine oppgåver og mynde

Styret har driftsansvaret for opplæringskontoret og skal m.a.

- Ha det overordna opplæringsfaglege ansvaret
- Vedta målsetjingar og handlingsplanar for kontoret
- Fastsetje årleg medlemskontingent
- Fastsetje administrasjonsavgifta pr lærling
- Fastsetje retningsliner for fordeling av tilskot
- Fastsetje godtgjersle m.v. til instruktørane i bedriftene
- Utarbeide årsmelding for kontoret
- Utarbeide budsjettforslag for kontoret

§ 9 – Møterett, sekretariat m.v

Fylkesrådmannen har møte- og talerett i styret, jfr komml. § 23, nr 3. Retten kan utøvast av han personleg eller av den han gir fullmakt.

Sekretariatet for Fagopplæringsnemnda har møte- og talerett i styret og skal innkallast til styremøta.

Fylkesrådmannen har ansvaret for at sekretariatsfunksjonen vert utøvd på ein tilfredsstillande måte.

For styremøta gjeld elles Reglement for sakshandsaming i politiske utval.

§10 - Nedlegging

Ved nedlegging av opplæringskontoret skal gjenverande verdiar fordelast til medlemmane i høve deira tal lærekontraktar. Verdiar knytt til lærlingetilskot skal førast attende til fylkeskommunen.

Ved nedlegging av opplæringskontoret skal lærekontraktar overførast til den einskilde medlemsbedrifta.



OPPLÆRINGS-
KONTORET

FOR OFFENTLEG SEKTOR
I SOGN OG FJORDANE

Medlemsbedrifter 2008

Aurland kommune
Balestrand kommune
Bremanger kommune

Jølster kommune
Leikanger kommune
Luster kommune

Eid vidaregåande skule
Firda vidaregåande skule
Fjaler kommune

Luster vidaregåande skule
Lærdal kommune
Mo og Jølster vg. skule

Flora vidaregåande skule
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Førde kommune

Måløy vidaregåande skule
Naustdal kommune
NAV Sogn og Fj.

Gaular kommune
Gloppen kommune
Gulen kommune

Selje kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sogndal vidaregåande skule

Hafstad vidaregåande skule
Hatlehaugen barnehage (HF)
Hornindal kommune

Solund kommune
Stryn vidaregåande skule
Vik kommune

Hyllestad kommune
Høyanger kommune

Øyrane vidaregåande skule
Årdal kommune



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Jarl Martin Møller	Arkivsak nr.:	2018/2198
		Arkivkode:	M50

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
18/19	Fellesnemnd for nye Volda kommune	07.03.2019

REVIDERING AV FORSKRIFT OM RENOVASJON OG SLAM

Administrasjonen si tilråding:

Volda formannskap vedtek å legge revidert renovasjonsforskrift for Volda og Ørsta kommunar ut på høyring i 6 veker.

Vedleggsliste:

- Justert forskrift for renovasjon og slam
- Revidering av forskrifter, med verknad frå 01.01.2020 - Nye Volda - Volda og Ørsta Reinholdsverk (VØR) IKS

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

I samband med at delar av Hornindal kommune frå 01.01.2020 skal verte med i nye Volda kommune har styret i VØR etter initiativ frå rådmann i Volda vurdert behovet for tilpassing i den lokale forskrifta om renovasjon og slam.

Rådmannen rår til å leggje framlegg til justert forskrift for renovasjon og slam ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Saksopplysningar/fakta:

I samband med at delar av Hornindal kommune frå 01.01.2020 skal verte med i nye Volda kommune har styret i VØR etter initiativ frå rådmann i Volda vurdert behovet for tilpassing i den lokale forskrifta om renovasjon og slam. Styret har i si sak 35/18 den 13.11.2018 kome med ei tilråding til reviderte forskrifter som kommunane vert bedt om å ta stilling til.

Forskrifta vart sist revidert i 2017. Det var då også peika på at ved eventuelle justeringar av ytre kommunegrenser ville forskrifta måtte endrast på ny. I tillegg må sjølve selskapsavtalen avklarast. Hornindal har i dag organisert renovasjonstenestene gjennom Nordfjord Miljøverk IKS (NoMil).

Det har også kome framlegg til ei nasjonal forskrift om lovpålagt innsamling av matavfall/våtorganisk avfall og plastembalasje. Ved siste revidering i 2017 vart det heimla innsamling av våtorganisk avfall (matavfall). Dette vart sett i verk frå 01.01.2019 i Volda og Ørsta. Hornindal har hatt slik innsamling i ei årrekkje. Plastembalasje som eigen fraksjon har vore ein del av innsamlinga sidan revisjonen i 2013. Det er såleis ikkje behov for å endre vår lokale forskrift no på disse områda.

Oppslutnaden om plastinnsamlinga er høg, men det har vorte utfordringar med sekkar som går sunde under innsamling og plast som då vert blanda med papiret. VØR ønskjer difor ein fullmakt til styret i § 7a om å kunne endre innsamlingsmetode om det syner seg naudsynt.

VØR har i tillegg til krava i forskrifta også innført ei friviljug ordning med raud boks for farleg avfall. Dei har gode erfaringar med dette og ønskjer at ordninga vert juridisk heimla i forskrifta som noko alle abonnentar har krav på. I framlegg til revidert forskrift er dette teke inn i definisjonane av kva abonnementa inneheld i § 3 og oppsamlingspunkt i § 8c.

VØR har også samanlikna forskriftene til NoMil og VØR og rår til å justere differensieringa for renovasjon på fritidshus i § 3b etter standard, basert på ordninga til NoMil i dag. Unntaket er fast plasserte campingvogner utanfor campingplass. Vidare eit ønskje om ein heimel i § 7d for reduksjon i renovasjonsgebyret etter søknad for abonnentar som har meir enn 300 meter fram til tilvist hentepunkt.

Som ved tidlegare revisjonar har vi administrativt vurdert framlegget i begge kommunar, for å få til ei felles saksutgreiing og tilråding. Nokre punkt er noko justert i høve framlegget frå VØR, men då mest som klargjeringar. Nye tillegg er synte med raud tekst, medan tekst som då går ut er synt med gjennomstreking i vedlagte framlegget til ny forskrift. Vi syner elles til nærare omtale i vedlagde særutskrift frå VØR datert den 27.11.18.

Vurdering og konklusjon:

Det er eit mål i seg sjølv at ei lokal forskrift skal vere så kort og konsis som råd. Den må likevel ta opp i seg og avklare naudsynte problemstillingar. Forskrifta må vidare vere i samsvar med nasjonale krav og føringar og bygge på grunnlaget i forureiningslova om at forureinar skal betale.

Innsamla mengde plastavfall pr innbyggjar er på over 10 kg, noko som er svært bra i nasjonal målestokk og over måla som var sette i kommunane sine klimaplanar . VØR har i sitt brev omtala moglege tiltak for å hindre blanding av plast og papir, som ekstra utsortering på miljøstasjonen, eller eigne henteruter. I framlegget ligg ei fullmakt i § 7a til at styret i VØR kan

fastsette endre innsamlingsmetode. Om dette medfører endra kostnader er det likevel kommunestyret som må vedta endringar i gebyra.

Gebyrregulativet for fritidshus har vore noko ulikt for kommunane som høyrer til NoMil og VØR. Sjølvgebyra er ikkje tema no, men inndelinga vert fastsett her i renovasjonsforskrifta. VØR rår til at justere denne inndelinga etter malen frå NoMil og basere seg på standard (om det er veg, innlagt straum og vatn/avløp) med ei inndeling i 3 kategoriar med høvesvis 50, 30 og 10 % av eit standard renovasjonsgebyr. Ei slik endring vil utvide gebyrgrunnlaget noko. Framlegg til endringar er innarbeidd i § 3b. Det vert lagt opp til fritak for hus, hytter og sel mindre enn 20 m² og opna for fritak etter søknad for hus/hytter som står til nedfalls. Vi er usikker på om det er rett å ta med båtbygge i kategori 1 c § 3b, men rår til å høyre inndelinga slik.

Om ei slik endra inndeling av abonnementeininga for fritidsbustadar vert vedteken må ein fastsette eit iverksettingstidspunkt for ny inndeling. Utgangspunktet her bør då vere 01.01.2020, men det bør sikrast ein fleksibilitet som bør takast inn i vedtaket og ikkje i forskrifta. Vi tek likevel med dette i høyringa av forskrifta no der VØR får heimel for å vurdere iverksettingstidspunkt i § 19. Ved ei slik endring kan dagens definisjon av abonnementeining fritidsbustad gå ut.

VØR rår også til at det vert innført ein heimel til å kunne gi redusert renovasjonsgebyr etter søknad for heilårs busette eigedommar med meir enn 300 meter fram til tilvist hentepunkt i § 7d. Vi har etter dialog med VØR korta litt ned på formuleringa.

VØR har også vurdert andre ulikeheiter i forskriftene som dette med eigen abonnementtype for husstandar med ein person. Vi er samde med VØR si vurdering om å her vidareføre abonnementsinndelinga som har vore nytta i Volda og Ørsta.

Når det gjeld slaminnsamling frå separate slamavskiljarar har kommunen hatt ansvaret i Hornindal, medan VØR har ansvaret for dette i Volda og Ørsta. Vi finn det rasjonelt at dette går inn i VØR sitt ansvarsområde frå 2020. Utover dette er det ikkje framlegg til endringar i kapittel 2 om tøming av slam frå spreidde avlaupsanlegg.

Vi gjer her likevel merksam på at det er eit arbeid pågang om etablering av eit interkommunalt organ for sakshandsaming og tilsyn av spreidde avløpsanlegg som oppfølging av forvaltningsplan for vatn. Dette er oppgåver som ligg til kommunen og organiseringa av slamtøminga kan vere aktuelt å omfatte, då dette er viktig å koordinere i høve tilsyn. Dette vert å avklare seinare gjennom eiga sak.

Med dei justeringar som går fram ovanfor, rår rådmannen til å leggje framlegg til justert forskrift for renovasjon og slam ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jarl Martin Møller
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS
Teknisk sjef, Volda kommune



Renovasjonsforskrift for Volda og Ørsta kommunar

Kommunale forskrifter for handsaming m.v av avfall og slamtøming

Vedteke av Ørsta kommunestyre i sak xx/19 den xx.xx.2019 og Volda kommunestyret i sak xx/19 den xx.xx.2019 i fylgje lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova, frl) §§ 30, 31 og 34, 79 og 83.

Kapittel 1

§ 1. Mål for avfallssektoren

Forskrifta har som mål å arbeide for at avfall som oppstår vert handsama på ein trygg, kostnadseffektiv og miljørett måte i samsvar med nasjonal avfallspolitikk.

§ 2. Virkeområde

Denne forskrifta gjeld kjeldesortering, oppsamling, innsamling og transport av alle typar avfall og slam som kommunane sjølvpålagt, etter forureiningslova eller ved delegering frå overordna forureiningsmynde, er tillagt mynde over. Dette inkluderer farleg avfall frå hushaldningar og bedrifter dersom mengda ikkje overstig den grensa som til ei kvar tid gjeld i avfallsforskrifta.

Denne forskrifta omfattar alle registrerte grunneigedomar i Volda og Ørsta, inklusiv kvar enkelt seksjonerte del av bygning og kvar enkelt sjølvstendige brukseining i bygning. Også fritidseigedommar.

VØR avgjer i tvilstilfelle kva som reknast som sjølvstendig brukseining i bygning. VØR kan gi nærare retningsliner for gjennomføring av avgjerdene i forskrifta.

§ 3. Definisjonar

a) Abonnement

Standard er abonnement med 1 stk. 140 l avfallsdunk for våtorganisk avfall (matavfall) med henting kvar 2 veke 1 stk. 140 l avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk. 140 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 4. veke og henting av 1 stk 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13 veke. **1 stk raud boks for farleg- og elektrisk/elektronisk avfall.**

Standard pluss er abonnement med 1 stk. 140 l avfallsdunk for våtorganisk avfall (matavfall) med henting kvar 2. veke 1 stk. 140 l avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk. 240 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 4. veke og henting av 1 stk 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke. **1 stk raud boks for farleg- og elektrisk/elektronisk avfall.**

Kompostering er abonnement der det ligg føre særskild kontrakt med VØR om kompostering av alt våtorganisk og hageavfall som oppstår hos abonnenten. Slike abonnement har 1 stk. 140 l avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk. 140 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 4. veke og henting av 1 stk 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke. **1 stk raud boks for farleg- og elektrisk/elektronisk avfall.**

Kompostering pluss er abonnement der det ligg føre særskild kontrakt med VØR om kompostering av alt våtorganisk og hageavfall som oppstår hos abonnenten. Slike abonnement har 1 stk. 140 l avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk. 240 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 4. veke og henting av 1 stk 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke. **1 stk raud boks for farleg- og elektrisk/elektronisk avfall.**

Storhushald er abonnement med 1 stk. 140 l avfallsdunk for våtorganisk avfall (matavfall) med henting kvar 2 veke, 1 stk. 240 l dunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk. 240 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 4. veke og henting av 1 stk 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke. **1 stk raud boks for farleg- og elektrisk/elektronisk avfall.**

Storhushald pluss er abonnement med 1 stk. 140 l avfallsdunk for våtorganisk avfall (matavfall) med henting kvar 2 veke, 1 stk. 240 l dunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk. 340 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 4. veke og henting av 1 stk 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke. **1 stk raud boks for farleg- og elektrisk/elektronisk avfall.**

Saksnr / arkivkode
2016/2188 / M50

Løpenr.
14775/2017

Dato
14.11.2017

Samarbeid er abonnement med felles behaldar for våtorganisk avfall med henting kvar 2. veke, restavfall kvar 4. veke, papiravfall kvar 4. veke og glas og metall emballasje kvar 13. veke. Abbonnentane kan velje mellom ulike storleikar av behaldarar. Kravet for å inngå delingsavtale er at eigedomane er naboar eller ligg i nærleik til kvarandre og at abonnentane seg imellom har avtale om reinhald og framsetting av dunkane. Ved tvil vert dette avgjort av VØR. **Dei samarbeidande partane har 1 stk raud boks for farleg- og elektrisk/elektronisk avfall kvar.**

Nedgrave fellesrenovasjon er abonnement med oppsamling av avfall i nedgravne containerar.

Fritidsbustad er abonnement for dei med fritidshusvære enten dei har eigen avfallsbeholdar eller må levere avfallet i samleavfallsbeholdar for fritidshus/hytter.

Henteavtale er avtale mellom abonnent og VØR om henting, tøming og tilbakesetting av avfallsdunk på avstandar utover vegkanthenting.

b) Abbonnementeining

Fritidsbustad er husvære utan fast busetnad, som ikkje vert brukt over 4 månader i året, ~~med innlagt straum, og som ligg i regulert hytteområde eller i ein avstand til offentleg vei ikkje lenger enn 1000 m i luftline.~~ Ein kan ikkje ha fast bustadadresse ved eigedom. Fritidsbustad er ikkje omfatta av § 10 c og d i denne forskrift.

Abbonentar til kategori 1- 4 leverar sitt avfall til felles oppsamlingspunkt for fritidshus renovasjon.

Kategori 1 (høg sats. 50 % av gebyr renovasjon standard)

Hytter, fritidshus og bustadhus der det ikkje er fastbuande, og som oppfyller alle 3 kriteria :

a. Innlagt straum, b. vatn og avlaup, c. veg som er køyrbar heile året eller båtbygge.

Kategori 2 (middels sats. 30 % av gebyr renovasjon standard)

Hytter, fritidshus og bustadhus der det ikkje er fastbuande, og som ikkje fell inn under kategori 1, 3 eller 5 og som oppfyller minst eit av kriteria i kategori 1.

Kategori 3 (låg sats. 10 % av gebyr renovasjon standard)

Alle hytter og bustadhus som er større enn 20m² BRA, og som ikkje oppfyller nokon av kriteria i kategori 1, 2 eller 4.

Kategori 4 (fritekne)

Hus, hytter, sel mindre eller lik 20 m² BRA.

Huseigar kan søkje VØR om varig fritak for hus som stå til nedfalls.

Gebyreining/brukseining er husvære som er bygd eller ombygd til bruk for ein eller fleire personar og som har eigen inngang. Husværet kan anten vere leilegheit eller hybel. Ei gebyreining er ei leilegheit med fleire bruksrom dvs minst eit rom og kjøkken (eventuelt tekjøkken) og eigen inngang.

Hybel er ½-gebyreining/brukseining og er husvære utan kjøkken og er eit rom med eigen inngang, der det er tilgang til vatn og toalett.

c) Abonnent

Abbonent er eigar eller festar av eigedom som er tilslutta den kommunale renovasjonsordninga jf. forureiningslova § 34, fjerde ledd. Leigetakar/brukar av eigedom kan unntaksvis stå som abonnent/ rekningsmottakar dersom dette vert avtalt mellom VØR og eigar. Eigaren er likevel økonomisk ansvarleg for uteståande gebyr leigetakaren/brukaren måtte ha overfor kommunen. Dersom eigedommen er festa vekk for minst 30 år, eller i dei høva festet kan forlengjast utover 30 år, skal festaren reknast som abonnent.

Leigetakar/brukar: Dersom leigetakar/brukar og abonnent ikkje er same juridiske person, er leigetakar/brukar sine plikter dei same som abonnenten sine plikter, med unnatak av det økonomiske forholdet til VØR.

d) Avfall

Avfall er lausøyregjenstandar og stoff som skal regnast som avfall i høve forureiningslova sin § 27 og Miljødirektoratet, heretter kalla MD sin vegleiar TA-2001/2003.

EE avfall (elektrisk og elektronisk avfall): Kasserte ee-produkt, det vil seie produkt som er avhengig av elektrisk straum eller elektromagnetiske felt for korrekt funksjon. MD avgjer i tvilstilfelle kva som er ee-produkt, jf avfallsforskrifta kap 1.

Farleg avfall (tidligare spesialavfall) er avfall som det ikkje er føremålstenleg å handtere saman med hushaldningsavfall eller næringsavfall fordi det kan medføre alvorleg forureining eller fare for menneske eller dyr. Døme på helse- og miljøfarleg avfall kan vere maling, spillolje, løysemiddel, plantevernmiddel og bilbatteri, jf forureiningslova § 27a tredje ledd og avfallsforskrifta kap.11.

Glas og metallemballasje: Glas eller metall-emballasje frå hushaldningar.

Grovavfall, sjå restavfall.

Hushaldningsavfall er vanleg avfall frå private hushaldningar, medrekna større gjenstandar som inventar og liknande frå hushaldningar og fritidsbustader, jf forureiningslova § 27 andre ledd og MD sin vegleiar TA-2001/2003.

Kompostering er biologisk nedbryting og stabilisering av organisk avfall med lufttilgang der restproduktet vert jord.

Næringsavfall er avfall frå offentlege og private verksemder og institusjonar, jf forureiningslova § 27 tredje ledd og MD sin vegleiar TA-2001/2003.

Returplast er plastemballasje som kan gå til attvinning i eigen **returplastsekk** som VØR leverar ut kvart år til alle abonnentar.

Restavfall er avfall som vert igjen etter kjeldesortering eller sentralsortering av hushaldnings- eller næringsavfall.

Risikoavfall er sprøytespissar, bandasjar og anna smittefarleg avfall frå helseinstitusjonar/ kontor mv.

Våtorganisk avfall er lett nedbrytbart avfall av animalsk eller vegetabilsk opphav, slik som matavfall, hageavfall og planterestar.

e) Oppsamlingseining

Avfallsbeholdar/ avfallsdunk/ fellescontainer/ nedgravne anlegg er ei oppsamlingseining for avfall som VØR stiller til rådvelde for abonnentane. VØR kjøper, leverer ut og eig avfallsbeholdarane. VØR skiftar ut avfallsbeholdarane når det er naudsynt. Nedgraven løysing føreset avtale med VØR, jf. § 2. tredje ledd.

Det må berre nyttast avfallsbeholdarar tildelt/godkjent av VØR. Avfallsbeholdarane er registrert på den einskilde eigedom og skal ikkje flyttast ved endringar i eigar eller festetilhøve.

Avfallssekk er 100 liter svarte sekkar merka med VØR-logo. Slike godkjende avfallssekkar kan kjøpast hjå VØR og nyttast som ekstrasekk ved avfallstoppar.

Returplastsekk er gjennomsynlege sekkar som abonnentane skal bruke til å ha rein og tørr emballasjeplast i for attvinning. VØR leverar slike sekkar ut for eit år om gongen.

Raud boks for farleg avfall er ei offentlig godkjent boks for farleg avfall, som er konstruert slik at den ikkje kan opnast av barn eller ville dyr, og kan transporterast utan krav til ADR.

f) Sortering

Bringeordning er eit kjeldesorteringssystem der abonnenten sjølv bringer sitt kjeldesorterte avfall til ein mottaksplass t.d. returpunkt eller miljøstasjon.

Henteordning er eit kjeldesorteringssystem der kjeldesortert avfall vert henta av godkjent innsamlar så nær kjelda som praktisk råd.

Kjeldesortering er når abonnenten eller annan avfallsprodusent held visse avfallstypar fråskilt og legg desse i særskilde oppsamlingseiningar eller bringer dei til tilviste mottaksstader.

Returpunkt er lokalt ubemanna oppsamlingsstad der publikum kan levere/sortere ein eller fleire avfallsfraksjonar.

Miljøstasjon/gjenbruksstasjon er eit spesielt tilrettelagt område med organisert oppsamling av separert avfall. Alle gjenvinnbare fraksjonar kan leverast på miljøstasjonen i tillegg til restavfall og farleg avfall.

g) Slam

Tvungen slamtøming er ei ordning for tøming av slamavskiljarar og tette tankar og gjeld for alle eigedomar som har slamavskiljar eller tett tank.

h) VØR

VØR er Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS som Volda kommune og Ørsta kommune har gitt delegert ansvar i eigen selskapsavtale til å drive med innsamling, sortering og transport av avfall og slam i medhald av forureiningslova § 30, §34 og § 83. VØR har eigedomsretten til avfall som vert samla inn av eller til VØR.

§ 4. Kommunal innsamling av avfall

Kommunane har med grunnlag i forureiningslova § 30 1. ledd innført tvungen renovasjon for hushaldningsavfall. Alle eigedomar der det går føre seg aktivitet som fører til at det oppstår hushaldningsavfall, vert omfatta av tvungen renovasjonsordning. Tvungen kommunal renovasjon gjeld også for fritidseigedomar.

Ingen må samle inn hushaldningsavfall, irekna papp, papir, drikkekartong, plast og andre avfallstypar til gjenvinning, utan samtykke frå kommunane.

Det er ikkje tillate å brenne hushaldnings-, nærings-, eller farleg avfall anna enn i særskildt godkjende forbrenningsanlegg. Det er heller ikkje tillate å grave ned eller kaste hushaldningsavfall. Hageavfall og anna våtorganisk avfall kan etter avtale komposterast på eigen eigedom.

For å sikre best mogleg økonomisk, ressurs- og miljømessig handtering av avfallet, er abonnenten pliktig til å gjennomføre dei sorterings- og leverings-ordningar av avfallet som VØR til ei kvar tid gjer vedtak om.

Det er ikkje tillate å levere risikoavfall frå helseinstitusjonar innblanda i anna hushaldnings- eller næringsavfall. Dette avfallet skal kjeldesortert og leverast separat til godkjent mottakar t.d. godkjende handsamingsanlegg for slikt avfall ved større helseinstitusjonar eller destruksjon ved godkjende mottakarar for slikt avfall. VØR si innsamlingsordning vil ikkje gjelde patologisk avfall.

Med grunnlag i § 11-10 i avfallsforskrifta, tilbyr VØR mottak av farleg avfall frå hushaldningar. Denne fraksjonen skal leverast til dei utplasserte mottaka for slikt avfall eller miljøstasjon. Verksemdar med mindre mengder spesialavfall kan og nytte seg av den kommunale ordninga ved å levere avfallet ferdig deklartert på miljøstasjonen.

§ 5. Avfall som ikkje er omfatta av kommunal innsamling

- a) Farleg avfall frå verksemd med meir enn 1000 kg spesialavfall/år.
- b) Næringsavfall, jf. § 3 d. 7.ledd.

Den som har farleg avfall og næringsavfall er eigar av avfallet, og må sjølv syte for å bringe dette avfallet til godkjent avfallsanlegg eller til anna godkjend handsaming. VØR eller kommunen vil gi opplysningar om kvar slikt avfall kan/skal leverast.

§ 6. Heimekompostering av våtorganisk avfall og hageavfall.

Hageavfall bør så langt det er råd komposterast i eigen hage, alternativt leverast til miljøstasjonen.

Abbonentar med nok hageareal, får høve til å heimekompostere våtorganisk avfall og hageavfall.

Kommunestyra kan i slike høve gje redusert gebyr etter nærare avtale med VØR. I avtalen vert det fastsett krav til drift av heimekomposteringa, m.a. at komposteringa skjer på ein hygienisk tilfredstillande måte, som ikkje tiltrekkjer seg skadedyr, gjev sigevatn, vond lukt eller verkar sjenerande for omgjevningane. VØR vil gi rettleiing om drift av kompostbingen, og føre kontroll med at godkjende bingar og avtale med VØR vert fylgd. Abonnenten må skaffe seg kompostbinge for eiga rekning.

Ved brot på vilkåra i avtalen, kan VØR seie han opp og påleggje abonnenten å levere avfallet i samsvar med § 4 og § 12 i denne forskrift.

§ 7. Oppsamlingseining og plasseringa av denne

- a) Oppsamlingseininga

Oppsamlingseining er den til ei kvar tid godkjende avfallsbeholdar/sekk for innsamling av hushaldningsavfall utlevert av VØR. Abonnten/brukar er pålagt å notere nummeret på oppsamlingseininga og opplyse om dette når han tek kontakt med VØR i høve avfallsordningane.

Abonnten er ansvarleg for reinhald av behaldarane. Behaldarane skal berre nyttast til avfallshandtering i samsvar med denne forskrifta. Ved annan bruk av behaldarane enn avfall i samsvar med denne forskrifta, er VØR utan ansvar for skade eller tap av innhaldet. Ved misbruk/aktløyse som skadar behaldaren skal abonnten betale kostnaden med ny behaldar. Ved kjeldesortering av avfall til materialgjenvinning kan VØR dele ut fleire avfallsbeholdarar til same abonnent.

For rekkjehus, blokker, seksjonerte eigedomar, fritidshus, burettslag og liknande kan desse bruke felles behaldar eller nedgraven container. Reinhald, framsetting m.m. er desse brukarane sitt ansvar. Reinhald av fellescontainerar for fritidshus og nedgravne anlegg er VØR sitt ansvar. Reinhald rundt nedgravde anlegg er brukarane sitt ansvar.

Abonnten/brukar pliktar å setje rett avfallsbeholdar fram til hentestad innan kl. 06.00 på tømedagen for å ha krav på innsamling. VØR driv innsamling mellom kl. 06.00 og 22.00. Abonnten/brukaren er ansvarleg for at avfallsbeholdaren ikkje valdar skade ved at han kjem på avvegar frå oppstillingsplass eller hentestad.

Abonnten/brukaren skal bringe avfallsbeholdaren tilbake frå hentestad til oppstillingsplass same dag som den er tømt.

Abonnten/brukaren er ansvarleg for at behaldaren vert handsama med varsemnd og halden rein i samsvar med krav frå helseansvarlege myndigheiter. Hushaldningsavfallet skal vere emballert t.d. i plastnett før det blir plassert i avfallsdunken.

Alt avfall som vert sett fram for tøming skal liggje i godkjent oppsamlingseining som ikkje er fylt meir enn at loket kan latast heilt tett til. Dette for at hygieniske ulemper ikkje skal oppstå. Avfallet må ikkje pakkast fastare enn at behaldaren lett kan tømast. På vinterstid er brukaren ansvarleg for at avfallet ikkje er frose fast og dermed ikkje let seg tømme.

Ved avfallstoppar må abonnentane sjølv skaffe seg tilstrekkeleg kapasitet til avfallet sitt t.d. ved ekstrasekkar. Ved gjentatt overfylling av dunken, kan VØR påleggje den enkelte abonnent større avfallsdunk og dermed høgare gebyr, jf. § 12.

Når ein nyttar avfallssekk skal denne sikrast mot fuglar og dyr ved naudsynte tiltak som nett o.l. Sekkar som vert framborne eller leverte til sentrale oppsamlingseiningar skal vere knyta att. Vekta på sekken skal ikkje vere over 20 kg. Vekta på avfallsdunken ikkje vere over 30 kg/140 l behaldarvolum. Tap av dunk/oppsamlingseining pliktar abonnten å melde snarast til VØR. VØR kan påleggje abonnten å nytte alternative oppsamlingseiningar for å få til ei forsvarleg innsamling og handsaming av avfallet.

Returplastsekken skal på hentedag knytast att og plasserast opp i dunken for papir og pappavfall. **Styret i VØR kan vedta anna innsamling av returplastsekken for plastembalasje.** Eventuell prising av ekstrasekkar vert fastsett av kommunestyret i samband med sak om gebyrregulativ.

b) Behaldarar for fritidsbustad.

VØR plasserer ut felles avfallscontainerar og syter for naudsynt reinhald, inklusiv av hentestad og oppstillingsplass. Fritidsbustad med eigne avfallsbeholdarar vert å regulere etter § 7 a. Avfallsbeholdarar som er utplasserte og merka med fritidsbustad, skal berre nyttast av brukarar av fritidshusvære.

c) Veg/hentestad

Hentestaden skal vere ved køyreveg, og vert fastsett av VØR. På hentestad skal avfallsbeholdarane stå lett tilgjengeleg på eit flatt og fast underlag i bakkenivå fritt frå portstolpar og liknande inklusiv med fri høgde for innhenting med mekanisk arm. Avfallsbeholdarane skal på hentedag stå i ein avstand 1–3 m frå vegkant (vegkanthenting). Tilkomsten skal vere fri for hindringar som kan gjere tøminga vanskeleg, slik som tersklar, trappetrinn, parkerte bilar osv. Der fleire dunkar står i lag skal avstanden mellom dunkane vere minst 30 cm.

Køyreveg kan vere både privat og offentleg veg. VØR har rett til å stille krav til vegstandard, vedlikehald, tilkomst og utforming av vegane som vert køyrde. Køyreveg som skal brukast i samband med renovasjonsordninga skal anten ha snuplass for stor bil, eller vere gjennomgåande, og renovasjonsbilane skal

kunne køyre henterutene på ein lovleg og forsvarleg måte. Godkjend bilveg skal minst ha ei breidde på 3,0 m køyrebane, ei fri høgde på minst 4,0 m, styrke til å tole eit akseltrykk på minst 8,0 tonn og kurvatur og stigning tilsvarande vegklasse 4 i normalar for landbruksvegar. For å kome fram til avfallsdunken/avfallssekken skal vegen vere fri for hindringar for den som skal hente avfallet. Vinterstid skal tilkomsten vere rydda for snø, og om naudsynt vere sandstrødd.

Når vegen ikkje er tilfredsstillande brøytt eller den har slik teknisk standard at den i det heile tatt ikkje er køyrbar, skal abonnenten bringe avfallet fram til renovasjonsbilen, eller ta vare på avfallet på ein forsvarleg måte til neste hentedag. VØR kan i enkelttilfelle samtykkje anna plassering enn det som er nemnt ovanfor, mot eit ekstragebyr som vert fastsett i samband med årleg gebyrfastsetjing (henteavtale). Eigarar av fritidshus/hytter pliktar å levere avfallet sitt i tilviste avfallsbeholdarar som nemnt i denne paragraf punkt b.

§ 8. Sortering av avfallet

a) Hushaldningsavfall

Hushaldningsavfall skal kjeldesorteras for dei avfallsfraksjonar det er etablert innsamlings- og mottaksordningar for. Dette vert gjort for å legge til rette for best mogleg slutthandsaming av avfallet. Avfall levert til VØR kan verte manuelt kontrollert. Ved manglande eller mangelfull sortering vil renovatør ved bruk av klistrelapp eller liknande varsle om mangelen og ikkje ta avfallet med på vanleg rute.

Fuktig avfall, skarpe eller knuselege gjenstandar mv. skal vere forsvarleg innpakka for å hindre skade på renovatørane, før plassering i avfallsbeholdaren. Varm oske må avkjølast heilt før den vert emballert og lagt i behaldaren. Oske, avfall frå støvsugar o.l. må vere skikkeleg emballert for å unngå støvplage under innhenting.

Flytande avfall skal ikkje leggjast i behaldaren. I behaldaren må det vidare ikkje leggjast større metallgjenstandar, elektrisk eller elektronisk avfall, stein og jord, hageavfall og sand/grus eller bygningsavfall. I behaldaren må det heller ikkje leggjast etsande, eksplosivt eller sjølvantenneleg avfall. Farleg avfall eller problemavfall skal ikkje leggjast i behaldaren.

Brukaren kan gjerast økonomisk ansvarleg for skader på behaldar, renovasjonsbil eller på tømme plass for renovasjonsbilen som følgje av akklause bruk av behaldaren.

Når ein brukar avfallssekk skal den ikkje fyllast meir enn at den kan knytast att.

Avfall som er for stort eller for tungt til den vanlege innsamlingsordninga skal leverast til miljøstasjonen. Tilsvarande skal også andre typar avfall som kan gjenvinnast eller gå til ombruk og det ikkje er oppretta henteordning for, leverast til miljøstasjonen.

b) Henteordning

Alle abonnentar som inngår i tvungen kommunal avfallsordning skal kjeldesortere avfallet i følgjande fraksjonar:

- Våtorganisk avfall skal leverast i grøn behaldar med brunt lok.
- Glas og metallemballasje skal leverast i grøn behaldar med gult lok.
- Emballasjeplast skal leverast i samanknytte returplastposar i grøn behaldar med blått lok.
- Papir (aviser, tidsskrift, vekeblad, reklamepapir, papp, kartong, drikkekartong) skal leverast i grøn behaldar med blått lok.
- Restavfall skal leverast i grøn behaldar med grønt lok.

Fraksjonane skal haldast skilt og leggjast i dei utleverte avfallsbeholdarane som står heime hos kvar enkelt abonnent. Det er ikkje tillate å leggje andre typar avfall i oppsamlingseininga enn det som er nemnt ovanfor. Det er ulike tømefrekvensar for desse fraksjonane. For nærare opplysningar vert det vist til eigen informasjon. Kravet til kjeldesortering gjeld ikkje husstandane i bygda Skår.

c) Bringeordning

Andre kjeldesorterte fraksjonar med godkjent innsamlingsordning skal bringast til returpunkt, t.d tekstilar eller miljøstasjonen (større delar av papp, e.e-avfall). VØR kan gjere endringar i utval og talet på fraksjonar. Farleg avfall må leverast til farleg avfall mottak eller miljøstasjonen. **Det gjeld og raud boks for farleg- og småelektrisk avfall.**

Fritidsbustader kan få tilvist bruk av felles oppsamlingseiningar for avfall. Disse skal ikkje nyttast av fast busette, verksemder, utleigehytter eller private anlegg for turisme. Brot på dette vert definert som om den aktuelle abonnent/brukar har for lite behaldarvolum/for lav hentefrekvens (jf § 7 og § 12).

§ 9. Hygieniske krav til renovasjon

Forskriftene byggjer på dei krav til hygienisk avfallshandtering som vert fastsett av sentrale styresmakter og helsemynde i kommunane. Gjeldande lover og forskrifter:

- a) Lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) og lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid (folkehelseloven) med kommunale helseforskrifter.
- b) Lov 13. mars 1981 nr. 81 om vern mot forurensningar og om avfall med forskrifter.

Helsestyresmaktene i kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at helseforskriftene om handtering av avfall vert fylgd.

§ 10. Avfallsgebyr

a) Abonentar som vert omfatta av avgjerdene i denne forskrifta skal betale avfallsgebyr som vert innkravd av VØR. Ved registrering av ny abonnent eller ved endring av eksisterande abonnement, vert nytt gebyr rekna frå den første i månaden etter at endringa er meldt til VØR. Tilsvarende vert gebyret rekna fram til den siste dagen i månaden der gebyrplikta vert avslutta. Abonnentar som kjem inn under denne forskrifta pliktar straks å melde endringar i abonnementtilhøve til VØR. Likeeins pliktar ein å melde frå dersom personen ikkje står i gebyrregisteret for avfall. Blokker, rekkehus og liknande som er organisert som burettslag, kan få avgifta berekna og betalt samla. Det same gjeld for tilsvarende bustader når eigarane organiserer seg som felles rettssubjekt (eks huseigarforeining).

b) Gebyrsatsane vert fastsett årleg av kommunestyra. Gebyret med renter og kostnader er sikra etter pantelova § 6-1. Om renteplikt og inndrivning gjeld tilsvarende reglar i lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane § 26 og § 27. Gebyret skal dekke alle kostnader med avfallshandteringa. For dei tenestene som er pålagde og fastsette etter denne forskrifta skal abonnenten betale eit renovasjonsgebyr til VØR pr. gebyreining. Gebyr skal og betalast for tilleggstenester som henteavtale.

- c) Gebyreiningar som står tome heile eller delar av året kan etter årleg søknad, få nedsett gebyr for:
- samanhengande heile året 100 % og
 - samanhengande minst 6 md 50 %.

Vilkåret er at avfallsbeholdarane er innleverte til VØR for den perioden det vert søkt om fritak for.

d) Gebyrdifferensiering

For å fremje avfallsreduksjon, kjeldesortering og gjenvinning vedtek kommunen differensierte gebyrsatsar i samband med dei årlege gebyrvedtak. Gebyret vert fastsett på grunnlag av storleik på avfallsdunk, om abonnenten komposterer eller om abonnentar samarbeider om oppsamlingseining.

§ 11. Unntak/klager - praktisering

Søknader om unntak og klager på praktiseringa av denne forskrift, kan påklagast (forvaltningslova § 2b og forureiningslova § 85). Klagen skal sendast til det organet som har gjort vedtaket. Dersom klagen ikkje vert teken til følgje, vert den sendt til styret for VØR, som skal gjere endeleg vedtak.

Det at ordninga ikkje vert brukt, at bruken er tungvint eller vert sett på som unødvendig eller liknande, gjev ikkje grunnlag for fritak frå ordninga eller betalingsplikta.

Søknader/klager skal vere grunngejevne og innehalde opplysningar om eigar, adresse, gards- og bruksnummer. Kommunane delegerer mynde for avgjerd av søknader/klager til styret for VØR. Styret i VØR kan delegere mynde til å ta daglege og praktiske avgjerder etter desse forskriftene til dagleg leiar.

§ 12. Sanksjoner - straff

Dersom det viser seg at ein abonnent har for lite behaldarvolum, slik at det er fare for at avfallet vert disponert i strid med forskrifta, kan VØR påleggje abonnenten det behaldarvolumet som ein finn føremålstenleg. Byte av behaldar vil skje seinast ein månad etter at skriftleg varsel er sendt frå VØR.

Dersom det viser seg at ein abonnent ikkje har meldt i frå om gebyrpliktige abonnementeteiningar eller endring i gebyrplikt som medfører tillegg i gebyret, kan VØR påleggje ekstragebyr frå den dato som abonnementeteininga(ne) vart gebyrpliktig(e). Dersom dette tidspunktet ikkje kan dokumenterast, vert abonnenten automatisk pålagt gebyr frå to år før tilhøvet vart oppdaga/registrert.

VØR kan påleggje abonnenten tilleggsgebyr om det syner seg at abonnenten ikkje sorterer avfallet sitt i samsvar med gjeldande sorteringsreglement, jf. § 8 i denne forskrift. Utover dette kan brot på føresegnene verte straffa med bøter, jf. forureiningslova § 79 andre ledd.

Kapittel 2. Tøming av slam frå spreidde avlaupsanlegg

§ 13. Generelt

Volda og Ørsta kommune har vedteke å nytte mobil avvatning som behandlingsmetode for kloakkslam frå slamavskiljarar med godkjent avløp. Volda kommunestyre i møte 3. mai 1990 og Ørsta kommunestyre i møte 28. mai 1990.

§ 14. Tøming av slamavskiljarar m.m.

a) Melding

Melding om når tøming vil finne stad vil verte gjeve gjennom SMS/ e-post / Altinn eller på annan måte som VØR finn føremålsteneleg.

b) Frekvens på tøming av slamavskiljar

Tvungen slamtøming gjeld for alle eigedomar som har slamavskiljar eller tett tank for slam. For eigedomar med fast busetjing/heilårsbustad og med toalett tilknytt slamavskiljar, skal slamavskiljar tømast ein gong kvart andre år. Andre slamavskiljarar skal tømast ein gong kvart fjerde år. Tette oppsamlingstankar skal tømast i god tid før dei er fulle og minst ein gong kvart år. I særlege høve kan VØR fastsetje annan tømefrekvens enn nemnt ovanfor.

c) VØR eller den som tømmer for VØR sine plikter

Tøming skal utførast slik at den ikkje er til ulempe for nokon med omsyn til støv, lukt eller støy. Anlegget skal forlatast i lukka stand og grinder, portar og dører skal stengjast, eventuelt låsast. Renovatør skal rapportere til kommunen alle observerte avvik ved anlegget og samla mengde slamvolum.

d) Vegtilkomst til slamtank

Krav til vegtilkomst til slamtank ved tøming heile året skjer etter § 7c i disse forskrifter og gjeld tøming med standardutstyr.

Bruk av særskilt tømehjelp og høgre gebyr, tillet vegtilkomst på sommarhalvåret bygt etter Normal for landbruksveggar, vegklasse 5, Sommarbilveg for tømmertransport utan hengar. Anlegg med vegtilkomst vegklasse 5 vil ikkje ha krav på naudtøming i vinterhalvåret.

§ 15. Abonnenten sine plikter

Abbonnten skal syte for at anlegga som skal tømast er lett tilgjengelege og dimensjonerte for tøming med bil. Overdekking av kumløkk og liknande med snø, is, jord, stein eller anna skal vere fjerna av abonnenten før tøminga skal gjerast. Den som tømmer anlegget har rett til å plassere naudsynt utstyr på eigedomen for å få utført tøminga. VØR vil ikkje ta på seg krav frå skade på vegar, hagar eller liknande. Dersom vegstandarden er for dårleg, må tankeigar syte for forsterkning. Jf. også krav til veg/hentestad i § 7c.

Dersom abonnenten ikkje har klargjort tanken for tøming eller ein må tømme tankar utanom oppsett innhentingsplan, kjem gebyr for tilkøyring i tillegg til tømepreisen.

§ 16. Avgifter ved fellesanlegg

Kommunale og private fellesavskiljarar for fleire bustadhus, bustadfelt, verksemder, industriområdar og andre type byggeområde eller tettstader skal tømast i samsvar med det som er oppgitt i utsleppsløyve eller når VØR vurderer at tøming må gjerast.

§ 17. Avgift, innkreving, renter m.m.

Abbonnten skal betale ei årleg avgift som vert innkravd av VØR. Gebyrsatsane vert fastsett årleg av kommunestyra. Gebyret med renter og kostnader er sikra etter pantelova § 6-1 om renteplikt og inndrivning gjeld reglane i lov 6. juni 1975 nr. 29 og eigedomsskatt til kommunane § 26 og § 27.

§ 18. Klage og straff

Dette vert handsama etter § 11 og § 12 i denne forskrift.

§ 19. Iverksetting

Forskrifta trer i kraft frå **01.01.2020** og erstattar tidlegare forskrift **14.12.2017** om renovasjon, Ørsta og Volda kommunar, Møre og Romsdal. Styret i VØR vedtek iverksettingstidspunkt for endra inndeling av Abonnementeining i § 3b for fritidsbustadar.

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS
Torvmyrane 29
6160 Hovdebygda

Nye Volda Kommune
v. Rådmann Rune Sjurgard
Stormyra 2 Rådhuset
6100 Volda

Dykkar ref: Vår ref: PB Dato: 27.11.18

SÆRUTSKRIFT - MELDING OM POLITISK VEDTAK – FORSLAG TIL REVISJON AV FORSKRIFTER FOR AVFALL OG SLAMTØMING VOLDA OG ØRSTA KOMMUNAR.

Vi melder med dette frå at styret i VØR i sak 35-18 den 13.11.18 gjorde slikt samrøystes vedtak i sak 35-18 om revisjon av forskrifter for renovasjon og slam som skal gjelde frå 2020, i Nye Volda og Ørsta Kommunar.

Praksis hittil i Volda og Ørsta Kommunar, er at administrasjonen i kommunen har handsama det vidare forskriftsarbeidet, og at VØR deretter har fått i ansvar å setje forskriftene ut i livet når nye forskrifter er vedtekne og kunngjorde.

**Styresak 35-18 Forslag til revisjon av forskrifter for avfall og slamtøming
Volda og Ørsta Kommunar.**

Vedtak: (5 røysteføre)

Styret vedtek å sende forslag til reviderte forskrifter over til Volda og Ørsta Kommune for politisk handsaming.

Handsaminga

Samrøystes vedteke. Administrasjonen vert beden om å framstille abonnementinndelinga på ein meir skjematisk måte.

Saksutgreiing.

I samband med at Hornindal skal verte ein del av Nye Volda Kommune, må forskriftene for renovasjon og slam endrast med verknad frå 2020.

Vi har tre tilnæringsmåtar til revisjonen. Først har vi undersøkt om der er nye overordna lovkrav som har kome til sidan siste revisjon i desember 2017.

Deretter har vi sett på om der er lokale tilhøve som bør inn i forskriftene. Og det tredje er å samanlikne forskriftene til Hornindal med Volda og Ørsta sine, for å få det beste slik vi ser det, frå begge forskriftene.

Hornindal sin renovasjonsforskrift er ein del av Nordfjord Miljøverk IKS (NoMil) sin forskrift. NoMil er renovasjonsselskapet for Nordfjord, og har ansvaret for renovasjon i 7 kommunar og om lag 32000 innbyggjarar.

1. Nye lovkrav.

Frå lovgjevar er det kome forslag til forskrift om lovpålagt innsamling av matavfall/våtorganisk avfall og plastemballasje. Dette er alt inne i forskriftene frå desember 2017. Hornindal har hatt innsamling av matavfall ei årrekkje, og VØR startar opp frå 2019.

2.a. Nye og endra tiltak foreslått frå VØR - Raud boks

Raud boks for farleg avfall vart utlevert til alle abonnentar våren 2018, og innsamlingsresultatet etter seks månader, gav svært godt resultat. Vi samla inn nesten 17 tonn farleg avfall frå bygdene. Ordninga med ubemanna mottak som vi hadde tidligare, gav til samanlikning 14 tonn for heile året 2017.

Opplegget er slik at innbyggjarane får høve til å levere innhaldet i disse boksane på sentrale innsamlingspunkt, eller på miljøstasjonen i Hovdebygda. Innbyggjarane vert varsla på førehand med SMS om aktuell dag og tid for innsamlinga.

Raud boks tilbodet må inn i forskriftene for at alle abonnentar skal få ein juridisk rett på denne oppsamlingseininga.

I § 3 er dette tatt inn i definisjonane av kva eit abonnement inneheld.

I § 8c) om bringeordning, er levering til oppsamlingspunkt beskrive, og at innsamling vert arrangert to gangar pr. år.

b. Plastemballasje.

Eit av samfunnsoppdraga til avfallsbransjen er å levere reine fraksjonar som kan gå som råvare til produksjon av nye varer. Regjering og storting forsterkar dette, ved at innsamling av plastemballasje no blir lovpålagt, heimla i nasjonal forskrift.

Innsamla mengder hos VØR er i 2018 komne opp på vel 11 kg plastemballasje pr. innbyggjar pr. år. Kanskje av den grunn har vi fått ei ny utfordring. Plastemballasjen frå sekkar som ikkje er skikkeleg saman knytte eller sekkar som går sund under innsamling, ureina papiret i lassa. Vi meiner dette er eit midlertidig problem som må og kan løysast.

Vi er ikkje klare på kva korrigerande tiltak skal vere i dag. Men seinast i 2019 må det finne sin løysing.

Først vil vi prøve utsortering på miljøstasjonen som eit rimeleg strakstiltak. Alternativet med innsamling av plastemballasje på eigne ruter gir kanskje eit enda betre resultatet, men er og mest kostbart. Ca kr 250,- på alle abonnement med dagens prisar.

Administrasjonen sitt forslag er å utgreie dette, med sikte på å få ei sak fram for styre og representantskap i 2019.

Dette er bakgrunnen for at det i forskriftene § 7a) siste ledd ligg ei fullmakt til styret om å fastsette endra innsamlingsmetode.

2. *Hornindal sine forskrifter samanlikna med Volda og Ørsta sine.*

Hornindal og NoMil sine forskrifter er lik Volda og Ørsta sine, i mykje. Men noko forskjell er der. Eg drøftar ikkje alle punkta med forskjellar, men tar opp det som eg opplever er dei viktigaste.

NoMil har generelt meir mynde frå kommunestyra enn VØR til å godkjenne vegar, fastsette kva avfallsfraksjonar som skal samlast inn, og fastsette anna særskilt regelverk. Mitt råd er å vidareføre dagens praksis i Volda og Ørsta, der avgjersmynde i stor grad ligg i kommunestyra.

a. *Ein person husstandar.*

Hornindal har i gebyrforskrifta ei abonnementtype for husstandar med ein person i. Gebyrforskrifta er ikkje til handsaming no, men sidan forskrifta i Volda og Ørsta er annleis oppbygt enn Hornindal sin, må spørsmålet om ein person husstand drøftast no, slik eg ser det.

Dette var eit tema i Volda og Ørsta rundt 1999, i samband med Avfallsplanen 1999-2003 som kommunestyra den gangen vedtok.

Konklusjonen vart ei inndeling slik vi fortsatt har det, der ein gjekk bort frå ein type abonnement likt for alle (52 sekkar pr år), og innførte eit gebyrsystem der hentefrekvens, samarbeid og storleik på behaldarar var virkemiddel for å stimulere til redusert avfallsproduksjon. Dette femnde om alle eigedomar utan omsyn til tal personar i husstandane. Ein person husstandar kunne velje den sjeldnaste hentefrekvensen og dei minste behaldarane på same måte som familiane som var flinke å sortere.

Ordning basert på talet personar i gebyreininga vart vurdert, men gått vekk frå. Personvern grunnar var eit argument som var brukt. Objektive kriteria for å stimulere til låg avfallsproduksjon for alle, var eit anna argument. Enkle kontrollregimer for å sikre at dei som skal betale faktisk gjer det, var eit tredje argument.

I 2018 fekk vi ny personvernlov. Intensjonen i lovverket slik vi forstår det, er å sikre enkeltindividet sine rettar betre enn før, og helst avgrense mest mogeleg at «storebror ser deg». Vi meiner at å innføre ein person abonnement, ikkje er eit skritt i den retning. Min tilråding er å vidareføre Volda og Ørsta Kommunar sitt abonnementsystem som stimulerer til redusert avfallsproduksjon ved samarbeid om oppsamlingseining og storleik på behaldarar.

b. *Hytter og Fritidshus*

Tilnærminga til fritidshusrenovasjon er annleis i Hornindal enn i Volda og Ørsta. Hos VØR har alle fritidseigedomar med innlagt straum gebyr, føreset at dei ikkje er plasserte meir enn 1 km i luftlinje frå offentleg veg. Dei utan straum har ikkje gebyr. Valfridomen er knytt til val av enkeltbehaldarar, for den som vil ha det.

Gebyra for hytter og fritidshus hos Hornindal er differensierte utifrå standard på fritidshusa. Alle er med i ordninga. I tillegg er fast monterte campingvogner utanom campingplass underlagt gebyrplikt.

Sett litt forenkla så er tilnærminga i Hornindal at høg standard fritidshus som kan nyttast heile året, får høgste gebyret. «Sommarhytter» betalar låg sats.

Hytte med heilårsveg, straum og vatn/ kloakk betalar i Hornindal eit gebyr på 50 % av standard hushaldningsgebyr. Hytte med enten heilårsveg, straum og vatn/kloakk betalar 30 % gebyr av standard hushaldningsgebyr. Og til slutt så betalar hytte/ fritidshus utan heilårsveg, straum eller innlagt vatn /kloakk, men som er større enn 20 kvm. eit gebyr på 10 % av standard hushaldningsgebyr.

Dersom dette vert innført i Volda og Ørsta, ville det utvide gebyrgrunnlaget noko. Dei aller fleste i form av 10 % gebyr. Men og nokre moderne hytter med energi frå gass, solcelle og innlagt vatn / kloakk vil kome inn i ordninga. Disse er med dagens regelverk hos VØR utanfor gebyrplikt.

Hittil i 2018 har VØR samla inn ca. 150 tonn med hushaldningsavfall frå hytter og fritidshus. Det representera om lag 135 kg pr. fritidseigedom. Vårt inntrykk er at det i all hovudsak er hushaldningsavfall i plastnett. Noko avfall frå reisande i bubilar er der nok og, og det har vi ikkje mottaksplikt for. Men det er uansett betre det hamnar der enn i naturen.

Mengdene fortel tydeleg at hytte og fritidshus brukarane treng tilbodet. Tilbakemeldingar til VØR, går elles på at ein og får inn avfall og frå fritidshus utan gebyr i containerane for avfall frå hytter og fritidshus. Det er eit argument for Hornindal sin abonnementsordning.

Samfunnsutviklinga framover vil vere å utvide tilbodet med fleire sorteringstilbod slik som hos dei fast busette.

Fritidshus renovasjon vart vedteke i 2013 i VØR, og særskilt i starten var der fleire innspel om at gebyra burde vere differensierte utifrå standard og dermed høve til bruk. Høg standard hytter kan ein bruke heile året, medan ikkje isolerte hytter er best eigna til sommarbruk.

Det lyttar vi til, og tilrår derfor at Hornindal sin standard vert gjort til ny standard for Volda og Ørsta. Iverksettingstidspunkt vert bestemt av styret i VØR.

Vi har ikkje tatt inn fast plassert campingvogner utanfor campingplass, då dette ikkje har noko omfang å tale om, det vi har registrert.

Vi meiner vidare at valfridomen til fritidshus abonnentar med eigen behaldar, vert vidareført. Gebyrsats for disse vert fastsett i det årlege gebyrvedtaket.

Differensierte gebyr for hytter og fritidshus er lagt inn i § 3b.

c. Reduksjon for hushaldningsabonntar med meir enn 300 meter fram til hentepunkt.

NoMil gir etter søknad, reduksjon i renovasjonsgebyr for heilårs busette eigedomar som har meir enn 300 meter fram til tilvist hentepunkt. Dette gjeld slik vi forstår eldre kommunale og eller fylkeskommunale vegar med akseltrykk på 6 tonn og vegbreidde under 3 meter, der renovasjonsbilen ikkje kjem seg fram på forsvarleg og lovleg vis. Vi foreslår at denne ordninga vert tatt inn i Volda og Ørsta sine nye forskrifter, og presiserar at den kan omfatte heilårs og halvt års ordningar. Vi har tatt inn dette i § 7d, der styret avgjer satsen.

I Volda og Ørsta er der nokre få vegar som kan vere aktuelle. Abonnentar som bur langs disse vegane må i dag sette fram avfallet til tilvist hentestad ved køyrbar veg for å få henting.

I omfang talar vi om ca. 10 abonnentar på vinters tid. 2-3 på sommarhalvåret. Kor mange nye vi får etter at Hornindal kjem med, har vi ikkje oversikt over.

Slaminnsamling frå separate slamavskiljarar har Hornindal Kommune ansvaret for i Hornindal, medan VØR har ansvaret for dette i Volda og Ørsta. Vi rår til at dette går inn i VØR sitt ansvarsområde frå 2020. Tilsyn, oversikt og anbodskonkurransar krev særskildt kompetanse, og vi trur ikkje at det er effektivt å spreie dette utover på fleire aktørar.

Dagens forskrifter i Volda og Ørsta finn ein her:

<https://lovdata.no/dokument/OV/forskrift/2017-12-14-2405>

Hornindal sine renovasjonsforskrifter finn ein her:

<http://www.nomil.no/images/PDF/standardforskrift-2011-vgsy.pdf>

Forskrifter med forslag til endringer. Alle endringer er skrevet med *raud* skrift.

Forskrift for handsaming mv. av avfall og slamtøming, Volda og Ørsta kommunar, Møre og Romsdal

Kapittel 1

§ 1.Mål for avfallssektoren

Forskrifta har som mål å arbeide for at avfall som oppstår vert handsama på ein trygg, kostnadseffektiv og miljørett måte i samsvar med nasjonal avfallspolitik.

§ 2.Virkeområde

Denne forskrifta gjeld kjeldesortering, oppsamling, innsamling og transport av alle typar avfall og slam som kommunane sjølvpålagt, etter forureiningslova eller ved delegering frå overordna forureiningsmynde, er tillagt mynde over. Dette inkluderer farleg avfall frå hushaldningar og bedrifter dersom mengda ikkje overstig den grensa som til ei kvar tid gjeld i avfallsforskrifta.

Denne forskrifta omfattar alle registrerte grunneigedomar i Volda og Ørsta, inklusiv kvar enkelt seksjonerte del av bygning og kvar enkelt sjølvstendige brukseining i bygning. Også fritidseigedommar.

VØR avgjer i tvilstilfelle kva som reknast som sjølvstendig brukseining i bygning. VØR kan gi nærare retningsliner for gjennomføring av avgjerdene i forskrifta.

§ 3.Definisjonar

a) Abonnement

Standardabonnement:

- 1 stk. 140 l avfallsdunk for våtorganisk avfall (matavfall) med henting kvar 2 veke.
- 1 stk. 140 l avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke.
- 1 stk. 140 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, henting kvar 4. veke.
- 1 stk. 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke
- **1 stk. raud boks for farleg- og elektrisk/elektronisk avfall.**

Standard pluss abonnement:

- 1 stk. 140 l avfallsdunk for våtorganisk avfall (matavfall) med henting kvar 2 veke.
- 1 stk. 140 l avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke.
- 1 stk. **240 l avfallsdunk** til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, henting kvar 4. veke.
- 1 stk. 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke
- **1 stk. raud boks for farleg- og elektrisk/elektronisk avfall.**

Komposteringsabonnement:

Krev at der ligg føre særskild kontrakt med VØR om kompostering av alt våtorganisk og hageavfall som oppstår hos abonnenten.

- 1 stk. 140 l avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke.

- 1 stk. 140 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, henting kvar 4. veke.
- 1 stk. 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke
- 1 stk. raud boks for farleg- og elektrisk/elektronisk avfall.

Kompostering pluss abonnement:

Krev at der ligg føre særskild kontrakt med VØR om kompostering av alt våtorganisk og hageavfall som oppstår hos abonnenten.

- 1 stk. 240 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, henting kvar 4. veke.
- 1 stk. 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke
- 1 stk. raud boks for farleg- og elektrisk/elektronisk avfall.

Storhushaldabonnement:

- 1 stk. 140 l avfallsdunk for våtorganisk avfall (matavfall) med henting kvar 2 veke.
- 1 stk. 240 l avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke.
- 1 stk. 240 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, henting kvar 4. veke.
- 1 stk. 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke
- 1 stk. raud boks for farleg- og elektrisk/elektronisk avfall.

Storhushaldabonnement pluss:

- 1 stk. 140 l avfallsdunk for våtorganisk avfall (matavfall) med henting kvar 2 veke.
- 1 stk. 240 l avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke.
- 1 stk. 340 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, henting kvar 4. veke.
- 1 stk. 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke
- 1 stk. raud boks for farleg- og elektrisk/elektronisk avfall.

Samarbeidsabonnement:

Krev deling med nabo i nærleik til kvarandre og at abonnentane seg imellom har avtale om reinhald og framsetting av dunkane. Ved tvil vert dette avgjort av VØR.

- Henting av avfallsdunk for våtorganisk avfall (matavfall) med henting kvar 2 veke.
- Henting av avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke.
- Henting av avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, henting kvar 4. veke.
- Henting av avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke
- Dei samarbeidande partar har 1 stk. raud boks for farleg- og elektrisk/elektronisk avfall kvar.

Abonnement for fellesrenovasjon:

Er abonnement med oppsamling av avfall i nedgravne containerar.

Fritidsbustadabonnement:

Er abonnement for dei med fritidshusvære enten dei har eigen avfallsbeholdar eller må levere avfallet i samleavfallsbeholdar for fritidshus/hytter.

Henteavtale

Er avtale mellom abonnent og VØR om henting, tøming og tilbakesetting av avfallsdunk på avstandar utover vegkanthenting.

b) Abonnementeining

Fritidsbustad er husvære utan fast busetnad, som ikkje vert brukt over 4 månader i året. Ein kan ikkje ha fast bustadadresse ved eigedomen. Fritidsbustad er ikkje omfatta av § 10 c og d i denne forskrift. **Abonnentar til kategori 1- 4 leverar sitt avfall til felles oppsamlingspunkt for fritidshus renovasjon.**

1.1.Kategori 1 (høg sats. 50 % av gebyr renovasjon standard)

Hytter, fritidshus og bustadhus der det ikkje er fastbuande, og som oppfyller alle 3 kriteria :

- a. Innlagt straum
- b. vatn og avlaup
- c. Veg som er køyrbar heile året eller båtbygge.

1.2.Kategori 2 (middels sats. 30 % av gebyr renovasjon standard)

Hytter, fritidshus og bustadhus der det ikkje er fastbuande, og som ikkje fell inn under kategori 1-3-4 og som oppfyller minst 1 av kriteria i kategori 1

1.3.Kategori 3 (låg sats. 10 % av gebyr renovasjon standard)

Alle hytter og bustadhus som er større enn 20m² BRA, og som ikkje oppfyller nokon av kriteria i kategori 1-2-4

1.4.Kategori 4 (fritekne)

Hus, hytter, sel mindre eller lik 20 m² BRA.

Huseigar kan søkje VØR om varig fritak for hus som stå til nedfalls.

Styret i VØR vedtek iverksettingstidspunkt for kategori 1,2,3 og 4.

Gebyreining/brukseining er husvære som er bygd eller ombygd til bruk for ein eller fleire personar og som har eigen inngang. Husværet kan anten vere leilegheit eller hybel. Ei gebyreining er ei leilegheit med fleire bruksrom dvs. minst eit rom og kjøkken (eventuelt tekjøkken) og eigen inngang.

Hybel er ½-gebyreining/brukseining og er husvære utan kjøkken og er eit rom med eigen inngang, der det er tilgang til vatn og toalett.

c) Abonnent

Abonnent er eigar eller festar av eigedom som er tilslutta den kommunale renovasjonsordninga jf. forureiningslova § 34, fjerde ledd. Leigetakar/brukar av eigedom kan unntaksvis stå som abonnent/rekningsmottakar dersom dette vert avtalt mellom VØR og eigar. Eigaren er likevel økonomisk ansvarleg for uteståande gebyr leigetakaren/brukaren måtte ha overfor kommunen. Dersom eigedomen er festa vekk for minst 30 år, eller i dei høva festet kan forlengjast utover 30 år, skal festaren reknast som abonnent.

Leigetakar/brukar: Dersom leigetakar/brukar og abonnent ikkje er same juridiske person, er leigetakar/brukar sine plikter dei same som abonnenten sine plikter, med unnatak av det økonomiske forholdet til VØR.

d) Avfall

Avfall er lausøyregjenstandar og stoff som skal regnast som avfall i høve forureiningslova sin § 27 og Miljødirektoratet, heretter kalla MD sin vegleiar TA-2001/2003.

EE-avfall (elektrisk og elektronisk avfall): Kasserte EE-produkt, det vil seie produkt som er avhengig av elektrisk straum eller elektromagnetiske felt for korrekt funksjon. MD avgjer i tvilstilfelle kva som er ee-produkt, jf. avfallsforskrifta kap. 1.

Farleg avfall (tidligere spesialavfall): er avfall som det ikkje er føremålstenleg å handtere saman med hushaldningsavfall eller næringsavfall fordi det kan medføre alvorleg forureining eller fare for menneske eller dyr. Døme på helse- og miljøfarleg avfall kan vere maling, spillolje, løysemiddel, plantevernmiddel og bilbatteri, jf. ureiningslova § 27a tredje ledd og avfallsforskrifta kap. 11.

Glas og metallemballasje: Glas eller metallemballasje frå hushaldningar.

Grovavfall, sjå restavfall.

Hushaldningsavfall er vanleg avfall frå private hushaldningar, medrekna større gjenstandar som inventar og liknande frå hushaldningar og fritidsbustader, jf. forureiningslova § 27 andre ledd og MD sin vegleiar TA-2001/2003.

Kompostering er biologisk nedbryting og stabilisering av organisk avfall med lufttilgang der restproduktet vert jord.

Næringsavfall er avfall frå offentlege og private verksemder og institusjonar, jf. forureiningslova § 27 tredje ledd og MD sin vegleiar TA-2001/2003.

Returplast er plastemballasje som kan gå til attvinning i eigen returplastsekk som VØR leverar ut kvart år til alle abonnentar.

Restavfall er avfall som vert igjen etter kjeldesortering eller sentralsortering av hushaldning- eller næringsavfall.

Risikoavfall er sprøytespissar, bandasjar og anna smittefarleg avfall frå helseinstitusjonar/kontor mv.

Våtorganisk avfall er lett nedbrytbart avfall av animalisk eller vegetabilsk opphav, slik som matavfall, hageavfall og planterestar.

e) Oppsamlingseining

Avfallsbeholdar/avfallsdunk/fellescontainer/nedgravne anlegg er ei oppsamlingseining for avfall som VØR stiller til rådvelde for abonnentane. VØR kjøper, leverer ut og eig avfallsbeholdarane. VØR skiftar ut avfallsbeholdarane når det er naudsynt. Nedgraven løysing føreset avtale med VØR, jf. § 2 tredje ledd.

Det må berre nyttast avfallsbeholdarar tildelt/godkjent av VØR. Avfallsbeholdarane er registrert på den einskilde eigedom og skal ikkje flyttast ved endringar i eigar eller festetilhøve.

Avfallssekk er 100 liter svarte sekkar merka med VØR-logo. Slike godkjende avfallssekke kan kjøpast hjå VØR og nyttast som ekstrasekk ved avfallstoppar.

Returplastsekk er gjennomsynlege sekke som abonnentane skal bruke til å ha rein og tørr emballasjeplast i for attvinning. VØR leverar slike sekke ut for eit år om gongen.

Raud boks for farleg avfall er ei offentleg godkjent 28 L boks for farleg avfall, som er konstruert slik at den ikkje kan opnast av barn eller ville dyr, og kan transporterast utan krav til ADR.

f) Sortering

Bringeordning er eit kjeldesorteringssystem der abonnenten sjølv bringer sitt kjeldesorterte avfall til ein mottaksplass t.d. returpunkt eller miljøstasjon.

Henteordning er eit kjeldesorteringssystem der kjeldesortert avfall vert henta av godkjent innsamlar så nær kjelda som praktisk råd.

Kjeldesortering er når abonnenten eller annan avfallsprodusent held visse avfallstypar fråskilt og legg desse i særskilde oppsamlingseiningar eller bringer dei til tilviste mottaksstader.

Returpunkt er lokalt ubemanna oppsamlingsstad der publikum kan levere/sortere ein eller fleire avfallsfraksjonar.

Miljøstasjon/gjenbruksstasjon er eit spesielt tilrettelagt område med organisert oppsamling av separert avfall. Alle gjenvinnbare fraksjonar kan leverast på miljøstasjonen i tillegg til restavfall og farleg avfall.

g) Slam

Tvungen slamtøming er ei ordning for tøming av slamavskiljarar og tette tankar og gjeld for alle eigedomar som har slamavskiljar eller tett tank.

h) VØR

VØR er Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS som Volda kommune og Ørsta kommune har gitt delegert ansvar i eigen selskapsavtale til å drive med innsamling, sortering og transport av avfall og slam i medhald av forureiningslova § 30, § 34 og § 83. VØR har eigedomsretten til avfall som vert samla inn av eller til VØR.

§ 4. Kommunal innsamling av avfall

Kommunane har med grunnlag i forureiningslova § 30 1. ledd innført tvungen renovasjon for hushaldningsavfall. Alle eigedomar der det går føre seg aktivitet som fører til at det oppstår hushaldningsavfall, vert omfatta av tvungen renovasjonsordning. Tvungen kommunal renovasjon gjeld også for fritidseigedomar.

Ingen må samle inn hushaldningsavfall, irekna papp, papir, drikkekartong, plast og andre avfallstypar til gjenvinning, utan samtykke frå kommunane.

Det er ikkje tillate å brenne hushaldnings-, nærings-, eller farleg avfall anna enn i særskilt godkjende forbrenningsanlegg. Det er heller ikkje tillate å grave ned eller kaste hushaldningsavfall. Hageavfall og anna våtorganisk avfall kan etter avtale komposterast på eigen eigedom.

For å sikre best mogleg økonomisk, ressurs- og miljømessig handtering av avfallet, er abonnenten pliktig til å gjennomføre dei sorterings- og leveringsordningar av avfallet som VØR til ei kvar tid gjer vedtak om.

Det er ikkje tillate å levere risikoavfall frå helseinstitusjonar innblanda i anna hushaldnings- eller næringsavfall. Dette avfallet skal kjeldesorterast og leverast separat til godkjent mottakar t.d. godkjende handsamingsanlegg for slikt avfall ved større helseinstitusjonar eller destruksjon ved godkjende mottakarar for slikt avfall. VØR si innsamlingsordning vil ikkje gjelde patologisk avfall.

Med grunnlag i § 11-10 i avfallsforskrifta, tilbyr VØR mottak av farleg avfall frå hushaldningar. Denne fraksjonen skal leverast til dei utplasserte mottaka for slikt avfall eller miljøstasjon. Verksemdar med mindre mengder spesialavfall kan og nytte seg av den kommunale ordninga ved å levere avfallet ferdig deklartert på miljøstasjonen.

§ 5. Avfall som ikkje er omfatta av kommunal innsamling

- a) Farleg avfall frå verksemd med meir enn 1000 kg spesialavfall/år.
- b) Næringsavfall, jf. § 3 d 7. ledd.

Den som har farleg avfall og næringsavfall er eigar av avfallet, og må sjølv syte for å bringe dette avfallet til godkjent avfallsanlegg eller til anna godkjend handsaming. VØR eller kommunen vil gi opplysningar om kvar slikt avfall kan/skal leverast.

§ 6. Heimekompostering av våtorganisk avfall og hageavfall

Hageavfall bør så langt det er råd komposterast i eigen hage, alternativt leverast til miljøstasjonen.

Abonnentar med nok hageareal, får høve til å heimekompostere våtorganisk avfall og hageavfall. Kommunestyra kan i slike høve gje redusert gebyr etter nærare avtale med VØR. I avtalen vert det fastsett krav til drift av heimekomposteringa, m.a. at komposteringa skjer på ein hygienisk tilfredstillande måte, som ikkje tiltrekkjer seg skadedyr, gjev sigevatn, vond lukt eller verkar sjenerande for omgjevnadene. VØR vil gi rettleiing om drift av kompostbingen, og føre kontroll med at godkjende bingar og avtale med VØR vert fylgd. Abonnenten må skaffe seg kompostbinge for eiga rekning.

Ved brot på vilkåra i avtalen, kan VØR seie han opp og påleggje abonnenten å levere avfallet i samsvar med § 4 og § 12 i denne forskrift.

§ 7. Oppsamlingseining og plasseringa av denne

- a) Oppsamlingseininga

Oppsamlingseining er den til ei kvar tid godkjende avfallsbeholdar/sekk for innsamling av hushaldningsavfall utlevert av VØR. Abonnementen/brukar er pålagt å notere nummeret på oppsamlingseininga og opplyse om dette når han tek kontakt med VØR i høve avfallsordningane.

Abonnementen er ansvarleg for reinhald av behaldarane. Behaldarane skal berre nyttast til avfallshandtering i samsvar med denne forskrifta. Ved annan bruk av behaldarane enn avfall i samsvar med denne forskrifta, er VØR utan ansvar for skade eller tap av innhaldet. Ved misbruk/aktløyse som skadar behaldaren skal abonnementen betale kostnaden med ny behaldar. Ved kjeldesortering av avfall til materialgjenvinning kan VØR dele ut fleire avfallsbeholdarar til same abonnent.

For rekkjehus, blokker, seksjonerte eigedomar, fritidshus, burettslag og liknande kan desse bruke felles behaldar eller nedgraven container. Reinhald, framsetting m.m. er desse brukarane sitt ansvar. Reinhald av fellescontainerar for fritidshus og nedgravne anlegg er VØR sitt ansvar. Reinhald rundt nedgravde anlegg er brukarane sitt ansvar.

Abonnementen/brukar pliktar å setje rett avfallsbeholdar fram til hentestad innan kl. 06.00 på tømmedagen for å ha krav på innsamling. VØR driv innsamling mellom kl. 06.00 og 22.00. Abonnementen/brukaren er ansvarleg for at avfallsbeholdaren ikkje valdar skade ved at han kjem på avveggar frå oppstillingsplass eller hentestad.

Abonnementen/brukaren skal bringe avfallsbeholdaren tilbake frå hentestad til oppstillingsplass same dag som den er tømt.

Abonnementen/brukaren er ansvarleg for at behaldaren vert handsama med varsemd og halden rein i samsvar med krav frå helseansvarlege myndigheiter. Hushaldningsavfallet skal vere emballert t.d. i plastnett før det blir plassert i avfallsdunken.

Alt avfall som vert sett fram for tøming skal liggje i godkjent oppsamlingseining som ikkje er fylt meir enn at loket kan latast heilt tett til. Dette for at hygieniske ulemper ikkje skal oppstå. Avfallet må ikkje pakkast fastare enn at behaldaren lett kan tømast. På vinterstid er brukaren ansvarleg for at avfallet ikkje er frose fast og dermed ikkje let seg tømme.

Ved avfallstoppar må abonnentane sjølv skaffe seg tilstrekkeleg kapasitet til avfallet sitt t.d. ved ekstrasekkar. Ved gjentatt overfylling av dunken, kan VØR påleggje den enkelte abonnent større avfallsdunk og dermed høgare gebyr, jf. § 12.

Når ein nyttar avfallssekk skal denne sikrast mot fuglar og dyr ved naudsynte tiltak som nett o.l. Sekkar som vert framborne eller leverte til sentrale oppsamlingseiningar skal vere knyta att. Vekta på sekken skal ikkje vere over 20 kg. Vekta på avfallsdunken ikkje vere over 30 kg/140 l behaldarvolum. Tap av dunk/oppsamlingseining pliktar abonnementen å melde snarast til VØR. VØR kan påleggje abonnementen å nytte alternative oppsamlingseiningar for å få til ei forsvarleg innsamling og handsaming av avfallet.

Returplastsekken skal på hentedag knytast att og plasserast opp i dunken for papir og pappavfall. **Styret i VØR har fullmakt til å vedta annleis innsamling av returplastsekken for plastemballasje.** Eventuell prising av ekstrasekkar vert fastsett av kommunestyret i samband med sak om gebyrregulativ.

b) Behaldarar for fritidsbustad

VØR plasserer ut felles avfallscontainerar og syter for naudsynt reinhald, inklusiv av hentestad og oppstillingsplass. Fritidsbustad med eigne avfallsbeholdarar vert å regulere etter § 7 a. Avfallsbeholdarar som er utplasserte og merka med fritidsbustad, skal berre nyttast av brukarar av fritidshusvære.

c) veg/hentestad

Hentestaden skal vere ved køyreveg, og vert fastsett av VØR. På hentestad skal avfallsbeholdarane stå lett tilgjengeleg på eit flatt og fast underlag i bakkenivå fritt frå portstolpar og liknande inklusiv med fri høgde for innhenting med mekanisk arm. Avfallsbeholdarane skal på hentedag stå i ein avstand 1–3 m frå vegkant (vegkanthenting). Tilkomsten skal vere fri for hindringar som kan gjere tøminga vanskeleg, slik som tersklar, trappetrinn, parkerte bilar osb. Der fleire dunkar står i lag skal avstanden mellom dunkane vere minst 30 cm.

Køyreveg kan vere både privat og offentleg veg. VØR har rett til å stille krav til vegstandard, vedlikehald, tilkomst og utforming av vegane som vert køyrde. Køyreveg som skal brukast i samband med renovasjonsordninga skal anten ha snuplass for stor bil, eller vere gjennomgåande, og renovasjonsbilane skal kunne køyre henterutene på ein lovleg og forsvarleg måte. Godkjend bilveg skal minst ha ei breidde på 3,0 m køyrebane, ei fri høgde på minst 4,0 m, styrke til å tole eit akseltrykk på minst 8,0 tonn og kurvatur og stigning tilsvarande vegklasse 4 i normalar for landbruksvegar. For å kome fram til avfallsdunken/avfallssekken skal vegen vere fri for hindringar for den som skal hente avfallet. Vinterstid skal tilkomsten vere rydda for snø, og om naudsynt vere sandstrødd.

Når vegen ikkje er tilfredsstillande brøytt eller den har slik teknisk standard at den i det heile tatt ikkje er køyrbar, skal abonnenten bringe avfallet fram til renovasjonsbilen, eller ta vare på avfallet på ein forsvarleg måte til neste hentedag. VØR kan i enkelttilfelle samtykkje anna plassering enn det som er nemnt ovanfor, mot eit ekstragebyr som vert fastsett i samband med årleg gebyrfastsetjing (henteavtale). Eigarar av fritidshus/hytter pliktar å levere avfallet sitt i tilviste avfallsbeholdarar som nemnt i denne paragraf punkt b.

d) Heilårs bustadeigedomar med veg som har kommunal vedlikehald, og som ikkje har krav på henting av avfall i sommar og eller vinterhalvåret.

Eigedomar der VØR ikkje godkjenner vegtilkomst i sommar og eller i vinterhalvåret, jfr §7c. og som har meir enn 300 meter transport av avfallet til tilvist hentepunkt, får etter søknad redusert gebyr fastsett av styret i VØR. Målegrunnlag er lengd på eksisterande veg.

§ 8.Sortering av avfallet

a) Hushaldningsavfall

Hushaldningsavfall skal kjeldesortert for dei avfallsfraksjonar det er etablert innsamlings- og mottaksordningar for. Dette vert gjort for å legge til rette for best mogleg slutthandsaming av avfallet. Avfall levert til VØR kan verte manuelt kontrollert. Ved manglande eller mangelfull sortering vil renovatør ved bruk av klistrelapp eller liknande varsle om mangelen og ikkje ta avfallet med på vanleg rute.

Fuktig avfall, skarpe eller knuselege gjenstandar mv. skal vere forsvarleg innpakka for å hindre skade på renovatørane, før plassering i avfallsbeholdaren. Varm oske må avkjølast heilt før den vert emballert og lagt i behaldaren. Oske, avfall frå støvsugar o.l. må vere skikkeleg emballert for å unngå støvplage under innhenting.

Flytande avfall skal ikkje leggjast i behaldaren. I behaldaren må det vidare ikkje leggjast større metallgjenstandar, elektrisk eller elektronisk avfall, stein og jord, hageavfall og sand/grus eller bygningsavfall. I behaldaren må det heller ikkje leggjast etsande, eksplosivt eller sjølvantenneleg avfall. Farleg avfall eller problemavfall skal ikkje leggjast i behaldaren.

Brukaren kan gjerast økonomisk ansvarleg for skader på behaldar, renovasjonsbil eller på tømme plass for renovasjonsbilen som følgje av aktaus bruk av behaldaren.

Når ein brukar avfallssekk skal den ikkje fyllast meir enn at den kan knytast att.

Avfall som er for stort eller for tungt til den vanlege innsamlingsordninga skal leverast til miljøstasjonen. Tilsvarande skal også andre typar avfall som kan gjenvinnast eller gå til ombruk og det ikkje er oppretta henteordning for, leverast til miljøstasjonen.

b) Henteordning

Alle abonnentar som inngår i tvungen kommunal avfallsordning skal kjeldesortere avfallet i følgjande fraksjonar:

- Våtorganisk avfall skal leverast i grøn behaldar med brunt lok.
- Glas og metallemballasje skal leverast i grøn behaldar med gult lok.
- Emballasjeplast skal leverast i samanknytte returplastposar i grøn behaldar med blått lok.
- Papir (aviser, tidsskrift, vekeblad, reklamepapir, papp, kartong, drikkekartong) skal leverast i grøn behaldar med blått lok.
- Restavfall skal leverast i grøn behaldar med grønt lok.

Fraksjonane skal haldast skilt og leggjast i dei utleverte avfallsbeholdarane som står heime hos kvar enkelt abonnent. Det er ikkje tillate å leggje andre typar avfall i oppsamlingseininga enn det som er nemnt ovanfor. Det er ulike tømefrekvensar for desse fraksjonane. For nærare opplysningar vert det vist til eigen informasjon. Kravet til kjeldesortering gjeld ikkje husstandane i bygda Skår.

c) Bringeordning

Andre kjeldesorterte fraksjonar med godkjent innsamlingsordning skal bringast til returpunkt, t.d tekstilar eller miljøstasjonen (større delar av papp, EE-avfall). VØR kan gjere endringar i utval og talet på fraksjonar. Farleg avfall må leverast til farleg avfall mottak eller miljøstasjonen. **Det gjeld og Raud boks for farleg- og småelektrisk avfall, der VØR arrangerer særskildt innsamling vår og haust.**

Fritidsbustader kan få tilvist bruk av felles oppsamlingseiningar for avfall. Disse skal ikkje nyttast av fast busette, verksemder, utleigehytter eller private anlegg for turisme. Brot på dette vert definert som om den aktuelle abonnent/brukar har for lite behaldarvolum/for lav hentefrekvens (jf. § 7 og § 12).

§ 9. Hygieniske krav til renovasjon

Forskriftene byggjer på dei krav til hygienisk avfallshandtering som vert fastsett av sentrale styresmakter og helsemynde i kommunane.

Gjeldande lover og forskrifter:

- a) Lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) og lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid (folkehelseloven) med kommunale helseforskrifter.
- b) Lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall med forskrifter. Helsestyresmaktene i kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at helseforskriftene om handtering av avfall vert fylgd.

§ 10. Avfallsgebyr

- a) Abonnentar som vert omfatta av avgjerdene i denne forskrifta skal betale avfallsgebyr som vert innkravd av VØR. Ved registrering av ny abonnent eller ved endring av eksisterande abonnement, vert nytt gebyr rekna frå den første i månaden etter at endringa er meldt til VØR. Tilsvarande vert gebyret rekna fram til den siste dagen i månaden der gebyrplikta vert avslutta. Abonnentar som kjem inn under denne forskrifta pliktar straks å melde endringar i abonnementtilhøve til VØR. Likeeins pliktar ein å melde frå dersom personen ikkje står i gebyrregisteret for avfall. Blokker, rekkehus og liknande som er organisert som burettslag, kan få avgifta berekna og betalt samla. Det same gjeld for tilsvarande bustader når eigarane organiserer seg som felles rettssubjekt (eks. huseigarforeining).
- b) Gebyrsatsane vert fastsett årleg av kommunestyra. Gebyret med renter og kostnader er sikra etter pantelova § 6-1. Om renteplikt og inndriving gjeld tilsvarande reglar i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane § 26 og § 27. Gebyret skal dekke alle kostnader med avfallshandteringa. For dei tenestene som er pålagde og fastsette etter denne forskrifta skal abonnenten betale eit renovasjonsgebyr til VØR pr. gebyreining. Gebyr skal og betalast for tilleggstenester som henteavtale.
- c) Gebyreiningar som står tome heile eller delar av året kan etter årleg søknad, få nedsett gebyr for:
 - samanhengande heile året 100 % og
 - samanhengande minst 6 md 50 %.Vilkåret er at avfallsbeholdarane er innleverte til VØR for den perioden det vert søkt om fritak for.
- d) Gebyrdifferensiering

For å fremje avfallsreduksjon, kjeldesortering og gjenvinning vedtek kommunen differensierte gebyrsatsar i samband med dei årlege gebyrvedtak. Gebyret vert fastsett på grunnlag av storleik på avfallsdunk, om abonnenten komposterer eller om abonnentar samarbeider om oppsamlingseining.

§ 11. Unntak/klager – praktisering

Søknader om unntak og klager på praktiseringa av denne forskrift, kan påklagast (forvaltningslova § 2b og forureiningslova § 85). Klagen skal sendast til det organet som har gjort vedtaket. Dersom klagen ikkje vert teken til følgje, vert den sendt til styret for VØR, som skal gjere endeleg vedtak.

Det at ordninga ikkje vert brukt, at bruken er tungvint eller vert sett på som unødvendig eller liknande, gjev ikkje grunnlag for fritak frå ordninga eller betalingsplikta.

Søknader/klager skal vere grunngjevne og innehalde opplysningar om eigar, adresse, gards- og bruksnummer. Kommunane delegerer mynde for avgjerd av søknader/klager til styret for VØR. Styret i VØR kan delegere mynde til å ta daglege og praktiske avgjerder etter desse forskriftene til dagleg leiar.

§ 12. Sanksjoner – straff

Dersom det viser seg at ein abonnent har for lite behaldarvolum, slik at det er fare for at avfallet vert disponert i strid med forskrifta, kan VØR påleggje abonnenten det behaldarvolumet som ein finn føremålstenleg. Byte av behaldar vil skje seinast ein månad etter at skriftleg varsel er sendt frå VØR.

Dersom det viser seg at ein abonnent ikkje har meldt i frå om gebyrpliktige abonnementeiningar eller endring i gebyrplikt som medfører tillegg i gebyret, kan VØR påleggje ekstragebyr frå den datoen som abonnementeininga(ne) vart gebyrpliktig(e). Dersom dette tidspunktet ikkje kan dokumenterast, vert abonnenten automatisk pålagt gebyr frå to år før tilhøvet vart oppdaga/registrert.

VØR kan påleggje abonnenten tilleggsgebyr om det syner seg at abonnenten ikkje sorterar avfallet sitt i samsvar med gjeldande sorteringsreglement, jf. § 8 i denne forskrift.

Utover dette kan brot på føresegnene verte straffa med bøter, jf. forureiningslova § 79 andre ledd.

Kapittel 2. Tøming av slam frå spreidde avlaupsanlegg

§ 13. Generelt

Volda og Ørsta kommune har vedteke å nytte mobil avvatning som behandlingsmetode for kloakkslam frå slamavskiljarar med godkjent avløp. Volda kommunestyre i møte 3. mai 1990 og Ørsta kommunestyre i møte 28. mai 1990.

§ 14. Tøming av slamavskiljarar m.m.

a) Melding

Melding om når tøming vil finne stad vil verte gjeve gjennom SMS/e-post/Altinn eller på annan måte som VØR finn føremålsteneleg.

b) Frekvens på tøming av slamavskiljar

Tvungen slamtøming gjeld for alle eigedomar som har slamavskiljar eller tett tank for slam. For eigedomar med fast busetjing/heilårsbustad og med toalett tilknytt slamavskiljar, skal slamavskiljar tømast ein gong kvart andre år. Andre slamavskiljarar skal tømast ein gong kvart fjerde år. Tette oppsamlingstankar skal tømast i god tid før dei er fulle og minst ein gong kvart år. I særlege høve kan VØR fastsetje annan tømefrekvens enn nemnt ovanfor.

c) VØR eller den som tømmer for VØR sine plikter

Tøming skal utførast slik at den ikkje er til ulempe for nokon med omsyn til støv, lukt eller støy. Anlegget skal forlatast i lukka stand og grinder, portar og dører skal stengjast, eventuelt låsast. Renovatør skal rapportere til kommunen alle observerte avvik ved anlegget og samla mengde slamvolum.

d) vegtilkomst til slamtank

Krav til vegtilkomst til slamtank ved tøming heile året skjer etter § 7c i disse forskrifter og gjeld tøming med standardutstyr.

Bruk av særskilt tømemateriell og høgre gebyr, tillet vegtilkomst på sommarhalvåret bygt etter Normal for landbruksvegar, vegklasse 5, Sommarbilveg for tømmertransport utan hengar. Anlegg med vegtilkomst vegklasse 5 vil ikkje ha krav på naudtøming i vinterhalvåret.

§ 15. Abonnenten sine plikter

Abbonnten skal syte for at anlegga som skal tømast er lett tilgjengelege og dimensjonerte for tøming med bil. Overdekking av kumlokk og liknande med snø, is, jord, stein eller anna skal vere fjerna av abonnenten før tøminga skal gjerast. Den som tømmer anlegget har rett til å plassere naudsynt utstyr på eigedomen for å få utført tøminga. VØR vil ikkje ta på seg krav frå skade på vegar, hagar eller liknande. Dersom vegstandarden er for dårleg, må tankeigar syte for forsterkning. Jf. også krav til veg/hentestad i § 7 c.

Dersom abonnenten ikkje har klargjort tanken for tøming eller ein må tømme tankar utanom oppsett innhentingsplan, kjem gebyr for tilkøyring i tillegg til tømepreisen.

§ 16. Avgifter ved fellesanlegg

Kommunale og private fellesavskiljarar for fleire bustadhus, bustadfelt, verksemder, industriområdar og andre type byggjeområde eller tettstader skal tømast i samsvar med det som er oppgitt i utsleppsløyve eller når VØR vurderer at tøming må gjerast.

§ 17. Avgift, innkreving, renter m.m.

Abbonnten skal betale ei årleg avgift som vert innkravd av VØR. Gebyrsatsane vert fastsett årleg av kommunestyra. Gebyret med renter og kostnader er sikra etter pantelova § 6-1 om renteplikt og inndriving gjeld reglane i lov 6. juni 1975 nr. 29 og eigedomsskatt til kommunane § 26 og § 27.

§ 18. Klage og straff

Dette vert handsama etter § 11 og § 12 i denne forskrift.

§ 19. Iverksetting

Forskrifta trer i kraft frå 1. januar 2020 og erstattar tidlegare forskrift av 14 desember 2017 for handsaming mv. av avfall og slamtøming, Ørsta og Volda kommunar, Møre og Romsdal.

For styret i VØR

Petter Bjørdal
Dagleg leiar

PS 19/19 Orienteringssaker

Fra: Rune Sjurgard[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no]

Sendt: 20.02.2019 08:44:06

Til: Postmottak Volda

Kopi: Kari Mette Sundgot; Jarl Martin Møller; Kjell Magne Rindal; Ann Kristin Langeland; Joakim Rødven

Tittel: Fwd: Kommunesamanslåing og konsekvensar for kyrkjekontor

To

Joakim: Ber om at e-posten vert sett opp som orienteringssak for fellesnemnda.

Mvh

Rune

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Jostein Stråbø <jostein@volda.kyrkja.no>

Dato: 20.02.2019 00:39 (GMT+01:00)

Til: Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>

Emne: Kommunesamanslåing og konsekvensar for kyrkjekontor

Hei!

Har kome eit godt stykke i prosjektarbeidet med bygging av Nye Volda kyrkjelege fellesråd og eit av tema fellesnemnda har drøfta er kyrkjekontor.

Staben ved kyrkjekontoret vil auke frå 2020, m.a. med ein ny prest og ei auke i sekretærteamet. Dette gjer at eit frå før godt oppfylt kyrkjekontor vert for lite.

Vi er veldig nøgde med lokale vi har i dag og vil gjerne halde fram med å ha kyrkjekontor der.

Eit møte med eigedomssjef Kjell Arne Rindal har avklart at det er mogleg å utvide kontorarealet ved å overta tre kontor frå tannlegen innanfor. Han har for mykje areal og ønskjer å redusere arealet han disponerer.

Dette har budsjettmessige konsekvensar både i høve til ombygging og husleige.

Fellesnemnda vil gjere eit vedtak om kontorløyisinga i vår, men ville allereie no informere om saka,

Beste helsing

Jostein Stråbø
kyrkjeverje

Jostein Stråbö





VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST» «POSTSTED»
»

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2019/107	2600/2019	151	SVK/ SUNUTN	18.02.2019

MELDING OM POLITISK VEDTAK - ØKONOMISTYRING 2019

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 14.02.19, hadde føre ovannemnde som sak 5/19, der det vart gjort slikt vedtak:

Kommunestyret syner til at det må frigjerast økonomisk handlingsrom over drifta til å dekkje kapitalutgiftene dersom investeringsprogrammet i økonomiplanen skal gjennomførast.

Kommunestyret er innstilt på å arbeide etter dei økonomiske køyrereglane skissert i saksutgreiinga.

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Sunniva Utnes
Volda kommune, servicekontoret
Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:

Joakim Rødven	Sekretær Fellesnemnda
Sunniva Utnes	Sekretær THO og Forvaltningsutvalet
Bente Kristin Krøvel	Sekretær TOK
Rune Sjugard	Rådmann
Jarl Martin Møller	Kommunalsjef Teknisk og Utvikling
Jørgen Vestgarden	Sektorsjef Utvikling
Inger-Johanne Johnsen	Sektorsjef Kultur og Service
Berit Lyngstad	Personalsjef
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef
Aina Øyehaug Opsvik	Barnevernssjef
Svein Berg-Rusten	Helse- og omsorgssjef
Per Ivar Kongsvik	Sektorsjef for opplæring og oppvekst

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: 70058701

Telefaks:
70058701

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kari Mette Sundgot	Arkivsak nr.:	2019/107
		Arkivkode:	151

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
17/19	Formannskapet	05.02.2019
5/19	Kommunestyret	14.02.2019

ØKONOMISTYRING 2019

Handsaming:

Økonomisjef Kari Mette Sundgot og Rådmann Rune Sjugard orienterte om saka.

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 14.02.2019:

Kommunestyret syner til at det må frigjerast økonomisk handlingsrom over drifta til å dekkje kapitalutgiftene dersom investeringsprogrammet i økonomiplanen skal gjennomførast.

Kommunestyret er innstilt på å arbeide etter dei økonomiske køyrereglane skissert i saksutgreiinga.

Handsaming:

Rådmannen og økonomisjef Kari Mette Sundgot orienterte om saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 05.02.2019 til kommunestyret:

Kommunestyret syner til at det må frigjerast økonomisk handlingsrom over drifta til å dekkje kapitalutgiftene dersom investeringsprogrammet i økonomiplanen skal gjennomførast.

Kommunestyret er innstilt på å arbeide etter dei økonomiske køyrereglane skissert i saksutgreiinga.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret syner til at det må frigjerast økonomisk handlingsrom over drifta til å dekkje kapitalutgiftene dersom investeringsprogrammet i økonomiplanen skal gjennomførast.

Kommunestyret er innstilt på å arbeide etter dei økonomiske køyrereglane skissert i saksutgreiinga.

Uprenta saksvedlegg:

Budsjett og økonomiplan 2019 - 2022

Samandrag av saka:

Gjeldande økonomiplan viser at Volda kommune går inn i ei periode med utfordrande økonomi. Kommunestyret har i økonomiplanen lagt opp til eit svært ambisiøst investeringsopplegg. Gjennomføring av desse planlagde investeringane vil representere ein auke på om lag 30 millionar i renter og avdrag, og kommunen må gjennomføre krevjande tiltak for å frigjere midlar til å forrente investeringane. Dei store investeringane krev stø økonomistyring med klare køyrereglar der ein ikkje opnar budsjettet for andre og nye tiltak i enkeltsaker. Dersom kommunestyret vil følgje opp sin eigen økonomiplan og gjere større satsingar, så inneber det redusert handlingsrom til å drive politikk på nye område. Dei store investeringane er eit retningsval for Volda kommune, og det er gjennom enkeltsakene ein får testa ut om ein vil følgje opp økonomiplanen.

Kommunen sitt handlingsrom er lite og saker med økonomiske konsekvensar bør vurderast samla og opp imot kvarandre gjennom budsjettarbeidet.

Saksopplysningar/fakta:

For å kome i mål med store investeringsprosjekt har ein vore nøydd til å nytte oppsparte midlar. I budsjett år 2022 treng Volda kommune 30,5 mill kroner for å gå i balanse i drifta. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet. Ved inngangen til 2023 er saldo på dette fondet 4,4 mill kroner noko som indikerer at kommunen vil få eit meirforbruk i år 2023 på 25,7 mill kroner om driftsnivået held fram som i dag:

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Disposisjonsfond					
Saldo IB	59 893 744	112 732 025	42 873 117	29 288 283	5 932 873

Avsetjing	54 359 281				29 000 000
Bruk	-1 521 000	-69 858 908	-13 584 834	-23 355 410	-30 547 910
Saldo 31.12	112 732 025	42 873 117	29 288 283	5 932 873	4 384 963

Skal det vere forsvarleg å sette i gong med store investeringsprosjekt er det viktig at kommunen kjem i gang med ein prosess der målet er å redusere driftsnivået. Skal ein lukkast med dette må administrasjon og politisk side ha ein felles forståing for dei utfordringane som ligg. I tillegg til at vi snakkar om ei drift som må nytte av disposisjonsfondet er der i tillegg vedteke andre tiltak som også skal redusere driftsnivået:

	2019	2020	2021	2022
Digitalisering og innovasjon, samordning skule og barnehage	-3 201 636	-6 701 636	-8 601 636	-8 601 636
Reduksjon i tenestene knytt til flykningar	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Digitalisering stab og merkantilt arbeid i sektor		-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000
Bruk av disposisjonsfond for balanse i drift (utan VCA)	-8 558 908	-13 584 834	-23 355 410	-30 547 910
Sum rammer som viser behov for reduksjon drift	-12 760 544	-25 286 470	-36 957 046	-44 149 546

I 2019 er innsparingsmålet 4,2 mill kr. Dette ser administrasjonen som mogleg å klare ved at

- ✓ Alle ledige stillingar skal leggjast fram for leiarforumet for nye Volda før ein gjer tilsetting. Ein må vurdere økonomiske synergjar ved ny kommune og drøfte moglegheitene for å ta ned antal stillingar
- ✓ Ingen kan forvente å be om auka ramme for å dekkje nye behov
- ✓ Alle må gjere sitt + bidra til fellesskapen og redusere drifta – som:
 - leggje om rutinar, arbeidstidsordningar, organisering
 - redusere behovet for tilsette gjennom tidleg innsats, digitalisering, interkommunalt samarbeid
 - smarte/innovative innkjøp
 - utnytte kapasitet/rasjonisere drifta/færre driftseiningar
 - standard som akkurat er nok til å tilfredsstille krava
 - leggje ned aktivitet

Ser ein lenger fram i tid der målet for reduksjon er vesentleg større kjem en ikkje vidare utan å gjere større endringar, som og inkluderer endringar i struktur. Administrasjonen har gjort ei utrekning som fordeler prosentvis innsparingsmål, basert på netto utgiftsramme i budsjettet:

	%-vis av total	2019	2020	2021	2022
Reduksjonsbehov		-4 201 636	-573 361	-1 134 068	-1 658 454
Rådmann	0,38 %	-16 010	-96 344	-140 813	-168 220
Samfunn og rådgjeving	0,22 %	-9 277	-55 827	-81 595	-97 476
Personal og organisasjon	3,45 %	-145 113	-873 258	-1 276 329	-1 524 739
Økonomi	1,00 %	-42 014	-252 829	-369 528	-441 449
NAV Kommune	2,18 %	-91 697	-551 811	-806 511	-963 481

Opplæring og oppvekst	40,19 %	-1 688 465	-10 160 780	-14 850 704	-17 741 073
Helse og omsorg	36,74 %	-1 543 583	-9 288 918	-13 576 415	-16 218 772
Kultur og service	2,05 %	-86 118	-518 239	-757 443	-904 863
Politisk verksemd	0,59 %	-24 726	-148 797	-217 477	-259 804
Teknisk	7,09 %	-297 941	-1 792 940	-2 620 510	-3 130 536
Utvikling	1,62 %	-67 902	-408 618	-597 225	-713 462
Barnevern Volda kommune	4,49 %	-188 789	-1 136 089	-1 660 476	-1 983 651

Som det går fram av tabellen er det to sektorane som eig dei største budsjetta og dermed størst beløp for reduksjon i driftsrammer. Skal ein kome i mål med så store endringar må vi gjere gode vurderingar av den tenesteproduksjonen vi gir til innbyggjarane i dag og vurdere endringar som er forsvarleg innafor dei ulike fagområda. Ved slike vurderingar kan det vere ei løysing å samanlikne seg med andre kommunar. Kostratala gir oss ein peikepinn på våre prioriteringar samanlikna med andre. Volda kan ikkje med sin økonomi drive eit høgare driftsnivå enn samanliknbare kommunar om vi samtidig skal ha ambisjonar om store investeringar:

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar (justert for utgiftsbehov), År 2017

	Nye Volda	Ørsta	Herøy	K-gr 11	Møre og Romsdal
Pleie og omsorg	18 186	18 673	16 249	16 858	18 261
Grunnskole	14 052	12 933	13 207	14 302	13 854
Barnehage	8 473	9 280	8 243	8 477	8 749
Adm, styring og fellesutgifter	4 822	4 407	4 915	4 599	4 296
Sosiale tjenester	2 049	1 928	3 010	2 964	2 397
Kommunehelse	2 271	2 065	2 641	2 650	2 372
Barnevern	757	15	1 434	1 468	1 496
Kultur og idrett	1 340	1 498	2 461	2 100	1 853
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	792	555	613	571	646
Andre områder	2 804	2 782	4 005	2 986	2 665
- Brann og ulykkesvern	1 085	975	1 116	934	957
- Kommunale boliger	-377	-142	55	-30	-182
- Samferdsel	1 621	1 480	1 731	1 309	1 049
- Næringsforv. og konsesjonskraft	-291	-179	238	49	133
- Kirke	766	648	865	724	708
Totalt	55 546	54 136	56 777	56 974	56 588

Netto driftsutgifter pr innbyggjar er i nye Volda kommune kr. 1 410 høgare enn i Ørsta. Dette er 14,1 mill kr om vi set innbyggjartalet til 10 000.

Ny kommunelov som trer i kraft 2020 inneheld ei skjerping i kommunane sitt ansvar for økonomiforvaltning, jfr femte del i lova. Kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen vert ivareke over tid.

Vurdering og konklusjon:

Kommunestyret har lagt seg på eit svært ambisiøst investeringsnivå i gjeldande økonomiplan. Konsekvensen av dette vert at ein må kutte vesentleg i drifta for å finne rom til renter og avdrag. Rådmannen var i framlegginga av forslaget til budsjett og økonomiplan tydeleg på at det store investeringsprogrammet var eit retningsval, og at kommunestyret måtte vere tydelege på dette. Alternativet kan vere å skjerme tenestestrukturen og halde investeringane på eit lågast mogleg nivå.

Prosessane med å frigjere handlingsrom for å gjennomføre investeringane vil vere konfliktfulle. Investeringsprogrammet er anslått til å generere auka renter og avdrag på kr 30 mill. Dersom investeringane vert gjennomført som planlagt, vil nye Volda kome i gruppa blant kommunar i landet som får høgast netto renteeksponert gjeld pr innbyggjar. Det vil innebere at Volda kommune må innrette seg på å drive rimelegare på alle tenesteområde enn samanliknbare kommunar. Når ein legg til grunn at samanliknbare kommunar har lågare lånegjeld, så må ein strekkje seg godt under desse også i driftsnivå. I praksis inneber dette til dømes at ein ikkje kan ha ei skuledrift som ligg ca 10 mill høgare enn Ørsta kommune. Innføring av lærarnormer bind opp ressursar for å sikre kvalitet i vaksen/pedagogtettleik, og gjer at ein ikkje kan få til ein slik reduksjon utan å samle drifta på færre skular. Det må sparast innanfor alle tenestene. Innanfor omsorg, sosialhjelp og barnevern der den underliggjande veksten i samfunnet generelt er høgare enn folketalsveksten, samt ukjent effekt av oppgåveoverføring frå helseforetaket, så vert dette særleg krevjande. Samtidig må det vere potensial her, og at ein må jobbe med konkrete tiltak med mål om gevinst. Tiltak som virkar må sjåast i eit heilskapleg tenesteforløp der gevinstuttaket i enkelte høve kan ha lenger tidsperspektiv enn det ein planlegg. Det er forventa innsparing i stabane gjennom digitalisering og forenkling av arbeidsoperasjonar.

I tillegg til å effektivisere må ein vere svært restriktiv når det gjeld nye tiltak, og kommunane bør ikkje leggje opp til standardar og nivå på tenester utover det som er tilstrekkeleg etter krava i lov og forskrift.

Ein prosess der målet er reduksjon i driftsnivået vil ta tid. Målet vi set oss må vere realistisk slik at vi får henta ut resultat. Erfaringar frå andre kommunar som er i eller har gjennomført liknande prosessar er at det kan vere smart å hente inn ekstern hjelp. Dette trur vi også vil vere lurt for Volda sin del og vi vil rå til følgjande prosess for frigjering av ressursar i perioden 2020 og utover:

- ✓ Ekstern analyse og bistand på prosess
- ✓ Politisk forankring sak i FN - april
- ✓ Konkurrans konsulent - mai
- ✓ Forankring hos leiarane og tillitsvalte – april
- ✓ Oppstart – september (Budsjett/Økonomiplan 2020-2023)

Vidare så ønskjer vi å sette årelege forventingar i reduksjonen i driftsnivået:

År 2019: 4,2 mill kr
År 2020: 10 mill kr (det vil sei 5,8 mill kr i nye tiltak samanlikna med 2019)
År 2021: 20 mill kr (det vil sei 10 mill kr i nye tiltak samanlikna med 2020)
År 2022: 30 mill kr (det vils ei 10 mill kr i nye tiltak samanlikna med 2021)

For å lukkast med prosessen vil det vere nødvendig med nokre køyrereglar og føresetnadar:

- ✓ Ingen auke i driftsrammer utover budsjettvedtak. Eit nytt behov må finansierast av reduksjon i eksisterande ramme
- ✓ Om behov for enkeltsaker med økonomisk konsekvensar bør dette leggjast til fellessaker som budsjett og økonomirapportering
- ✓ Endring i rammer på investeringsprosjekt må finansierast gjennom reduksjon i andre prosjekt
- ✓ Strukturendringar innan helse og omsorg og skule og barnehage må til. Om ikkje vil dette medføre drastiske endringar på kvalitet i tenesteproduksjon
- ✓ Leggje seg på eit nivå og standard på tenester som er godt nok for å tilfredsstille krava i lov og forskrift.
- ✓ Konsentrere seg om kommunen sine kjerneoppgåver.

Summen av dette vil resultere i enkeltsaker og prosessar der ein vil møte motstand frå grupper som får redusert ei teneste eller får tenesta organisert på annan måte med lenger avstand mv. Dersom ein gjennom enkeltsaker opprettheld driftsnivå og ikkje reduserer drifta, eller gjer vedtak som bind opp ressursar til nye tiltak, vert det viktig at ein tek ein ny status på handlingsrommet og nedjusterer investeringsprogrammet. Det same gjeld dersom det oppstår situasjonar med svikt i inntektene i høve til det som er lagt til grunn i økonomiplanen. Dette kan vere relatert til utviklinga i dei frie inntektene gjennom inntektssystemet eller at kommunestyret sjølv set ned eigeidoms skatten.

Det er viktig med jamnleg gjennomgang av økonomisk situasjon og føresetnaden for å gjennomføre økonomiplanen, slik at politiske avgjerder kan byggje på godt fundamentert kunnskap om kva konsekvensar vedtak i enkeltsaker får for totaløkonomi og samla prioritering. Både formannskapet og tenesteutvala bør ha prosessar på dette der ein ser økonomien og drifta i samla og langsiktig perspektiv.

Dei store investeringane i økonomiplanen representerer eit tydeleg retningsval for Volda. Investeringane er viktige for utvikling av samfunnet og skape bulyst i Volda. Utgiftene må ned for å dekkje opp renter og avdrag til desse investeringane. Det hadde vore enkelt dersom ein kunne gjere desse investeringane og samtidig halde fram som ein har gjort før. Dei som skal forvalte heilskapsansvaret veit at det ikkje går når vi i den nasjonale konteksten går i møte ei demografisk utvikling med vekst i utgiftsbehov som ligg høgare enn inntektsauken. Når ein i same periode skal forrente ei stor auke i lånegjelda, så må relativt drastiske tiltak til for å ha balanse i drifta. Når rådmannen framover legg fram enkeltsaker for å følgje opp dette, så er det for å følgje opp kommunestyret sin politikk slik den er lagt i gjeldande økonomiplan vedteken i desember 2018. I desse sakene vil særinteresser som vert råka naturleg engasjere seg, og desse skal også høyrast. Ein må vere budd på at sakene vil verte konfliktfulle. Den som skal ivareta dette heilskapsbildet kan få utfordringar med å få dette fram i det offentlege rom dersom media berre presenterer historia til den som vert råka utan å synleggjere saka i heilskapsperspektiv. Det vert derfor vanskeleg å få fram at det å seie nei til noko, også kan vere å ta omsyn til eit større behov. Det er i desse sakene «slaga vil stå» om kommunestyret vil følgje opp det som er lagt opp til i økonomiplanen. Administrasjonen skal jobbe for å følgje opp økonomiplanen, og vert den kritikken vert retta mot når ein fremjar saker om upopulære økonomiske tiltak. Det er viktig å vere klar over at oppdraget ligg i økonomiplanen som kommunestyret har vedteke.

I dette siste året før samanslåinga forvaltar «gamle» Volda «hovudstolen» i økonomien til nye Volda. Det er naturleg at fellesnemnda vert halden orientert som det organet som planlegg den nye kommunen.

Helse og miljøkonsekvensar:

Økonomisk forvaltning spelar inn på helse og miljøkonsekvensar. Prosessen Volda kommune no er inne i krev mykje av alle tilsette. Skal ein lukkast med slike prosessar er det viktig å jobbe godt med holdningar og halde fokuset inn mot dei positive tiltaka som kjem ut av prosessen. Dei tilsette må få vere aktivt med i prosessen gjennom både deltaking og god informasjon.

Økonomiske konsekvensar:

sjå utgreiing over

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjugard
Rådmann

Kari Mette Sundgot
økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Fellesnemnda for nye Volda
Tenesteval for helse og omsorg
Tenesteval for oppvekst og kultur
Forvaltningsutvalet
Rådmannen si leiargruppe
Arbeidstakarorganisasjonane v/ hovudtillitsvalte
Hovudverneombodet



«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST» «POSTSTED»
»

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2018/1250	2593/2019	614	SVK/ SUNUTN	18.02.2019

MELDING OM POLITISK VEDTAK - VIDARE PROSESS MED KINO OG KULTURHUS I VOLDA SENTRUM

Vi melder med dette frå at Kommunestyret den 14.02.19, hadde føre ovannemnde som sak 4/19, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret sluttar seg til skisseprosjektet frå byggjenemnda, jfr rapport av 27.10.18. Kommunestyret vedtek å gå vidare med prosjektet innanfor kostnads- og arealrammene i skisseprosjektet.
Om ein i prosjekt gjennomgang oppdagar at det er meir kostnad og arealeffektivt å sanere heile eller delar av eksisterande bygg, skal dette takast inn i totalvurderingen.***
- 2. Administrasjonen vurderer bygselskontraktene si avtaletid og ev moglegheitene for å løyse ut grunn på eigedomane som det skal byggjast på.***
- 3. Byggjenemnda vert bedt om å utgreie prosjektet vidare med avklaring av entrepriseform og klargjere for byggjesøknad og anbudsutlegging av bygg og infrastruktur. Byggjenemnda knyter til seg relevante brukarinteresser og nødvendig ekstern kompetanse.***
- 5. Kommunestyret ber administrasjonen starte opp reguleringsprosess for å avklare nødvendige rammer og infrastruktur for bygging av kino og kulturhus i tilknytning til samfunnshuset i Volda sentrum. Det kan leigast inn ekstern kapasitet til reguleringsarbeidet som vert finansiert over prosjektet.***
- 6. Ein skal søke å nytte klimasatsmidlar i prosjektet ved samhandling med fagpersonell innan bærekraftige innovative bygg***

Sakutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Sunniva Utnes
Volda kommune, servicekontoret

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon:	Telefaks: 70058701	www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946	Bankgiro: 3991.07.81727
------------------------------------------	-----------------------------------------	-----------------------	-------------------------------------------------	----------------------------

Kopi til:
Kjell Magne Rindal
May-Lisbet Lande,
Bente Kristin Krøvel
Joakim Rødven
Kari Mette Sundgot

Eigedomssjef
sekretær Ungdomsrådet
sekretær TOK
sekretær Fellesnemnda
Økonomisjef

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Rune Sjurgard	Arkivsak nr.:	2018/1250
		Arkivkode:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
22/19	Formannskapet	05.02.2019
4/19	Kommunestyret	14.02.2019

VIDARE PROSESS MED KINO OG KULTURHUS I VOLDA SENTRUM

Handsaming:

Ettersende dokument på møtedagen:

- Svar på spørsmål frå Volda Krf, ved Arild Iversen, om kino og kulturhus.

Roald Espset (Frp) reiste spørsmål om gildskap, då han er sambuar med grunneigar, jf. Koml. §40, fvl. §6, 1.1 b. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om gildskap.

Røysting gildskap:

Roald Espset vart samrøystes kjent ugild. Det var 26 røysteføre under handsaming av saka.

Benedikte Holmberg (V) kom med slikt framlegg:

Volda Venstre ynskjer å fremje utsetjingsforslag i sak PS 4/19 med det som formal å få meir tid til utredning/skisseforslag av alternative kulturhusløysingar og tomte vurderingar. Dette i samband med muleg nybygg av Volda ungdomsskule.

Røysting utsetjingsframlegg:

Utsetjingsframlegget frå Benedikte Holmberg fekk 6 røyster og fall mot 20 røyster.

Anders Egil Straume (Krf) bad om punktvis røysting.

Ivar Otto Kristiansen (H) kom med slikt framlegg:

Tillegg pkt 1

Om ein i prosjekt gjennomgang oppdagar at det er meir kostnad og arealeffektivt å sanere heile eller delar av eksisterande bygg, skal dette takast inn i totalvurderingen.

Nytt pkt. 6

Ein skal søke å nytte klimasatsmidlar i prosjektet ved samhandling med fagpersonell innen bærekraftige innovative bygg

Røysting (26 røysteføre):

Det vart halde punktvis røysting:

Det vart røysta over punkt 1 i tilrådinga frå formannskapet. Tilrådinga fekk 25 mot ei røyst og vart vedteke.

Det vart røysta over tillegget frå Ivar Otto Kristiansen. Tillegget vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over punkt 2 i tilrådinga. Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over punkt 3 i tilrådinga. Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over punkt 4 i tilrådinga. Tilrådinga frå formannskapet fekk 12 mot 14 stemmer og fall.

Det vart røysta over punkt 6 i tilrådinga. Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over nytt punkt 6 frå Ivar Otto Kristiansen. Nytt punkt 6 vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 14.02.2019:

- 4. Kommunestyret sluttar seg til skisseprosjektet frå byggjenemnda, jfr rapport av 27.10.18. Kommunestyret vedtek å gå vidare med prosjektet innanfor kostnads- og arealrammene i skisseprosjektet.
Om ein i prosjekt gjennomgang oppdagar at det er meir kostnad og arealeffektivt å sanere heile eller delar av eksisterande bygg, skal dette takast inn i totalvurderingen.***
- 5. Administrasjonen vurderer bygselskontraktene si avtaletid og ev moglegheitene for å løyse ut grunn på eigedomane som det skal byggjast på.***
- 6. Byggjenemnda vert bedt om å utgreie prosjektet vidare med avklaring av entreprisreform og klargjere for byggjesøknad og anbodsutlegging av bygg og infrastruktur. Byggjenemnda knyter til seg relevante brukarinteresser og nødvendig ekstern kompetanse.***
- 7. Kommunestyret ber administrasjonen starte opp reguleringsprosess for å avklare nødvendige rammer og infrastruktur for bygging av kino og kulturhus i tilknytning til samfunnshuset i Volda sentrum. Det kan leigast inn ekstern kapasitet til reguleringsarbeidet som vert finansiert over prosjektet.***
- 8. Ein skal søke å nytte klimasatsmidlar i prosjektet ved samhandling med fagpersonell innan bærekraftige innovative bygg***

Roald Espset tok sete. Det var 27 røystefore.

Handsaming:

Rådmannen orienterte. Eigedomssjef Kjell Magne Rindal møtte.

Margrete Bjerkvik kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett, slik at tenesteutval for oppvekst og kultur får handsame saka.

Prøverøysting utsetting:

Utsettingsframlegget fekk fire røyster (Margrete Bjerkvik, Anders Egil Straume, Odd A. Folkestad og Bendikte Holmberg), fem røysta mot.

Endeleg røysting utsetting:

Utsettingsframlegget fekk 0 røyster og fall.

Anders Egil Strume bad om punktvis røysting.

Røysting (ni røysteføre):

Punkt 1 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 3 i tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteke. Anders Egil Straume røysta mot.

Punkt 4i tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteke. Anders Egil Straume røysta mot.

Punkt 5 i tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteke. Anders Egil Straume røysta mot.

Dert vart røysta samla over tilrådinga frå administrasjonen, som vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 05.02.2019 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret sluttar seg til skisseprosjektet frå byggjenemnda, jfr rapport av 27.10.18. Kommunestyret vedtek å gå vidare med prosjektet innanfor kostnads- og arealrammene i skisseprosjektet.***
- 2. Administrasjonen vurderer bygselskontraktene si avtaletid og ev moglegheitene for å løyse ut grunn på eigedomane som det skal byggjast på.***
- 3. Byggjenemnda vert bedt om å utgreie prosjektet vidare med avklaring av entreprisform og klargjere for byggjesøknad og anbodsutlegging av bygg og infrastruktur. Byggjenemnda knyter til seg relevante brukarinteresser og nødvendig ekstern kompetanse.***
- 4. Med atterhald om ev uføresette forhold legg kommunestyret følgjande framdrift til grunn:***
 - Oppstart av reguleringsprosess i mars 2019.***
 - Vedtak om entreprisform innan 1. juni 2019.***
 - Utlysing av konkurranse for samspel, eller arbeid med utarbeiding av grunnlag for utlysing av totalentreprise 3. kvartal 2019.***

- *Utlysning av totalentreprise eller vidare arbeid med samspel 4. kvartal 2019.*
- *Godkjenning av regulering 1. kvartal 2020*
- *I løpet av 2019 og budsjett 2020 - Vedtak i kommunestyret for frigjering av økonomiske ressursar i samsvar med økonomiplanen.*
- *Endeleg vedtak om oppstart 1. kvartal 2020.*
- *Intensjon om byggjестart 2. kvartal 2020.*
- *Tilsetjing av dagleg leiar 3. kvartal 2020*
- *Intensjon om ferdig kulturhus 4. kvartal 2021.*

5. ***Kommunestyret ber administrasjonen starte opp reguleringsprosess for å avklare nødvendige rammer og infrastruktur for bygging av kino og kulturhus i tilknytning til samfunnshuset i Volda sentrum. Det kan leigast inn ekstern kapasitet til reguleringsarbeidet som vert finansiert over prosjektet.***

Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret sluttar seg til skisseprosjektet frå byggjenemnda, jfr rapport av 27.10.18. Kommunestyret vedtek å gå vidare med prosjektet innanfor kostnads- og arealrammene i skisseprosjektet.
2. Administrasjonen vurderer bygselskontraktene si avtaletid og ev moglegheitene for å løyse ut grunn på eigedomane som det skal byggjast på.
3. Byggjenemnda vert bedt om å utgreie prosjektet vidare med avklaring av entrepriseform og klargjere for byggjesøknad og anbudsutlegging av bygg og infrastruktur. Byggjenemnda knyter til seg relevante brukarinteresser og nødvendig ekstern kompetanse.
4. Med atterhald om ev uføresette forhold legg kommunestyret følgjande framdrift til grunn:
 - Oppstart av reguleringsprosess i mars 2019.
 - Vedtak om entrepriseform innan 1. juni 2019.
 - Utlysning av konkurranse for samspel, eller arbeid med utarbeiding av grunnlag for utlysning av totalentreprise 3. kvartal 2019.
 - Utlysning av totalentreprise eller vidare arbeid med samspel 4. kvartal 2019.
 - Godkjenning av regulering 1. kvartal 2020
 - I løpet av 2019 og budsjett 2020 - Vedtak i kommunestyret for frigjering av økonomiske ressursar i samsvar med økonomiplanen.
 - Endeleg vedtak om oppstart 1. kvartal 2020.
 - Intensjon om byggjестart 2. kvartal 2020.
 - Tilsetjing av dagleg leiar 3. kvartal 2020
 - Intensjon om ferdig kulturhus 4. kvartal 2021.
5. Kommunestyret ber administrasjonen starte opp reguleringsprosess for å avklare nødvendige rammer og infrastruktur for bygging av kino og kulturhus i tilknytning til samfunnshuset i Volda sentrum. Det kan leigast inn ekstern kapasitet til reguleringsarbeidet som vert finansiert over prosjektet.

Vedleggsliste:

Skisseprosjekt frå byggjenemnda, datert 29.10.18

Notat frå byggjenemnda (vurdering av innspel), datert 12.12.18

Tilleggsutgreiing frå Nordplan av 15.01.19 vidaresendt frå leiaren i byggjenemnda 16.01.18.

E-post frå XPRO v/ Hofseth av 15.01.19 og 21.01.19 til Mulvik AS v/ Ottar Skare – vidaresendt hit via leiar i byggjenemnda i e-post 22.01.19.

Innspel frå Kolbein Halkjelsvik sendt på e-post 08.01.19.

Innspel frå Kolbein Halkjelsvik sendt på e-post 27.11.18

Uttale frå ungdomsrådet

Uprenta saksvedlegg:**SAMANDRAG AV SAKA**

Ettersom kino og kulturhus vart vedteke innarbeidd i budsjett 2019 og økonomiplanen 2019 – 2022, vert prosjektet no følgt opp vidare i eiga sak med vidare mandat til byggjenemnda. Dette handlar om å føre prosjektet vidare for endelege avklaringar for å kunne leggje prosjektet ut på anbod.

Volda kommune har lagt opp til eit svært ambisiøst investeringsprogram i økonomiplanperioden. Parallelt med at desse prosjekta vert planlagt, må kommunestyret gjere tiltak for å frigjere handlingsrom for å forrente kapitalkostnaden med den gjelda desse investeringane vil generere. Det endelege oppstartsvedtaket for bygging av kulturhus vil vere avhengig av dette.

SAKSOPPLYSNINGAR/FAKTA**Skisseprosjektet**

Kommunestyret ga byggjenemnda i mandat å utarbeide romprogram og skisseprosjekt for kino og kulturhus i tilknytning til samfunnshuset innan 01.11.18, jfr møte 22.03.18 (sak 38/18).

Byggjenemnda har gjennomført oppdraget i samsvar med mandatet og fristen. Skisseprosjektet omhandlar m.a:

- To kinosalar
- Kultursal
- Bibliotek som går over i foaje/felles vringleareal (ev arrangementareal)
- Ungdomsklubb
- Møtesal/kommunestyresal/seremonirom

Byggjenemnda kommenterer at løysinga opnar for kafe/serveringsareal dersom det er ynskeleg å etablere.

Skisseprosjektet inneheld samla areal på 4 490 m² BRA, der 3 110 m² BRA er nybygt areal og 1 380 m² BRA er ombygt areal. Med bakgrunn i referanseprosjekt er prosjektkostnaden

kalkulert til kr 185 435 000 inkl mva. I kalkyla er det teke med infrastruktur og utomhusarbeid til sjølve kino og kulturhuset med parkeringsplassar nordaust for bygget. Det er lagt til grunn sambruk av parkeringsplassar med rådhuset. Det er vidare vist ei skisse for parkeringsplassar på plan eller med lokk mellom rådhuset og legesenteret. Dette låg ikkje i mandatet og er berre vist som ei skisse.

Det vert synt til skisseprosjektet frå byggjenemnda som ligg ved. Dokumentet viser at nemnda har hatt ein grundig prosess. Dei byggjer forslaget på referanseprosjekt og referanse til ekstern ekspertise. Nemnda har involvert interesser i lokalsamfunnet, hatt ein open prosess og arrangert folkemøte. Byggjenemnda har halde formannskapet orientert, og i siste orientering 18.09.18 før framlegging av endeleg rapport, ga formannskapet si tilslutning av til prosjektet med mindre kommentarar.

For nærare orientering om prosjektet vert det synt til rapporten frå byggjenemnda av 27.10.18.

Kommunen organiserer store byggjeprosjekt via byggjenemnda og eigedomsavdelinga. Det er slik at rådmannen eller formannskapet kan lyfte prosjekt ut av dette systemet fordi om det kjem inn innspel frå innbyggjarar som har eit anna syn.

Innbyggjar Kolbein Halkjelsvik har gjennom to skriv sendt kritiske merknader til byggjenemnda sitt skisseprosjekt. Byggjenemnda har svara opp det første skrivet frå Halkjelsvik i eit tilleggsnotat. Når det gjeld det siste skrivet så har Nordplan kome med ei tilleggsutgreiing. XPRO har utfordra Mulvik i høve den uttalen som Halkjelsvik referer Ottar Skare på. Alle desse dokumenta ligg ved saka.

Dersom kommunestyret vil utvide mandatet og få vurdert riving av samfunnshuset og eit anna konsept, så står ein fritt til å gjere det og gi eit nytt mandat til byggjenemnda. Med grunnlag i byggt teknisk ekspertise sine faglege vurderingar som byggjenemnda har brukt i prosessen, bør det ikkje vere grunnlag for det. Samtidig er det brukt ressursar på samfunnshuset med sikte på at det skal ha ein funksjon i framtida.

Det er viktig at gjere merksam på at ei ev prosjekteringsgruppe eller prosessen i ei ev samspelsfase vil gjere nærare avklaringar av byggt tekniske og grunnforhold med sikte på den detaljerte planlegginga, slik at det er først i denne fasen ein låser opp løysingane.

Regulering

Før ein kan starte bygging av kino og kulturhus og ombygging av samfunnshuset må det gjennomførast ei detaljregulering av området. Gjeldande plan er gammal og lite detaljert. Reguleringsplanen må avklare nye arealformål, byggjehøgder, byggjegranser, parkeringsløysing, vegsystem/trafikkale forhold mv.

Eigedomsforhold

Det nye kino- og kulturhuset er planlagt plassert i tilknytning til det eksisterande samfunnshuset (gnr.19 bnr 503 fnr 13) samt ved å nytte dei tre omkringliggjande eigedomane mot nord, vest og nord/vest. Dette er eigedom med gnr.19 bnr.503 fnr.17, gnr 19 bnr.503 fnr.11 og gnr 19 bnr 822. Tomtene Gnr.19 bnr 503 fnr 13, 17 og 11 er alle bygsla, mens tomt gnr 19 bnr 822 er eigd av kommunen.

Økonomi

Investering

I skisseprosjektet er det gjort ei kalkyle på kr 185 435 000 inkl mva. Det er i tillegg kalkulert opsjonar på kr 4 100 000 inkl mva (Tillegg tak kr 800 000, 14 meter takhøgde kr 1 000 000 og heve-/senkescene kr 2 300 000).

Endeleg kostnader vil avhenge av avklaringar i den vidare prosessen og det prosjektet som vert lagt ut på anbod, og til slutt anbodsprisane. Basert på kalkylen på 185,4 mill vil kapitalkostnadene utgjere ca kr 7 -8 mill i året under føresetnad av full kompensasjon for meirverdiavgifta. Ev tilskot vil redusere lånebehovet.

Prosjektet vil kunne oppnå spelemidlar og tilskot frå fylkeskommunen (regionale utviklingsmidlar).

Det er ikkje mogleg å seie noko nærare om investeringskostnad og finansiering før ein har kome lenger i prosjektet og fått fram prisar og grunnlag for moglege tilskot. Bruken av bygget vil styre kor mykje mykje av merverdiavgifta som vert kompensert.

Drifta

Det er ei utfordring at ein ikkje har ein ekstern partner som kan nytte kultursalen i delar av driftstida. Det har ikkje lykkast å få til ein slik modell i Volda, og dermed har ein landa på at skal ein få til kulturhus, så må Volda kommune stå for utbygging og ta ansvar for drifta.

Det vert viktig å bruke huset til formål som gir maksimal kompensasjon for meirverdiavgift. Bruk til kommunen sine egne formål gir kompensasjon. Bruk knytt til aktivitet som kjem innunder lov om refusjon for meirverdiavgift/meirverdiavgiftsplikt gir refusjon. Dette må utgreiast nærare og det må setjast opp driftsbudsjett før ein gjer endeleg vedtak om bygging. Dette vil uansett måtte basere seg på grove overslag ettersom ein ikkje får konkretisert dette før ein har fått inn dagleg leiar som har lagt ein forretningsplan som fyller huset med aktivitet.

Organisering

Bortsett frå kinodelen og bibliotekdelen har Volda kommune i dag ikkje ein kulturorganisasjon som kan arbeide med konsept på innhald og drift av kulturhus. I organisasjonsplanen til nye Volda frå 1. januar 2020 vil det verte ein eigen kulturleiar som får kultur som sitt ansvarsområde. I regionen er det vanleg at drifta av kino og kulturhuset ligg under den kommunale administrasjonen (som td Ørsta, Herøy og Ulstein). Drifta av kulturhuset må sjåast på som forretningsmessig verksemd med behov for særskilt kompetanse. I god tid før ferdigstilling av bygget bør det tilsetjast ein dagleg leiar for kulturhuset som brukar tida i byggjeperioden på å ha bruksplan og driftskonsept med leigeavtalar og avtalar om arrangement klart til opning av bygget. Avtalar om arrangement bør vere gjort ca 1 år i forvegen.

VURDERING OG KONKLUSJON

Kultur sett i eit samfunnsutviklingsperspektiv – lokal og nasjonal politikk

Byggenemnda kommenterer m.a følgjande i sin rapport:

«Utgangspunktet vårt er at Volda kommune er ein stor arbeidsplass og verskommune for viktige institusjonar som sjukehus, høgskule og eit allsidig privat næringsliv. Vi ønsker

mange innbyggjarar, bulyst og trivsel, og vi veit at det skal rekrutterast mange fagfolk og studantar framover. Konkurransen både frå nærliggande kommunar og landet forøvrig er stort. Da er det viktig at også kulturtilbodet er på plass.»

Samfunnsdelen i kommuneplanen har under tema busetting, Volda i regionen og Volda sentrum mål og strategiar der kino og kulturhus kan vere eit aktuelt tiltak:

Busetting

Mål:

- *Volda kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet*

Strategiar:

- *Legge til rette for næringsutvikling og vidareutvikle kompetansearbeidsplassar innanfor privat og offentleg sektor.*
- *Styrke Volda som omdøme som attraktiv bukommune i regionen.*

Mål:

- *Fleire unge skal flytte til og bli verande i Volda, og nettoinnflytting i alderen 18-30 år skal vere positivt.*

Strategiar:

- *Utvikle Volda til den beste studiebygda i landet, med stor kulturaktivitet og gode møteplassar med urbane kvalitetar i Volda sentrum.*

Volda i regionen

Mål:

- *Volda og Ørsta skal vere eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar.*

Strategiar:

- *Vidareutvikle og styrke regionale funksjonar i området, og utvikle sentrum med urbane kvalitetar.*
- *Legge til rette for at Volda og Ørsta skal vere Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk.*

Mål:

- *Styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels-, kultur- og opplevingsdestinasjon.*

Strategiar:

- *Auke attraktiviteten til Volda sentrum og realisere tiltak i samsvar med utviklingsplanen for Volda sentrum.*
- *Medverke til utvikling og marknadsføring av kultur- og opplevingstilbod.*

Volda sentrum

Mål:

- *Fleire skal bu og opphalde seg i Volda sentrum*

Strategiar:

- *Legge til rette for auka busetting, aktivitet, trivsel og liv i sentrum.*
- *Vidareutvikle og styrke viktige sentrumsfunksjonar for å sikre aktivitet i og rundt sentrum.*

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.

Regjeringa la 23. november 2018 fram si nye kulturmelding (Meld St. 8. 2018 – 19)

Kulturens kraft – kultur for framtida. Når det gjeld den nasjonale politikken for kultur vert det vist til meldinga:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-8-20182019/id2620206/sec1>

Det er ein naturleg samanheng mellom eit kommunesentrum sin attraktivitet og kva opplevingstilbod som er i sentrumet. Sosiale møteplassar og kulturelle opplevingstilbod vil vere viktig for Volda sentrum som regionalt knutepunkt og vertskommune for sjukehus og

høgskule, men også med tanke på å trekkje til seg nye arbeidsplassar og vere eit sentralt senter i ein større kommune og i regionen.

Retningsval i økonomiplanen

I økonomiplanen for 2019 – 2022 har kommunestyret lagt opp til ei samla investeringsramme på kr 633 mill eks mva. Renter og avdrag vil auke med ca kr 30 mill. Etter opplegget i økonomiplanen skal drifta reduserast med ca kr 40 mill i 2022. I framlegget til budsjett og økonomiplan presiserte rådmannen at det ville innebere eit retningsval for kommunestyret dersom ein går for å gjennomføre dei store investeringsprosjekta. Dette føreset hard jobbing i administrasjonen og upopulære politiske vedtak i enkeltsaker for å effektivisere og rasjonalisere drifta. Alternativet ville vere å halde fram med dagens tenestestruktur og investere berre på eit minimumsnivå.

Det er gjennom praksis i enkeltsakene ein ser om dette vert eit reelt retningsval ved at kommunestyret skaffar seg nødvendig handlingsrom for å gjennomføre investeringane. Det endelege oppstartvedtaket for bygging av kulturhus vil vere avhengig av dette.

Vidare prosess

Rådmannen vil rå til at kommunestyret sluttar seg til skisseprosjektet frå byggjenemnda, jfr rapport av 27.10.18, og at kommunen går vidare med prosjektet innanfor kostnads- og arealrammene i skisseprosjektet.

Formannskapet ber administrasjonen starte opp reguleringsprosess for å avklare nødvendige rammer og infrastruktur for bygging av kino og kulturhus i tilknytning til samfunnshuset i Volda sentrum (dette punktet vert vedteke av formannskapet og treng ikkje gå vidare i innstillinga til kommunestyret).

Administrasjonen vurderer bygselskontraktene si avtaletid og ev moglegheitene for å løyse ut grunn på eigedomane som det skal byggjast på.

Byggjenemnda får følgjande mandat vidare:

- Utreie prosjektet vidare med avklaring av entrepriseform og klargjere for byggjesøknad og anbudsutlegging av bygg og infrastruktur.
- Nemnda knyter til seg relevante brukarinteresser og nødvendig ekstern kompetanse.

Det er viktig at organiserte brukarinteresser som td. ungdomsklubben, kinosjefen og biblioteksjefen mv vert kopla på for å vere med å utforme innhaldet i høve sine behov.

Det vil verte avsett byggjeleiarressurs i administrasjonen for å bistå byggjenemnda. Kommunen har eit ambisiøst investeringsprogram, og det kan vere ein risiko for framdrifta av prosjekta å ha tilstrekkeleg kapasitet på prosjektleiing.

Det vert foreslått at ein lyser ut etter dagleg leiar for kulturhuset for tilsetting i god tid før kino og kulturhus vert ferdigstilt.

Rådmannen rår til at kommunestyret får ei orientering frå byggjenemnda før byggjenemnda gjennomfører anbudsutlysing. Når anboda ligg føre og prisane er kjende vert det lagt fram sak for kommunestyret for å ta endeleg stilling til bygging og gjennomføring.

Framdriftsplanen i rapporten frå byggjenemnda må justerast, og rådmannen foreslår slik framdrift lagt til grunn:

- Oppstart av reguleringsprosess i mars 2019.
- Vedtak om entreprisreform innan 1. juni 2019.
- Utlysing av konkurranse for samspel, eller arbeid med utarbeiding av grunnlag for utlysing av totalentreprise 3. kvartal 2019.
- Utlysing av totalentreprise eller vidare arbeid med samspel 4. kvartal 2019.
- Godkjenning av regulering 1. kvartal 2020
- I løpet av 2019 og budsjett 2020 - Vedtak i kommunestyret for frigjering av økonomiske ressursar i samsvar med økonomiplanen.
- Endeleg vedtak om oppstart 1. kvartal 2020.
- Intensjon om byggjestart 2. kvartal 2020.
- Tilsetting av dagleg leiar 3. kvartal 2020
- Intensjon om ferdig kulturhus 4. kvartal 2021.

Det kan oppstå uføresette forhold som gjer at framdriftsplanen må haldast open for justering, m.a kan det vere sannsynleg at reguleringsprosessen kan ta lenger tid.

Det har vore ein intern diskusjon rundt kva som må vere på plass for å kunne starte reguleringsprosessen. Planfagleg er det ynskeleg at prosjekterande kjem på plass før ein startar reguleringsprosessen for å avklare rammer for bygget og infrastrukturen. Dersom ein skal ha prosjekterande på plass først, må anbudsprosessen vedtakast før reguleringsarbeidet kan startast. Dette kan seinke oppstarten av reguleringsarbeidet. I tillegg vil det vere vanskeleg å få parallellitet i prosjekteringa og reguleringsprosessen og ein kan kome i ein situasjon med fleire omprosjekteringar, noko som både vil forseinke og fordyre prosjektet.

Rådmannen meiner at skisseprosjektet vert å leggje til grunn for reguleringsplanen, og at byggjenemnda og prosjektleiar får dette bearbeidd med byggjehøgder, volum, parkering og forslag til trafikkløysingar.

Framdriftsplanen ovanfor byggjer på byggjenemnda sitt forslag med litt forskyvingar. Ein må vere merksam på at ein startar opp prosjektet før reguleringsplanen er ferdig godkjent, slik at prosjektering og regulering vert parallelle aktivitetar. Dersom planføresetnadene vert endra mot slutten av planperioden, ev gjennom klagehandsaming, så vil det påføre ekstrakostnader med omprosjektering. Det er svært viktig at ein er klar over denne risikoen, og at ein er villig til å ta risikoen i prosjektgjennomføringa. Alternativet er å skyve entreprisprosessen og oppstart lenger ut i tid.

Helse og miljøkonsekvensar:

Det bør i prosjektfasen utgreie balanse mellom økonomi i prosjektet og miljøgevinstar ved utbygging og drift. Massiv tre kan vere materiale som kan vere aktuelle å vurdere i den samanheng.

Kulturtilbod vil vere eit helsefremjande tiltak.

Økonomiske konsekvensar:

Det er for tidleg å anslå dei økonomiske konsekvensane av prosjektet, både når det gjeld investeringa og drifta. Dette må utgreiast nærare før ein gjer endeleg vedtak om bygging.

Driftskonseptet vert det mest sentrale med tanke på økonomien på lang sikt. Dei kulturhusa som går best driftsmessig har kombinasjonsløysingar med andre samarbeidspartar, som td hotell, for å dele på driftskostnadene. Det er meir utfordrande når ein kommune skal drifte kulturhuset sjølv alle dagane i veka. Ein må finne ein bruk som i høgst mogleg grad gir full momskompensasjon, samtidig som drifta bør generere mest mogleg inntekter. Ein bør vere open på at drifta kan liggje i spennrommet mellom sjølvberande drift (svært optimistisk syn) til at det representere ei årleg netto utgift på kommunen på kr 1 – 2 millionar.

Kapitalutgiftene vil vere avhengig av endeleg netto byggjekostnad og renteutvikling. Basert på kalkylen vil det utgjere ca kr 7 - 8 mill i året. Ev tilskot vil redusere lånebehovet.

For å realisere prosjektet må det gjerast konkrete tiltak for å skape det økonomiske handlingsrommet. Dette handlar om konsekvensen av gjennomføringa av det budsjettet og økonomiplanen som er lagt der ein skal frigjere/reduksere drifta for å finansiere kapitalutgifter på 30 mill til store investeringar i komande 4-årsperiode. Ein må vere budd på svært lite handlingsrom til andre ting. Ein må leggje ein standard og nivå på tenestene som ligg under dei kommunane vi samanliknar oss med, og som vil ha vesentleg lågare lånegjeld. Som eit døme vil Ørsta i tida framover ha lågare lånegjeld og ei skuledrift som er om lag kr 10 mill lågare enn det nye Volda vil ha.

Dersom ein ikkje gjer tiltak for å redusere drifta for å forrente kapitalutgiftene som dei store investeringane i økonomiplanen vil generere, vil det kunne få alvorlege konsekvensar for tenestetilbodet og totaløkonomien samla sett. Kulturhus er ikkje eit lovfesta tiltak, og dersom kommunestyret finn at det vert for belastande å sentralisere tenestestruktur og kutte ned på standarden, så er det viktig å vere tydeleg på dette no, slik at ein ikkje bind opp ressursar til å planleggje eit kulturhus som ein ev ikkje vil byggje.

Rådmannen legg fram ei eiga sak om økonomistyring der det vert gjort framlegg om køyrereglar for å frigjere økonomiske ressursar.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen særskilte.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Byggjenemnda
Ungdomsrådet
Fellesnemnda for nye Volda
Tenesteutval for oppvekst og kultur i Volda kommune
Eigedomssjef
Økonomisjef



«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST» «POSTSTED»
»

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2018/1650	2627/2019	D11	SVK/ SUNUTN	20.02.2019

MELDING OM POLITISK VEDTAK - VOLDA CAMPUS ARENA - KOMMUNAL DELTAKING I PROSJEKT

Vi melder med dette frå at Kommunestyret den 14.02.2019, hadde føre ovannemnde som sak 7/19, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Volda kommune stiller garanti for bygging av idrettshallen Volda Campus Arena i samsvar med vedlagt finansieringsplan med ei samla budsjetttramme kr 175 300 000,- inkl. mva.*

Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune garanti til Volda Campus Arena AS for eit lån pålydande kr 95 000 000,- + 10 %. Dette vil vere kommunen sitt maksimale garantiansvar. Garantien vert gitt på slike vilkår:

- a) Garantien er ein sjølvskyldnargaranti.*
 - b) Garantien gjeld for inntil 40 år med tillegg av inntil 2 år.*
 - c) Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet.*
- 2. Volda kommune yter eit tilskot på kr 30 000 000,-. Av dette er kr 820 809,- allereie utbetalt.*

Resterande tilskot vert utbetalt mot framlagd dokumentasjon/utbetalingsplan knytt til prosjektgjennomføring.

- 3. Volda kommune forskotterer innvilga tilskot av spelemidlar frå Kulturdepartementet med ei ramme på kr 27 800 000,-.*
- 4. Volda kommune tek kostnaden med opparbeiding av teknisk anlegg og infrastruktur innanfor rammene i godkjend årsbudsjett 2019 for Volda kommune. Det vert lagt til grunn at det vert inngått avtale om bidragsdekning frå Statsbygg i samband med Mediabygget.*
- 5. Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til gjennomføringsavtale med VCA AS, revidert 30.01.2019. Signering av denne avtalen gjerast av ordførar og VCA sin styreleiar etter ev. vedtak i Kommunestyret.*
- 6. Kommunestyret godkjenner ei økonomisk ramme for leige av hall og parkeringsplassar på kr 3 800 000 eks mva pr år i 40 år. Formannskapet får*

fullmakt til å godkjenne leigeavtalen. Slik godkjenning er ein føresetnad for oppstart av prosjektet.

- 7. Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til avtale/oversikt for fordeling av drift av uteanlegg, datert 28.01.2019.*
- 8. Volda kommune stiller kommunal grunn/tomteareal vederlagsfritt til disposisjon så lenge leigeavtalen mellom VCA og VK gjeld.*
- 9. Volda kommune set av interne ressursar med eigen prosjektleiar for oppfølging av kommunen sine forpliktingar i prosjektet, og for å best mogleg ivareta kommune sine interesser i forhold til kommunen si rolle omtala i pkt. 1-8.*
- 10. Volda Campus Arena skal erstatte Voldahallen som vert stengt samtidig med opning av den nye hallen. I komande økonomiplan vert det innarbeidd riving av Voldahallen.*

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Sunniva Utnes
Volda kommune, servicekontoret

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Pål Are Vadstein
Kari Mette Sundgot
Asbjørn Moltudal
Per Ivar Kongsvik
Jørgen Vestgarden
Jarl Martin Møller

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sunniva Utnes

Arkivsak nr.: 2018/1650

Arkivkode: D11

Utvalsaksnr Utval

Møtedato

VOLDA CAMPUS ARENA - KOMMUNAL DELTAKING I PROSJEKT

Handsaming:

Ettersendte dokument på møtedagen:

-Volda Campus Arena – finansieringsplan

- Frå advokatfirmaet Øverbø Gjørtz – Merverdiavgift – Volda Campus Arena AS

Idar Flo (V) reiste spørsmål om gildskap. Han er styremedlem i Volda Campus Arena, jf. kl. § 40 og fvl. § 6. 1.1, e. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om gildskap.

Erlend Krumsvik (Uavhengig) reiste spørsmål om gildskap. Han er styremedlem i Volda Campus Arena, jf. kl. § 40 og fvl. § 6. 1.1, e. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om gildskap.

Røysting gildskap:

Idar Flo vart samrøystes kjent ugild.

Erlend Krumsvik vart samrøystes kjent ugild.

Hjalmar Eiksund (V) tok sete for Idar Flo og Inger Tove Simmones (Krf) tok sete for Erlend Krumsvik.

Det var 26 røysteføre.

Volda Campus Arena ved Arild Bakke og Johnny Kragset orienterte og svarte på spørsmål om saka.

Rådmann Rune Sjurgard orienterte om saka.

Anders Egil Straume (Krf) bad om punktvis røysting, og fremmar å stryke punkt 1d og 11.

Odd A. Folkestad (Frp) bad om prøverøysting.

Prøverøysting:

Det vart prøverøysta over punkt 1 med bokstav a til c. Punkt 1 med bakstav a til c vart samrøystes vedteke i prøverøystinga.

Det vart prøverøysta over punkt 1d. Det var 18 røyster for å stryke punkt 1d i prøverøystinga.

Det vart røysta over punkt 2 til og med 10. Punkt 2 til og med 10 vart samrøystes vedteke i prøverøystinga.

Det var prøverøysta over punkt 11. Det var 18 røyster for å stryke punkt 11 i prøverøystinga.

Røysting (26 røysteføre):

Det vart røysta over punkt 1 med bokstav a til c og punkt 2-10. Tilrådinga frå formannskapet vart samrøytes vedteke.

Det vart røysta for å stryke punkt 1d og 11. Punkt 1d og 11 vart samrøystes strykt frå tilrådinga frå formannskapet.

Vedtak i kommunestyret - 14.02.2019:

- 1. Volda kommune stiller garanti for bygging av idrettshallen Volda Campus Arena i samsvar med vedlagt finansieringsplan med ei samla budsjettamme kr 175 300 000,- inkl. mva.***

Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune garanti til Volda Campus Arena AS for eit lån pålydande kr 95 000 000,- + 10 %. Dette vil vere kommunen sitt maksimale garantiansvar. Garantien vert gitt på slike vilkår:

- a) Garantien er ein sjølvskyldnargaranti.***
 - b) Garantien gjeld for inntil 40 år med tillegg av inntil 2 år.***
 - c) Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet.***
- 2. Volda kommune yter eit tilskot på kr 30 000 000,-. Av dette er kr 820 809,- allereie utbetalt.***
Resterande tilskot vert utbetalt mot framlagd dokumentasjon/utbetalingsplan knytt til prosjektgjennomføring.
 - 3. Volda kommune forskotterer innvilga tilskot av spelemidlar frå Kulturdepartementet med ei ramme på kr 27 800 000,-.***
 - 4. Volda kommune tek kostnaden med opparbeiding av teknisk anlegg og infrastruktur innanfor rammene i godkjend årsbudsjett 2019 for Volda kommune. Det vert lagt til grunn at det vert inngått avtale om bidragsdekning frå Statsbygg i samband med Mediabygget.***
 - 5. Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til gjennomføringsavtale med VCA AS, revidert 30.01.2019. Signering av denne avtalen gjerast av ordførar og VCA sin styreleiar etter ev. vedtak i Kommunestyret.***

6. *Kommunestyret godkjenner ei økonomisk ramme for leige av hall og parkeringsplassar på kr 3 800 000 eks mva pr år i 40 år. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne leigeavtalen. Slik godkjenning er ein føresetnad for oppstart av prosjektet.*
7. *Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til avtale/oversikt for fordeling av drift av uteanlegg, datert 28.01.2019.*
8. *Volda kommune stiller kommunal grunn/tomteareal vederlagsfritt til disposisjon så lengje leigeavtalen mellom VCA og VK gjeld.*
9. *Volda kommune set av interne ressursar med eigen prosjektleiar for oppfølging av kommunen sine forpliktingar i prosjektet, og for å best mogleg ivareta kommune sine interesser i forhold til kommunen si rolle omtala i pkt. 1-8.*
10. *Volda Campus Arena skal erstatte Voldahallen som vert stengt samtidig med opning av den nye hallen. I komande økonomiplan vert det innarbeidd riving av Voldahallen.*

Handsaming:

Rådmannen orienterte. Sakshandsamar Pål Are Vadstein møtte.

Rådmannen kom med følgjande endring/tillegg i andre setning punkt 6 i tilrådinga frå administrasjonen

Formannskapet *får fullmakt til å godkjenne leigeavtalen.*

Gunnar Strøm kom med slikt framlegg til nytt punkt 12:

Kommunen ber Møre og Romsdal fylkeskommune å handsame denne saka så raskt som mogleg slik at ein ikkje hindrar framdrift i prosjektet.

Odd A. Folkestad og Dan Helge Bjørneset kom med slikt framlegg:

Punkt 1 d og punkt 11 vert stroke.

Prøverøysting:

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Odd A. Folkestad og Dan Helge Bjørneset og tilrådinga frå administrasjonen punkt 1. d og punkt 11. Tilrådinga frå administrasjonen fekk fem røyster, fire røysta mot (Anders Egil Straume, Margrete Bjerkvik, Dan Helge Bjørneset og Odd A. Folkestad).

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Gunnar Strøm trekte framlegget sitt.

Tilråding i formannskapet - 05.02.2019 til kommunestyret:

1. **Volda kommune stiller garanti for bygging av idrettshallen Volda Campus Arena i samsvar med vedlagt finansieringsplan med ei samla budsjetttramme kr 175 300 000,- inkl. mva.**

Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune garanti til Volda Campus Arena AS for eit lån pålydande kr 95 000 000,- + 10 %. Dette vil vere kommunen sitt maksimale garantiansvar. Garantien vert gitt på slike vilkår:

- a) **Garantien er ein sjølvskyldnargaranti.**
 - b) **Garantien gjeld for inntil 40 år med tillegg av inntil 2 år.**
 - c) **Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet.**
 - d) **Ein føreset at det vert inngått godkjend leigeavtale mellom VCA og Møre og Romsdal Fylkeskommune.**
2. **Volda kommune yter eit tilskot på kr 30 000 000,-. Av dette er kr 820 809,- allereie utbetalt.**
Resterande tilskot vert utbetalt mot framlagd dokumentasjon/utbetalingsplan knytt til prosjektgjennomføring.
 3. **Volda kommune forskotterer innvilga tilskot av spelemidlar frå Kulturdepartementet med ei ramme på kr 27 800 000,-.**
 4. **Volda kommune tek kostnaden med opparbeiding av teknisk anlegg og infrastruktur innanfor rammene i godkjend årsbudsjett 2019 for Volda kommune. Det vert lagt til grunn at det vert inngått avtale om bidragsdekning frå Statsbygg i samband med Mediabygget.**
 5. **Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til gjennomføringsavtale med VCA AS, revidert 30.01.2019. Signering av denne avtalen gjerast av ordførar og VCA sin styreleiar etter ev. vedtak i Kommunestyret.**
 6. **Kommunestyret godkjenner ei økonomisk ramme for leige av hall og parkeringsplassar på kr 3 800 000 eks mva pr år i 40 år. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne leigeavtalen. Slik godkjenning er ein føresetnad for oppstart av prosjektet.**
 7. **Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til avtale/oversikt for fordeling av drift av uteanlegg, datert 28.01.2019.**
 8. **Volda kommune stiller kommunal grunn/tomteareal vederlagsfritt til disposisjon så lenge leigeavtalen mellom VCA og VK gjeld.**
 9. **Volda kommune set av interne ressursar med eigen prosjektleiar for oppfølging av kommunen sine forpliktingar i prosjektet, og for å best mogleg ivareta kommune sine interesser i forhold til kommunen si rolle omtala i pkt. 1-8.**

10. Volda Campus Arena skal erstatte Voldahallen som vert stengt samtidig med opning av den nye hallen. I komande økonomiplan vert det innarbeidd riving av Voldahallen.

11. Det er ein føresetnad for kommunen sitt engasjement i prosjektet at Møre og Romsdal fylkeskommune går inn som leigetakar for all sin aktivitet knytta til kroppsøving for vidaregåande skuleelevar.

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Volda kommune stiller garanti for bygging av idrettshallen Volda Campus Arena i samsvar med vedlagt finansieringsplan med ei samla budsjettramme kr 175 300 000,- inkl. mva.**

Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune garanti til Volda Campus Arena AS for eit lån pålydande kr 95 000 000,- + 10 %. Dette vil vere kommunen sitt maksimale garantiansvar. Garantien vert gitt på slike vilkår:

- a) Garantien er ein sjølvskyldnargaranti.**
 - b) Garantien gjeld for inntil 40 år med tillegg av inntil 2 år.**
 - c) Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet.**
 - d) Ein føreset at det vert inngått godkjend leigeavtale mellom VCA og Møre og Romsdal Fylkeskommune.**
- 2. Volda kommune yter eit tilskot på kr 30 000 000,-. Av dette er kr 820 809,- allereie utbetalt.**

Resterande tilskot vert utbetalt mot framlagd dokumentasjon/utbetalingsplan knytt til prosjektgjennomføring.

- 3. Volda kommune forskotterer innvilga tilskot av spelemidlar frå Kulturdepartementet med ei ramme på kr 27 800 000,-.**
- 4. Volda kommune tek kostnaden med opparbeiding av teknisk anlegg og infrastruktur innanfor rammene i godkjend årsbudsjett 2019 for Volda kommune. Det vert lagt til grunn at det vert inngått avtale om bidragsdekning frå Statsbygg i samband med Mediabygget.**
- 5. Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til gjennomføringsavtale med VCA AS, revidert 30.01.2019. Signering av denne avtalen gjerast av ordførar og VCA sin styreleiar etter ev. vedtak i Kommunestyret.**
- 6. Kommunestyret godkjenner ei økonomisk ramme for leige av hall og parkeringsplassar på kr 3 800 000 eks mva pr år i 40 år. Formannskapet godkjenner leigeavtalen. Slik godkjenning er ein føresetnad for oppstart av prosjektet.**

7. Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til avtale/oversikt for fordeling av drift av uteanlegg, datert 28.01.2019.
8. Volda kommune stiller kommunal grunn/tomteareal vederlagsfritt til disposisjon så lengje leigeavtalen mellom VCA og VK gjeld.
9. Volda kommune set av interne ressursar med eigen prosjektleiar for oppfølging av kommunen sine forpliktingar i prosjektet, og for å best mogleg ivareta kommune sine interesser i forhold til kommunen si rolle omtala i pkt. 1-8.
10. Volda Campus Arena skal erstatte Voldahallen som vert stengt samtidig med opning av den nye hallen. I komande økonomiplan vert det innarbeidd riving av Voldahallen.
11. Det er ein føresetnad for kommunen sitt engasjement i prosjektet at Møre og Romsdal fylkeskommune går inn som leigetakar for all sin aktivitet knytta til kroppøving for vidaregåande skuleelevar.

Vedleggsliste:

- **Søknad om kommunalt bidrag frå VCA, som inneheld desse vedlegga:**
 - Teikningsmateriale frå idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning.
 - Teikning av klatrehall frå førehandsgodkjenning 15.01.2019.
 - Kulturdepartementet, vedtak med tilleggsløyving for auka takhøgde m.m. (20.12.18).
 - Vedtekter Volda Campus Arena AS.
 - Finansieringsplan.
 - Forslag til gjennomføringsavtale, revidert 30.01.2019.
 - Utkast til leigeavtale (denne kjem som eiga sak for Formannskapet og ligg ved til Kommunestyret berre til orientering).
 - Situasjonsplan for prosjekt.
 - Organisasjonsplan.
 - Forna vedtak av Volda kommune om idrettsfunksjonell godkjenning (14.11.18 og 15.01.19).
- Forslag til oversikt/avtale for fordeling av drift av uteområde, datert 28.01.2019.
- Brev datert 21.01.2019, frå Volda kommune til VCA AS, med framstilling av vilkår før ny konkurranseutlysning.
- Svarbrev frå VCA, datert 29.09.2019.

Samandrag av saka:

Volda Campus Arena AS planlegg bygging av fleirbrukshall ved Joplassvegen i Volda sentrum. Realisering av prosjektet er avhengig av ein samarbeidsmodell som involverer svært stor offentleg deltaking. Volda kommune vil medverke tungt økonomisk i prosjektet.

Gjennom kommunal lånegaranti er det Volda kommune som har den økonomiske risikoen for prosjektet.

Volda kommune er saman med Møre og Romsdal fylkeskommune langsiktig leigetakar i bygget.

Så stor grad av involvering medfører behov for at kommunen tek ei aktiv rolle i gjennomføring av samla prosjekt frå oppstart til ferdigstilling. Etter planen vert det byggestart våren 2019 med ferdigstilling av prosjekt sommaren 2020.

Prosjektet vart lyst ut på anbod før nyttår, men anbodskonkurransen vart avlyst som følge av feil. VCA AS planlegg å lyse ut prosjektet på nytt i veke 5. Selskapet har bedt kommunen og fylkeskommunen godkjenne sitt engasjement i prosjektet før anbodshandsaminga. Kommunen og fylkeskommunen sitt vedtak om økonomisk engasjement må då baserast på VCA AS sine budsjettprisar, og VCA AS må vere budd på å ha opsjonar for å kunne redusere prosjektet dersom anbudsprisane vert høgare enn budsjettprisane som Volda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune baserer sine vedtak på.

Saksopplysningar/fakta:

VCA AS sin søknad om kommunal garanti med tilhøyrande vedlegg, dannar underlag for opplysningar i denne saka. Det har fram til no vore eit tett samarbeid mellom administrasjonen i Volda kommune og styret i VCA AS, der det i fellesskap har vorte lagt ned omfattande arbeid med avtalar knytt til gjennomføring, leige og drift. I tillegg har Volda kommune vore involvert i funksjonsbeskriving av infrastruktur/teknisk anlegg knytt til prosjektet.

OM PROSJEKTET

Prosjektet Volda Campus Arena, også kalla VCA, inneber realisering av fleirbrukshall med tilhøyrande fasilitetar ved Joplassevegen, på området mellom E39 og Berte Kanutte-bygget til Høgskulen i Volda. Prosjektet har sitt utspring frå det lokale handball- og volleyballmiljøet i Volda. Volda Campus Arena AS er eigd av Volda Handballklubb og KFUM Volda 50/50.

Viser elles til søknad frå Volda Campus Arena AS, vedlagt denne saka.

VCA AS er byggherre for Volda Campus Arena, og fleirbrukshallen er såleis å rekne for eit privat tiltak. For å kunne gjennomføre prosjektet, er ein likevel avhengig av offentleg deltaking og samarbeid. Innhald og omfang i forhold til korleis det offentlege er involvert i prosjektet er gjort nærare greie for i dette saksdokumentet.

Prosjektet skal gjennomførast etter entreprisemodellen «totalentreprise», der totalentreprenør står for vidare detaljprosjektering og gjennomføring av prosjektet. Alle rådgivarar, entreprenørar og leverandørar i prosjektet vil vere underlagt totalentreprenør. Både VCA og Volda kommune vil ha tett dialog med totalentreprenør i alle fasar av prosjektet, frå kontraktssigining til overlevering av ferdig anlegg.

I prosjektet skal VCA leige inn ekstern profesjonell byggeleiar som ivaretek krava til kvalitet, framdrift, HMS osv. Byggeleiaren vil føre dagleg tilsyn på byggeplass, halde byggemøter og

vere bindeleddet mellom byggherre/oppdragsgivar og totalentreprenør. Kostnader til inneleige av slik ressurs er teke med under samla finansieringsplan.

VOLDA KOMMUNE SI ROLLE I PROSJEKT

Realisering av prosjektet vil innebere omfattande prosjektdeltaking frå VK. Dette ved å stille økonomisk risiko for samla budsjetttramme. Vidare ved å yte tilskot, og dessutan ta kostnadsansvar for opparbeiding av naudsynt infrastruktur og teknisk anlegg. I tillegg inneber deltakinga forskottering av innvilga spelemidlar. Kommunen vil også forplikte seg til framtidig leigeavtale av bygget (inkl. parkeringsplassar i parkeringskjellar). Etter ferdigstilling vil kommunen ta ansvar for ein del av framtidig drift av utomhusanlegget. VK stiller også kommunal grunn til disposisjon i perioden godkjend leigeavtale mellom VCA og VK gjeld.

Kommunen vil vere eigar av utvendig parkeringsplass nord for bygget.

Sjølv om det er VCA AS som er formell byggherre i samla prosjekt, så skal utomhusarbeidet fakturerast direkte til Volda kommune. I denne samanheng inneber utomhusarbeidet all infrastruktur og utvendig teknisk anlegg i prosjekt. Dette gjeld t.d. etablering vegar, plassar, grøntanlegg, vatn og avløp, utvendige installasjonar, omlegging av Djupegrova m.m. Volda kommune vert oppdragsgivar og fakturamottakar for denne type arbeid, sjølv om det er VCA som er formell byggherre og fungerer som kontraktspart overfor entreprenøren.

GJENNOMFØRINGSAVTALE

Gjennomføringsavtalen har som føremål å avklare ansvarsforhold i prosjektet både før, under og etter gjennomføring av prosjekt. Den skal sikre føreseieleg økonomi i prosjektet, og den skal syte for kvalitet på det som vert levert. Det er svært viktig for både VCA og VK å sikre at ein har sams forståing for sine roller og forventningar i prosjekt. Denne avtalen er eit sentralt styringsdokument for partane i forhold til å opptre profesjonelt overfor kvarandre, noko som vil vere viktig for å oppnå eit vellukka sluttprodukt.

LEIGEAVTALE

Ein avgjerande faktor for realisering av prosjekt mtp. totaløkonomien, er å sikre føreseielege og langsiktige leigeavtalar for å ivareta utgifter i driftsfasen etter at idrettsanlegget står ferdig. Volda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune, vil verte dei viktigaste og største leigetakarane ved å bruke hallen som arena for kroppsundervisning i sine skular.

I utarbeiding av leigeavtalen har det vore dialog med aktuelle brukargrupper og potensielle framtidig leigetakarar. Ein gjer merksam på at enkelte detaljar enno ikkje er avklart med korkje kommunen, fylkeskommunen eller idrottslaga. Dette omhandlar korleis ein definerer kva som skal vere eige utstyr for den einskilde brukar og kva som skal vere fellesutstyr. Dette vil nok uansett falle på plass naturleg etter ei nærare kartlegging etterkvart. Vidare har ein ikkje avklart endeleg fordeling av treningstid i enkelte av romma, men dette skal normalt også la seg ordne utan store vanskar, sjølvsagt etter nærare dialog med brukargruppene.

Når det gjeld organiseringa av utleige til andre idrottslag på kveldstid, må Volda kommune vere formell utleigar av dette p.g.a. mva-kompensasjon. Dette gjeld også klatrehallen. I

røynda kan dette løysast ved at VCA står for den praktiske organiseringa, drifta og styring av tider etter nærare avtale.

Utkast til leigeavtale ligg ved til orientering. Dokumentet er omfattande, og ein treng litt meir tid til å gå gjennom dette og avstemme i høve fylkeskommunen. Formannskapet får leigeavtalen til godkjenning seinare.

ANSVARSFORDELING DRIFT

Planteikninga «Ansvarsfordeling drift» datert 28.01.2019 viser korleis driftsansvaret for uteområdet er tenkt fordelt mellom Volda kommune og VCA AS etter ferdigstilling av prosjekt.

Volda kommune tek ansvar for å drifte Joplassvegen og utvendig parkeringsplass. I tillegg vil drift av installasjonar knytt til vass- og avløpsanlegg vert lagt til kommunen. Resterande areal er foreslått vert drifta av VCA ved eigen driftsoperatør, dagleg leiar e.l. I dette inngår t.d. skjøtsel av park- og grøntanlegg og drift av internvegar og plassar m.m. Løns-/driftskostnader er lagt inn i driftsbudsjettet til VCA AS og inngår i kostnadsgrunnlaget for utrekning av leige på leigetakarane.

Slik kommunalteknisk avdeling organiserer brøyting i dag, så vert det nytta ulike maskiner alt etter kva type veg og areal som skal brøytast. Kommunale vegar i og ved Volda sentrum vert i dag brøyt av interne ressursar. For brøyting av kommunale parkeringsplasser leiger kommunen eksterne aktørar. Det må i den samanheng opplysast om at på generelt grunnlag kan auka omfang i driftsoppgåver få konsekvensar i form at behov for eit større driftsbudsjett i framtidige kommunale årsbudsjett. Dette må teknisk løyse gjennom omprioritering og effektivisering.

FINANSIERINGSPLAN

Vedlagt søknad til Volda Campus Arena AS gjer greie for finansieringsplan av prosjekt. Som det framgår av denne planen så er samla investeringskostnad på kr 175,3 mill., der Volda kommune forpliktar seg til å ta kr 42 mill. av denne kostnaden. Ein gjer merksam på at denne summen kan verte endra etter at innkomne tilbod i anbodskonkurransen ligg føre, og kommunen sin andel av infrastrukturen vert å løyse innanfor godkjent budsjett.

Resterande kostnader vert finansiert ved spelemidlar, eigenkapital og lån. Volda kommune forpliktar seg i tillegg til å stille økonomisk garanti for samla kostnader.

Ein del av infrastrukturen vert bygd for både idrettshallen, nytt mediabygg til Statsbygg, og dessutan framtidig symjehall til Volda kommune. For dei arbeida som fungerer som fellesanlegg og felles framføringar for alle desse tre anlegga, vil det vere naturleg at det vert gjort ei kostnadsfordeling mellom både kommunen, VCA AS og Statsbygg. Dette er det oppretta dialog med partane om, og alle er innstilt på å ta sin del av kostnaden. Pr. i dag har vi ikkje nok underlag til å kunne inngå ein formell avtale om kostnadsfordeling, men dette er venta å kome på plass før igangsetjing på byggeplass. Det vert lagt vekt på ei framtidretta utbygging av infrastruktur og teknisk anlegg som tek omsyn til å kunne forsyne alle desse tre planlagde tiltaka utan å måtte gjere nye oppgraderingar ved seinare igangsetjing av aktuelle tiltak.

ATTERHALD

Prosjektet er ute på anbod, og ein må difor ta atterhald om at summene opplyst i denne saka kan verte justert etter at endeleg tilbod ligg føre.

OPSJONAR

VCA har bygd opp anbodet med ymse opsjonar, slik at det gir både VCA og Volda kommune fleksibilitet og gode alternativ dersom tilbod ikkje samsvarer med investeringsbudsjett som er lagt til grunn for kommunen sitt økonomiske engasjement i investeringsbudsjettet.

Det vil også verte innhenta tilbod på utbygging av full parkeringskjellar. Pr. i dag er det lagt opp til at 1/3 av grunnflate vert utbygd som kjellar. Resten vert bygd som plate på mark. VCA har ikkje ynskje om å ta ekstrakostnader med full utbygging av parkeringskjellar. Om kommunen derimot har behov/ynskje om det, så er dette noko som i såfall må takast inn i entreprisekontrakt. Det er høgskulen som bør ha behovet her for å leggje parkeringsplassar i grunnen og frigjere framtidig utbyggingsareal på bakkeplan. Høgskulen har vorte utfordra på å vurdere leige av 80 parkeringsplassar ved full utbygging av parkeringskjellar.

FYLKESKOMMUNEN

Det har vore godt samarbeid med fylkesadministrasjonen i planlegginga av dette prosjektet. Fylkeskommunen leiger i dag Voldahallen til kroppsøving. Dei har vurdert ulike alternativ, men administrasjonen landa på å samarbeide om Volda Campus Arena ettersom Voldahallen vert sett ut av drift og kondemnert. Overtaking av Voldahallen som ligg nærast, vil derfor ikkje vere noko alternativ for fylkeskommunen. Dersom det ikkje skjer, så vil ikkje kommunen ha fylt opp føresetnadene overfor fylkeskommunen. Fylkesadministrasjonen ser også at ein får til samfunnsutvikling med ein større hall når fleire partar samarbeider.

Kommunestyret har tidlegare sett som vilkår at kommunen sitt engasjement i idrettshallen er avhengig av at fylkeskommunen for fullt går inn i prosjektet som leigetakar.

Vurdering og konklusjon:

Volda sentrum som er vertssenter for høgskule, sjukehus og vidaregåande skule, og dei største grunnskulane i kommunen har ein idrettshall frå 70-talet som er kondemnerbar. Det er absolutt behov for ein ny idrettshall. Det er positivt at representantar frå idretten har eit slikt engasjement, og at ein får til eit så godt partnerskap mellom idretten, næringsliv, fylkeskommunen og Volda kommune. Volda kommune må ha kroppsøvingslokale til grunnskulane i sentrum. I staden for at kommunen, idretten og fylkeskommunen har løyst dette kvar for seg med små hallar, får ein til ein tidsmessig og større idrettshall i Volda sentrum.

Attraktivitet og busetjing er to av åtte hovudtema for mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel. Ein fleirbrukshall vil vere eit positivt element i lokalsamfunnet, som truleg vil stimulere til ytterlegare bulyst i Volda sentrum.

Utdrag frå kommuneplanen:

«Attraktiviteten til ein stad kan koplast til staden si evne til å trekke til seg personar eller miljø som er viktig for utviklinga av staden. Attraktiviteten til ein stad er avhengig av fleire ulike faktorar, mellom anna gode offentlege tenester, kultur og fritidstilbod, arbeidsmarknad og handels- og sørvistilbod».

«Ei viktig målsetting i vidare arbeid er å ta vare på og vidareutvikle dei positive sidene ved lokalsamfunnet, og stimulere til ny aktivitet som bidreg til bulyst og trivsel».

At Volda kommune bidreg til at prosjektet kan realiserast, ved sine økonomiske forpliktingar, kan forsvarast utifrå dei føringar som er gitt i kommuneplanen. Det er positivt at vi har private initiativtakarar som har arbeidd fram dette prosjektet til nytte for heile kommunen. Volda Campus Arena er eit prosjekt som gir tydelege signal om at det vert satsa på breiddeidrett i Volda kommune, samstundes som det viser klare ambisjonar om å endå betre tilrettelegge for at Volda kan etablere seg i øvste serienivå innan volleyball og handball. Begge desse forholda vil etter alt sannsyn på sikt styrke omdømet til kommune ytterlegare.

Hallen er også planlagd med eigen klatrehall. Volda har eit sterkt og tradisjonsrikt klatremiljø som lenge har hatt behov for meir areal til sine aktivitetar. Å legge til rette for også denne type aktivitet, vil styrke mangfaldet av aktivitetar og bruken av hallen.

Helse og miljøkonsekvensar:

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.

Realisering av fleirbrukshallen vil gi svært positive synergjar for helse og miljø i Volda. Hallen vil medverke til å gi innbyggjarane endå betre tilbod i forhold til å oppnå ein aktiv livsstil. Volda kommune er medlem av «Sunne kommuner», som arbeider for å skape lokalsamfunn som det er godt, sunt og trygt å leve i. Volda Campus Arena vil vere eit viktig tiltak for å nå slike mål.

Volda kommune vert sett på som ein aktiv kommune i folkehelsearbeid og gjer det godt på fleire folkehelsebarometer. Dette gir eit godt omdøme for kommunen, og det er viktig at kommunen held fram dette gode arbeidet.

Kommuneplanen har eit uttalt mål om at ein skal legge til rette for meir fysisk aktivitet i barnehage, skule og buområda. Volda kommune si deltaking i Volda Campus Arena vil vere ei ansvarleg oppfølging av planen innanfor dette emnet. Hallen vil også medføre at skular i kommunen får eit topp moderne anlegg til bruk for undervisning i kroppøving, noko som vil vere positivt for elevar si oppleving og trivsel i dette faget.

Økonomiske konsekvensar:

Eit vedtak om garanti vil alltid innebere ein viss risiko for økonomisk tap. Så må ein vurdere om denne risikoen er forsvarleg utifrå ev. konsekvensar ved å måtte innfri garantiforpliktinga.

Prosjektet vil innebere økonomisk risiko då kommunen garanterer med sjølvskyldnargaranti for lån på kr 95 mill., med eit maksimalt garantiansvar på kr 104,5 mill. Kommunen ber risikoen for tap i prosjektet, t.d. der den andre part ikkje er i stand til å oppfylle avtalevilkår. Ein sjølvskyldnargaranti forpliktar garantisten (i dette tilfellet Volda kommune) til å betale, straks debitor (i dette tilfellet VCA AS) mislegheld si betalingsforplikting. Dette gjeld

uavhengig av om mishaldet skuldast manglande betalingsevne eller om det skuldast manglande betalingsvilje.

Kommunen forskotterer spelemidlar innanfor ei ramme på kr 27,8 mill.

Ein legg til grunn at det vil verte ei kostnadsfordeling på teknisk anlegg mellom Volda kommune og Statsbygg, men ein kan ikkje på noverande stadium konkretisere denne fordelingsnøkkelen.

Kommunen forpliktar seg til ei årleg leige på kr 3,8 mill. I økonomiplanen er det sett av 1,8 mill i leige. Auken må innarbeidast i budsjettet for 2020 med heilårsverknad frå og med 2021. Lågare kostnad til infrastruktur vil frigjere renter og avdrag, og det vil vere ein liten gevinst på at drifta av Voldahallen vert lagt ned. Elles må ein gjere tiltak for å frigjere midlar til budsjettmessig dekning av heile leiga i komande budsjett og økonomiplan.

Volda kommune forpliktar seg til driftsansvar på delar av anlegget etter ferdigstilling av prosjekt. Dette vil gjelde innanfor både veg, vatn og avløp, og grønt-/parkanlegg. Dette må hentast inn ved omprioritering og effektivisering i sektoren.

Dersom VCA AS ikkje lenger er i stand til å ivareta drifta av hallen, er det sannsynleg at kommunen tek over eigarskapen av anlegget. Dette vil vidare få konsekvensar for årlege driftsbudsjett.

Risikoen til kommunen i prosjektet er todelt. Det eine handlar om utbygginga der ein er avhengig av god planlegging og prosjektstyring for å halde utbyggingskostnadane innanfor budsjett. Den andre risikoen er knytt til drift, og at VCA AS syt for effektiv og god drift, samt greier å sikre dei inntektene som er lagt til grunn i driftsbudsjettet. Det er ein relativt stor inntektspost som idretten skal stå for sjølve.

Prosjektet er ei tung økonomisk satsing frå Volda kommune der ein både brukar av disposisjonsfondet til tilskot, aukar driftsbudsjettet ved husleige og tek den økonomiske risikoen ved lånegaranti. Prioriteringa av dette anlegget er ein del av retningsvalet i økonomiplanen der ein satsar på større prosjekt i Volda sentrum. I økonomiplanperioden må ein gjennomføre tiltak for å frigjere ressursar/reduisere drifta for å balansere økonomien med høgare lånegjeld og auka økonomiske forpliktingar til samfunnsutvikling.

Pål-Are Vadstein
Prosjektleder v/Kommunalteknisk avd.



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Sakshandsamar for vidare oppfølging
Økonomisjefen
Ass rådmann
Oppvekstsjefen
Utviklingsjefen
Volda Campus Arena AS
Møre og Romsdal fylkeskommune

Referat frå årsmøtet i Volda Næringsforum

Onsdag 20. februar 2019, kl. 19.00 – 21.00 (Volda Turisthotell)

Oppmøte: 30 medlemmer var representert på årsmøtet.

Årsmøtesaker m/referat

1. Registrering av røysteføre og fullmakter
30 medlemmar møtte og det kom inn 11 fullmakter til styreleiar.
2. Godkjenning av innkalling og saksliste
Innkalling og saksliste godkjent utan merknader.
3. Val av ordstyrer og referent
Ordstyrar vart Hallvard Bjørneset (styreleiar), referent vart Frank Vatne.
4. Val av to representantar til å underskrive protokollen
Dan Bjørneset og Odd Martin Velsvik vart valde.
5. Årsmelding
Årsmeldinga vart lest opp av ordstyrar. Det vart knytt nokre kommentarar til denne undervegs. Grunna dagleg leiar si sjukmelding og intensivt arbeid med omstrukturering av organisasjonen, har styret og VNF sitt arbeid vore meir innoverretta enn det som var ynskjeleg og planlagt.

Det kom ikkje spørsmål til årsmeldinga, og ho vart godkjent utan merknader.

Før neste punkt på agendaen orienterte Roar Vikene kort om etableringa av ei eiga medlemsside for VNF på Facebook. Denne vil spare ein del e-postutsendingar og opne for betre kommunikasjon i medlemsmassen. Vikene har i sjukmeldingsperioden fungert som VNF sin administrative ressurs.

6. Årsrekneskap
Roar Vikene orienterte om årsrekneskapen og notane. Det vart i orienteringa lagt vekt på å synleggjere arbeidet som er lagt ned i å få oversikt og kontroll med inntekts- og kostnadssida i VNF. Vidare gjekk Roar inn på kostnadsreducerande tiltak dei siste fire månadene i 2018. Medlemskontingent vart fakturert seint i 2018, og ny kontingent for 2019 vert sendt ut snarleg etter årsmøtet.

På spørsmål om kor inntektssvikten kom i høve til 2017 er svaret i hovudsak at det har kome inn prosjektmidlar dei førre åra. Prosjektmidlar har til dømes vore knytt til prosjekt som «Mellom bygningane». Det kom ikkje inn prosjektmidlar i 2018.

Årsrekneskapen godkjent utan merknader

7. Budsjett for 2019

Roar Vikene orienterte om budsjett for 2019, og det er budsjettet med eit overskot på 65 000 kroner. Vekst i talet på medlemmar i 2019 og ein auke med 10 000 kroner i tilskotet frå Volda kommune gjer at inntektssida er lagt til 790 000 kroner. Utgiftssida er anslagsvis lagt til 725 000 kroner, og styret ser 2019 som eit mellomår der ein skal tilpasse seg ein ny driftssituasjon.

Asbjørn Moltudal (Volda kommune) orienterte kort om «kompensasjonsmidla for høgare arbeidsgivaravgift» og korleis desse midla kan bli fordelte. Om lag 1,1 mill. kroner kan disponerast av VNF etter søknad, men midla inngår ikkje i rekneskapen til VNF.

Budsjettet for 2019 vart vedteke utan merknader.

8. Fastsetjing av serviceavgift for 2019

Gjeldande serviceavgift vart samrøystes vedteken vidareført.

9. Forslag og saker frå medlemmar

Det var ingen innmelde saker i forkant av årsmøtet, og det kom ingen saker opp til diskusjon på møtet.


10. Val

Valkomiteen si innstilling vart lagt til grunn og VNF får følgjande styre det neste året. For å sikre at om lag halve styret er på val kvart år er Frank Vatne valt for 1 år.

Styreleiar	Mette Ryste, Sparebanken Møre (1 år)
Nestleiar	Lilli Røv, Globalskolen (1 år)
Styremedlem	Arne Lothe, Sparebank1 Søre Sunnmøre (2 år)
Styremedlem	Roar Vikene, Adcom Søre Sunnmøre (1 år)
Styremedlem	Jon Heltne, Spinneriet Kjøpesenter (2 år)
Styremedlem	Frank Vatne, Tussa-24 (1 år)
Styremedlem	Odd Martin Velsvik, Mesterhus (2 år)
Varamedlem	Jan Heltne, Kraftlaks
Varamedlem	John Abraham Nymark, Interoptik Nymark
Varamedlem	Karsten Olsen, SkOlsen

Årsmøtet vart avslutta klokka 20.25.

Volda, 20.02.19



Dan H. Bjørneset



Odd Martin Velsvik



Deres referanse:

Vår referanse:
201802421

Sted, Dato
Oslo, 6.2.2019

ENDRINGER I INNDELING I LENSMANNS- OG POLITISTASJONSDISTRIKTER I MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

Det vises til brev fra politimesteren i Møre og Romsdal politidistrikt av 15.1.2019 med tilrådning om endringer i politidistriktets lokale struktur, basert på forutgående lokale prosesser med involvering av kommuner og tjenestemannsorganisasjonene lokalt.

Politidirektoratet har besluttet følgende stadfesting/endringer i inndelingen i lensmanns- og politistasjonsdistrikter i Møre og Romsdal politidistrikt:

- a) Stadfesting av organiseringen av Indre Sunnmøre lensmannsdistrikt når Hornindal kommune slås sammen med Volda kommune.
- b) Halså og Surnadal lensmannsdistrikt endrer navn til Surnadal lensmannsdistrikt når Rindal kommune og dagens Halså kommune, som del av nye Heim kommune, overføres til Trøndelag politidistrikt.
- c) Stadfesting av politistasjonssjefen i Kristiansunds ansvarsområde som namsmann som følge av endringer i kommunestrukturen.
- d) Ansvar for dagens Nesset kommune overføres fra Indre Nordmøre lensmannsdistrikt til Molde politistasjonsdistrikt når Nesset kommune slås sammen med Molde og Midsund kommuner.
- e) Dekningsområdet for Indre Nordmøre lensmannsdistrikt reduseres ved at Nesset kommune slås sammen med Molde og Midsund kommuner.
- f) Ansvar for Sandøy, Haram, Skodje og Ørskog overføres fra Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt til Ålesund politistasjonsdistrikt, når disse kommunene slås sammen med Ålesund kommune til nye Ålesund kommune.
- g) Ansvar for Fjord kommune ivaretas av Ålesund politistasjonsdistrikt når Norddal og Stordal kommuner slås sammen til nye Fjord kommune.

Politidirektoratet

Post: Postboks 8051 Dep., 0031 Oslo
Besøk: Fridtjof Nansens vei 14/16

Tlf: 23 36 41 00
Faks: 23 36 42 96
E-post: politidirektoratet@politiet.no

Org. nr.: 982 531 950
Giro: 7694.05.02388
www.politi.no

- h) Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt avvikles.
- i) Eide og Fræna lensmannsdistrikt endrer navn til Hustadvika lensmannsdistrikt.
- j) Eide og Fræna lensmannskontor endrer navn til Hustadvika lensmannskontor.

Overnevnte beslutninger gir følgende organisering i følgende lensmanns-, politistasjons-, og namsmannsdistrikt:

- 1) Indre Sunnmøre lensmannsdistrikt.
Administrasjonssted vil være Volda og Ørsta lensmannskontor. Tjenestesteder er Stranda lensmannskontor, Sykkylven lensmannskontor, og Volda og Ørsta lensmannskontor.
Lensmannsdistriktet ivaretar polisiære og gjøremål for Stranda, Sykkylven, Volda og Ørsta kommuner. Sivilrettslige gjøremål for Stranda, Sykkylven, Volda, Ørsta, Ulstein, Hareid, Vanylven, Herøy og Sande kommuner ivaretas av lensmannen i Indre Sunnmøre lensmannsdistrikt.
- 2) Surnadal lensmannsdistrikt.
Administrasjonssted og tjenestested er Surnadal lensmannskontor.
Lensmannsdistriktet dekker polisiære gjøremål for Surnadal kommune. Sivilrettslige gjøremål ivaretas av politistasjonssjefen i Kristiansund.
- 3) Kristiansund politistasjonsdistrikt.
Administrasjonssted og tjenestested er Kristiansand politistasjon.
Politistasjonsdistriktet ivaretar polisiære gjøremål for Kristiansund, Averøy og Gjemnes kommuner. Sivilrettslige gjøremål for kommunene Aure, Smøla, Surnadal, Sunndal, Tingvoll, Kristiansund, Averøy og Gjemnes ivaretas av politistasjonssjefen i Kristiansund.
- 4) Molde politistasjonsdistrikt.
Administrasjonssted og tjenestested er Molde politistasjon. Politistasjonsdistriktet ivaretar polisiære gjøremål for Molde og Aukra kommuner. Sivilrettslige gjøremål for Hustadvika, Molde, Aukra, Vestnes og Rauma kommuner ivaretas av politistasjonssjefen i Molde.
- 5) Indre Nordmøre lensmannsdistrikt.
Administrasjonssted er Sunndal lensmannskontor. Tjenestesteder er Sunndal lensmannskontor og Tingvoll lensmannskontor. Lensmannsdistriktet ivaretar polisiære gjøremål for kommunene Sunndal og Tingvoll. Sivilrettslige gjøremål ivaretas av politistasjonssjefen i Kristiansund.
- 6) Ålesund politistasjonsdistrikt.
Administrasjonssted er Ålesund politistasjon. Tjenestesteder er Ålesund politistasjon og Haram lensmannskontor. Politistasjonsdistriktet ivaretar polisiære gjøremål for kommunene Ålesund, Giske, Sula og Fjord kommuner. Sivilrettslige gjøremål ivaretas av namsfogden i Ålesund.
- 7) Hustadvika lensmannsdistrikt
Administrasjonssted og tjenestested vil være Hustadvika lensmannskontor (Elnesvågen).

Lensmannsdistriktet vil ivareta polisiære gjøremål for Hustadvika kommune. Sivilrettslige gjøremål ivaretas av politistasjonssjefen i Molde.

Virkningstidspunktet settes til 1.1.2020.

Klageordning for kommuner som berøres av politidistriktets endringer i lensmanns-politistasjons- og/eller namsmannsdistrikter.

Politidirektoratets avgjørelser kan påklages til Justis- og beredskapsdepartementet i medhold av forskrift 2016-06-22-815. Klagen må fremsettes innen åtte uker fra det tidspunkt kommunen mottok underrettelse om avgjørelsen. Klagen skal sendes til Politidirektoratet.

Frist for klage på beslutningene ovenfor er 6. april 2019.

Klagen skal være skriftlig og begrunnet, og skal angi hvilke endringer i avgjørelsen som kommunen ønsker eller om kommunene ønsker avgjørelsen helt eller delvis opphevet på grunn av forhold ved saksbehandlingen.

Berørte kommuner anses opplyst om klageadgang og frist gjennom kopi av dette brevet.

Med hilsen

Håkon Skulstad
politidirektør

Berørte kommuner i Møre og Romsdal politidistrikt:

Aukra kommune
Aure kommune
Averøy kommune
Eide kommune
Fellesnemnda for nye Fjord kommune
Fellesnemnda for nye Heim kommune
Fellesnemnda for nye Hustadvika kommune
Fellesnemnda for nye Molde kommune
Fellesnemnda for nye Volda kommune
Fellesnemnda for nye Ålesund kommune
Fræna kommune
Giske kommune
Gjemnes kommune
Halsa kommune
Haram kommune
Hareid kommune
Hemne kommune
Herøy kommune
Hornindal kommune
Kristiansund kommune
Midsund kommune
Molde kommune

Neset kommune
Norddal kommune
Rauma kommune
Rindal kommune
Sande kommune
Sandøy kommune
Skodje kommune
Smøla kommune
Stordal kommune
Stranda kommune
Sula kommune
Sunndal kommune
Surnadal kommune
Sykkylven kommune
Tingvoll kommune
Ulstein kommune
Vanylven kommune
Vestnes kommune
Volda kommune
Ørskog kommune
Ørsta kommune
Ålesund kommune